



Budsjett 2020

Økonomiplan 2020-2023



Innhald

1	Føre var	5
2	Kvam herad som samfunnsutviklar	10
2.1	Visjon	10
2.2	Mål og tiltak	11
2.3	FN sine berekraftmål	17
2.4	Tenesteavtale med politiet - førebyggjande arbeid.....	20
3	Kvam herad som arbeidsgjevar	23
3.1	Organisasjonskart for Kvam herad	23
3.2	Arbeidsgjevarpolitikk.....	23
3.3	Mål og tiltak	25
3.3.1	Rekruttera og behalda arbeidskraft.....	26
3.3.2	Heiltidskultur	26
3.3.3	Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling	29
3.3.4	Sjukefråvær	30
3.3.5	Helse, miljø og tryggleik	31
3.3.6	Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering	32
4	Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer	33
4.1	Demografisk utvikling Kvam herad	35
4.2	Framlegg til statsbudsjett	39
4.3	Brutto driftsinntekter	40
4.4	Brutto driftsutgifter	43
4.5	Finansresultat.....	47
4.6	Netto driftsresultat 2020 - 2023	49
4.7	Fondsmidlar	51
4.8	Investeringar	52
4.9	Føresetnader og risikovurdering	52
5	Kvam herad som tenesteytar	57
5.1	Mål og tiltak	59
5.2	Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen	60
5.3	Finans og fellespostar	61
5.3.1	Om tenestene	61
5.3.2	Mål og tiltak.....	61
5.3.3	Økonomiske rammer	61
5.4	Styring og kontrollverksemd	62
5.4.1	Om tenestene	62
5.4.2	Mål og tiltak.....	63
5.4.3	Økonomiske rammer	64
5.5	Administrasjon	65
5.5.1	Om tenestene	65
5.5.2	Mål og tiltak.....	65
5.5.3	Økonomiske rammer	69
5.6	Barnehage	71

5.6.1	Om tenesta	71
5.6.2	Økonomiske rammer	75
5.7	Grunnskuleopplæring	76
5.7.1	Om tenesta	76
5.7.2	Mål og tiltak.....	78
5.7.3	Økonomiske rammer	80
5.8	Kommunehelse	81
5.8.1	Om tenestene	81
5.8.2	Mål og tiltak.....	84
5.8.3	Økonomiske rammer	89
5.9	Pleie og omsorg.....	90
5.9.1	Om tenestene	90
5.9.2	Mål og tiltak.....	94
5.9.3	Økonomiske rammer	101
5.10	Sosialteneste	101
	Om tenestene	101
	Mål og tiltak.....	103
5.10.1	Økonomiske rammer	104
5.11	Barnevern	106
5.11.1	Om tenestene	106
5.11.2	Mål og tiltak.....	107
5.11.3	Økonomiske rammer	109
5.12	Vatn, avlaup, avfall og renovasjon.....	110
5.12.1	Om tenestene	110
5.12.2	Mål og tiltak.....	111
5.12.3	Økonomiske rammer	113
5.13	Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø.....	114
5.13.1	Om tenestene	114
5.13.2	Mål og tiltak.....	115
5.13.3	Eining for plan og byggesak.....	118
5.13.4	Økonomiske rammer	119
5.14	Kultur.....	120
5.14.1	Om tenestene	120
5.14.2	Mål og tiltak.....	121
5.14.3	Økonomiske rammer	124
5.15	Kyrkja.....	126
5.15.1	Om tenestene	126
5.15.2	Økonomiske rammer	126
5.16	Samferdsel.....	127
5.16.1	Om tenestene	127
5.16.2	Mål og tiltak.....	127
5.16.3	Økonomiske rammer	128
5.17	Bustad	129
5.17.1	Om tenestene	129
5.17.2	Mål og tiltak.....	129
5.17.3	Økonomiske rammer	130

5.18	Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft.....	131
5.18.1	Om tenestene	131
5.18.2	Mål og tiltak.....	131
5.18.3	Økonomiske rammer	134
5.19	Brann og ulukkesvern	135
5.19.1	Om tenestene	135
5.19.2	Mål og tiltak.....	135
5.19.3	Økonomiske rammer	137
5.20	Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	138
5.20.1	Om tenestene	138
5.20.2	Økonomiske rammer	138
5.21	Sosiale utgifter	139
5.22	Avskrivningar	142
5.23	Driftsprosjekt.....	143
5.24	Fellestema: Kommunale bygg	144
5.24.1	Om temaet	144
5.24.2	Mål og tiltak.....	144
6	Kvam herad – Budsjett og økonomiplan	146
6.1	Hovudoversikt - drift.....	147
6.1.1	Budsjettskjema 1A	150
6.1.2	Budsjettskjema 1B	151
6.2	Hovudoversikt – investering	152
6.2.1	Budsjettskjema 2 A	154
6.2.2	Budsjettskjema 2B	155
7	Framlegg til budsjettvedtak.....	157
8	Vedleggoversikt.....	158

Biletet på framsida er henta frå pixabay.com

1 Føre var

betre føre var enn etter snar det
er betre å bu seg vel på førehand
enn å prøve å bøte på noko
etterpå

Utklippet ovanfor er henta på nynorskordboka¹. Føre var-prinsippet, seier noko om korleis me skal handtera manglande kunnskap og vitskapleg uvisse.

Ein kan verta både skremd og overvelda når ein tenkjer på kva omfang av utfordringar og farar ein kommune står ovanfor. Kommunen produserer eit stort mangfald av tenester og mangfaldet i kva som skal passast på i dei ulike tenestene, kan gangast opp mange gonger. Rådmannen er glad for å ha kompetente og engasjerte medarbeidarar som tenkjer og arbeider førebyggjande for å gje innbyggjarar og besøkjande i Kvam eit trygt og godt lokalsamfunn.

I rolla som samfunnsutviklar har Kvam herad fokus på utvikling og å sjå framover. Fleire av måla i hovudstrategien omhandlar førebyggjande arbeid og tryggleik. Eit av måla under strategien "Livskvalitet" er at "Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare".

Det er gjerne eit paradoks å vera førebudd på hendingar som ein ikkje ventar skal skje. Måten kommunen arbeider med problemstillinga, er å gjennomføra risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS). Ved å kartleggja kva som kan skje, kan me i alle fall redusera på omfanget av uventa hendingar. Me kan vidare vurdere konsekvensane viss noko skulle skje, og kva sannsynet er for at dei skal inntreffa. Kvam herad har i seinare år brukt mykje ressursar på å få på plass ROS-analysar og beredskapsplanar, og fått ros av fylkesmannen for det overordna arbeidet med samfunnstryggleik. Det står likevel mykje arbeid att når det gjeld å gjennomføra ROS-analysar for tenesteproduksjon og medarbeidarar i resten av organisasjonen. I 2019 har kommunen teke i bruk modul for ROS-analysar i kvalitetssystemet til kommunen, og gjeve leiarar opplæring i gjennomføring av desse.

Eit anna moment i det førebyggjande arbeidet som kan vera eit paradoks, er at rådmannen ynskjer seg fleire avviksrapporteringar. Me kan endeleg sjå på eit avvik som feil me ynskjer å sleppa, men dei er ei viktig kjelda til forbetringar og for å unngå fleire og/eller større avvik. Å få fram og handsama avvik er difor noko som organisasjonen vil arbeida vidare med dei komande åra òg.

Å bruka mykje ressursar på å kartleggja ei mengd med usannsynlege hendingar, kan synast unødvendig. Men kartlegginga kan òg medverka til at me får kunnskap om korleis me betre kan nytta knappe ressursar. Å omtala 875 millionar kroner som knappe ressursar kjem nok i kategorien "i-landsproblem". Dei budsjetterte driftsinntektene til kommunen aukar med ein liten prosent i høve 2019. Kvam herad er ein "låginntektskommune", som har lågare skatteinntekter enn landet elles. Men kommunen er òg ein kraftkommune, noko som medfører kommunen har mellom 40-60 millionar kroner ekstra å bruka til tenesteproduksjonen. Dei ekstra inntektene har mellom anna vorte brukt på kommunen si satsing på førebyggjande arbeid, tidleg innsats og investeringar. Blant anna starta oppveksteininga på eit stort endringsarbeid for om lag 7 år sidan. Etter fleire år med spesialundervisning på opp mot 16 %, endra kommunen til m.a. støttesystem og tilpassa

¹

https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=snar&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok=begge

undervisning i klasserom. Spesialundervisninga vart halvert. Dette var likevel berre starten på omlegginga frå spesialundervisning til tidleg innsats og lågterskeltilbod.

I den nye stortingsmeldinga (nr. 6) "Tett på - tidleg innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO", vert samhandlinga og samordninga i Kvam trekt fram som eksempel:

2019–2020

Meld. St. 6

81

Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO

Boks 6.2 Samhandling og samordning i Kvam kommune

For å bidra til bedre samhandling mellom tjenestene til barn og unge, har Kvam kommune etablert Kvam familie- og læringssenter. Følgende tjenester er samordnet og under samme tak:

- administrasjon av helsestasjon og skolehelse-tjeneste
- fysioterapi for barn og unge
- familiesenter med psykolog, familieterapeut og utekontakt
- PP-tjenesten, inkludert logoped
- barneverntjeneste
- administrasjon for barnehage og skole

Visjonen til Kvam familie- og læringssenter er «Heilskapleg blick – felles ansvar». Visjonen setter barna og deres familier i sentrum, og barns medvirkning er sentralt. Tjenestene følger sine lovverk og utfører sine kjerneoppgaver som tidligere, men de legger mye større vekt på at barn og ungdom er en del av en større helhet.

Når tjenestene er bedre samordnet, kan kommunen lettere yte rett hjelp til rett tid på rett plass. Senteret skal først og fremst ha en forebyggende funksjon. Den tverrfaglige innsatsen skal ha et tydelig familieperspektiv.

Alle barn, unge og familier i Kvam kommune er målgruppene for det nye senteret. Likevel

retter senteret særlig oppmerksomhet mot barn og unge opp til 23 år som på ulike måter har det vanskelig: lærevansker, atferdsvansker, psykiske plager, nedsatt funksjonsevne eller langvarig sykdom, eller utrygge oppvekstvilkår.

Kvam kommune har blant annet satt sammen et tverrfaglig ungdomsteam, laget en plan for introduksjon av flerspråklige barn og unge, utarbeidet en veileder for forebygging og oppfølging av skolefravær og etablert konsultasjonsteam for vold og overgrep. For å kunne gi tilbud om hjelp til flere så tidlig som mulig har kommunen blant annet endret stillinger og etablert lavterskel veiledningstilbud til familier og psykologtilbud. De tverrfaglige tjenestene er tettere på barnehage og skole og gir systematisk kompetanseheving innenfor temaer som seksuelle overgrep, «barn er ikke vanskelige – de har det vanskelig», psykologisk førstehjelp, når barnets læringstilgjengelighet er redusert, m.m. Både barnehage og skole gir tidlig hjelp via egne interne støttesystemer. Det er også etablert samarbeid mellom ulike kommunale enheter og frivillige lag i arbeidet mot barnefattigdom. Dette samarbeidet inkluderer ferie-/fritidstilbud og kulturtilbud til målgruppen.

Rådmannen er svært glad for at innsatsen til våre medarbeidarar og prioriteringa til våre politikarar får velfortent oppmerksmd, og at me har kome så langt i dette viktige arbeidet. Det vil ikkje seia at me er i mål. Me har framleis ein del arbeid igjen, men me er på god veg med å ta dei grep som regjeringa no ynskjer kommunane skal ta. Rådmannen er likevel uroleg over at det òg på dette feltet kjem nye lovpålegg og plikter for kommunane, og at det lokale handlingsrommet forsvinn. Og mest sannsynleg utan at det følgjer statlege midlar med. Rådmannen trur at ein av årsakene til at endringsarbeidet i oppveksteininga lukkast, skuldast at eininga fekk utsett innsparingskravet, og fekk behalda ressursar ei tid til å snu om på måten eininga organiserte tenestetilbodet.

Utan at rådmannen har gjort noko omfattande feltstudie, finnest det truleg få distriktkommunar som ikkje har som mål å auka folketalet sitt. Distriktkommunar slit gjerne med fråflytting, og kjempar mot storbyar og sentralisering. Det er ikkje berre økonomiske motiv for ein kommune å få

fleire innbyggjarar, som følgje av at inntektene til kommunen aukar og det er fleire å dela dei faste utgiftene på. Vel så viktig er uheldig demografisk samansetning ("forgubbing") og mangel på arbeidskraft til å utføra kommunale oppgåver. Tal frå NAV viser at i 2018, var 18% av oss pensjonistar. I 1967 var tilsvarande tal 8%.

Kvam herad har skilt seg positivt ut i ein region med folketalsnedgang, men pilene har dei seinare åra peika svakt ned for vår kommune òg. Å oppretthalda folketal og hindra utflytting, og tiltrekke seg nye innbyggjarar, er eit krevjande og samansett arbeid som må gå kontinuerleg, og som omfattar alle einingar i kommunen. Kvam herad er den største arbeidsgjeveren, og tilbyr eit mangfald av stillingar. Kommunen er stor nok til at me har fagmiljø, og liten nok til at medarbeidarar får stor variasjon i arbeidsoppgåvene. Rådmannen gler seg over å sjå at det vert gjort godt rekrutteringsarbeid, og at me har gode søkjarar til stillingar me lyser ut. Når det gjeld det private næringslivet, har kommunen relativt lite ressursar å setja inn, men planarbeid, integreringsarbeid, støtte og midlar frå kraftfond kan medverka positivt. I nyleg vedteken kommuneplan, er det sett av areal både til næring og til attraktive bustader. Rådmannen har likevel tru på at å satsa på gode oppvekstvilkår er særleg viktig for å få unge familiar i etableringsfasen til å koma/tilbake til kommunen, og vert verande. Variert fritidstilbod, har me òg. Mange er nok tiltrekt av naturen, men kommunen har ei rekkje idrettsanlegg som er flittig i bruk, og eit rikt kulturliv, der kommunen ligg på ein 17. plass i landet på kulturindeksen. Samla er det såleis mykje som ligg til rette for at me kan få fleire til å velja ei framtid i Kvam. Ei utfordring er geografien til kommunen, og spreiding av tenestetilbod. Me ser ei intern sentralisering som legg press på infrastruktur som barnehage og skule i Norheimsund og Øystese, og ledig kapasitet i Ålvik, Tørvikbygd og Strandebarm. Det er i dei siste bygdene me har størst vekstpotensiale utan å måtte gjera nye investeringar, men pilene i folketalsutviklinga peiker så langt nedover. Dei tre bygdene har aktive grendautval, og rådmannen ynskjer dialog med desse for å sjå på om det er særskilde grep som kan gjerast for å få auka folketal og ei betre demografisk utvikling.

Kvam herad står for tida midt oppe i eit av dei største utviklingsprosjekta i seinare tid i helse- og omsorgstenesta. "Eit godt liv der me bur - tenester for framtida, meistring og deltaking". Rådmannen er svært glad for å sjå at eininga har organisert dette arbeidet som eit innovasjonsprosjekt, som arbeider godt med å tilpassa organisasjon og tenester til noverande og framtidige utfordringar. I dette prosjektet er òg dreininga til tidleg innsats og førebyggjande arbeid, sentral. Analysearbeidet som ligg til grunn for utviklingsprosjektet viser at måten og omfanget me produserer tenestene på, ikkje er bærekraftige. På grunn av den demografiske utviklinga med forholdsvis fleire eldre, vil behovet for tenester langt overstiga dei ressursane kommunen vil ha. Det er for så vidt situasjonen òg i dag. Tenestene har hatt eit innsparingskrav i mange år, som ikkje har vore mogleg å innfri. Tvert om har forbruket vore utover rammene. Innsparingskravet ligg framleis inne, men er etter dei fyrste rundane med endring av organiseringa og tenestetilbodet, delvis innfridd. Ny organisering og nye budsjettmodellar vert ikkje klare til 1.1.2020, men kjem på plass fyrst på våren. Det medfører at det er ein reell fare for at kravet til innsparingar ikkje kan innfriast det komande budsjettåret. I tillegg har eininga meldt inn behov for ekstraressursar med noverande drift på nye 4 mnok. Sjølv om rådmannen gjerne skulle tilført ekstra midlar i ein overgangsperiode, er det ikkje rom for det i drifta, og me finn det likevel ikkje rett å auka rammene til eininga no, for så å måtte ta dei ned att etter at budsjettmodellane er klare. For sjølv om kommunen har arbeidd godt med budsjett og økonomistyring, overstig driftsutgiftene inntektene i økonomiplanperioden. Driftsutgiftene ligg mellom 11-15 mnok høgare enn inntektene i perioden. Det vil seia at netto driftsresultat og forbruk av fondsmidlar ligg på mellom 9 til vel 13 mnok i underskot kvart år i perioden, noko som vil krevja nye grep for å finna tiltak som får ned utgiftene og/eller aukar inntektene.

Nokre av grepa som ligg inne i budsjettet for 2020, er eingongssatsingar, som ei kraftig, men nødvendig satsing på kompetanseløft i brannvesenet for å henta inn eit stort etterslep. Dette er stipulert til 2 mnok. Ein del driftsprosjekt ligg òg inne, på totalt 15,3 mnok, som t.d. E-taksering (4,5), tettstadutvikling i Ålvik (3) og planarbeid (1,5). Rådmannen meiner at det såleis er nødvendige satsingar i drifta i 2020, som gjev eit driftsunderskot. Men vidare i økonomiplanen aukar utgiftene til pensjon og finansutgifter, som gjer at me må henta ut andre gevinstar frå investeringar og drift for å handtera dette komande år. Til neste budsjettprosess må det såleis finnast innsparingstiltak for å få drifta i balanse igjen. Arbeidet med Lean/kontinuerleg forbetring, vert viktig i tida framover. Det ligg mange delprosjekt å ventar i det vidare arbeidet med tenesteutvikling i pleie og omsorg, og arbeidet med kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering må halda fram i resten av organisasjonen òg.

Det er ikkje store endringar i framlegg til statsbudsjett, som skil seg frå tidlegare år. Rådmannen registerer at nok ein gong, vert ein større del av utgiftene med ressurskrevjande brukarar skyvd over frå staten til kommunane. I ein kommentar til statbudsjettet, uttalar styreleiar i KS, Gunn Marit Helgesen at me treng ein diskusjon om berekraft. Sidan 2016 er det totalt 1 milliard i innstramming/reduisert overføring frå stat til kommune. "Staten rettighetsfester tjenester, men overlater i stadig større grad kostnadene til kommunene", seier Helgesen, samstundes som at kommunane sitt rom for å påverka eigne inntekter, vert stramma inn. Helgesen etterlyser ein stor og prinsipiell diskusjon om berekrafta i helse- og velferdstenestene.

Når marginane vert smalare, er det viktig å få så god oversikt som mogleg på kva som ligg av oppgåver og grep som bør gjerast. Teknisk eining har fått gjennomført mykje kartleggings- og planarbeid dei siste åra. Det står litt att, men rådmannen ser fram til å få på plass dei siste bitane i 2020. Rådmannen har vore litt fram og tilbake på om det skulle stå eit spørsmålsteikn etter tittelen på budsjettinnleiinga "Føre var?". Dette er mellom anna dessverre ut frå status på ein del av kommunen sine eigedomar, som bygg og vegar. Det er gjort ein del løft seinare år, men alt før kartlegginga av bygg, vegar og bruer vert lagt fram for politikanane, må rådmannen melda at på enkelte områder er me heller ikkje "etter snar", men ligg lengre på etterskot. Rådmannen har heller ikkje funne rom i budsjettet for 2020 til å tetta alle tak eller reparera sundkøyde vegar.

Korleis skal me finna midlar til å dekkja desse behova? Samstundes med at nokre av desse behova står udekt, er det både krav og ynskje frå stort sett alle stader i organisasjonen om meir ressursar. Våre medarbeidarar er engasjert i arbeidet sitt og vil utføra oppgåvene på best mogleg måte. Dei melder gjerne om forbetringspotensiale som kunne vore utført dersom dei fekk større rammer. Utfordringa er at kommunen ikkje kan dekkja behovet med tilføring av meir personalressursar. Me må difor løysa noverande, og ikkje minst komande oppgåver med andre verktøy. Rådmannen har peika på verktøy som digitalisering, kontinuerleg forbetring, kompetanseheving og -deling og nyskaping, men det er den enkelte medarbeider og leiar som kjenner brukar og tenesta best, og kan finna nye løysingar saman med andre, i og på tvers av avdelingar. Dersom me ikkje finn andre måter å løysa oppgåvene våre på, er rådmannen redd for at det på sikt skal gå utover den tidlege innsatsen og det førebyggjande arbeidet som me har brukt så mykje tid og ressursar på å byggja opp. Sjølv om det byrjar å koma lovkrav og plikter på desse områda òg, er dei gjerne ikkje så spesifikke på krav til utføring, og enklare å prioritera ned utan å bryta ei lov. Resultata er gjerne meir usynlege, og dermed lettare å fjerna. Me tenkjer til dømes ikkje på at arbeidet med trafikksikring i kommunen fører til at ingen born vert skadde på skuleveg, før tiltak vert fjerna og uhell skjer. Rådmannen vil såleis oppmoda alle medarbeidarar om å ta i bruk andre verktøy for å løysa oppgåvene på ein betre og meir berekraftig måte, slik at me kan ta i vare den viktige tidlege innsatsen og det førebyggjande arbeidet i

så stor grad som mogleg. Rådmannen vil òg oppmoda politikarane om å verdsetja og prioritera dette arbeidet i komande budsjett.

Kommuneøkonomar vert gjerne skulda for å ha mykje til felles med Peter, i historia om Peter og ulven. Økonomisjefen har gjerne som ein viktig del av oppgåva si å vasla om "ulv" i budsjettarbeidet. Så ordnar det seg likevel når årsrekneskapen skal gjerast opp. Men det er gjerne nettopp fordi me gjorde aktive grep for å redusera uvissa, og ikkje passivt venta på at den økonomiske smellen skulle koma. Rådmannen håpar dette gjeld for den komande økonomiplanperioden òg.

Dei mest krevjande utfordringane me står ovanfor å løysa med tidleg innsats og førebyggjande arbeid i den komande økonomiplanperioden, er nok FN sine berekraftmål. Her må me finna og gjennomføra tiltak for å stoppa klimaendringane. Administrasjonen er godt i gang med å henta inn kunnskap i bl.a. eit KS nettverk, for å redusera uvissa og finna gode tiltak som me kan gjennomføra i Kvam. Dette vert eit spennande og viktig arbeid i budsjettåret 2020. Rådmannen set stor pris på det arbeidet som allereie vert lagt ned i samband med ekstremvær, som at tilsette i teknisk eining reiser rundt og renskar sluk o.a., og arbeidet med sanering av VA-anlegg for å få betre løysingar for overvatn.

Til slutt vil rådmannen seia tusen takk til einingsleiarar, økonomimedarbeidarar og andre medarbeidarar i organisasjonen for innsatsen med budsjettarbeidet så langt, og ynskje politikarane god lesing og lykke til vidare med budsjettprosessen!

Anita Hesthamar

- rådmann -

2 Kvam herad som samfunnsutviklar

2.1 Visjon

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future. Visjonen ligg til grunn for kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her». Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

Talent - Toleranse – Trivsel – Teknologiutnyttning

Nedanfor er ei ordskey av visjonsdokumentet:



2.2 Mål og tiltak

Hovudmålet til Kvam herad er: *Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.*

Kvam må ha fokus på å vidareutvikla eige regionsenter i samspel med lokal- og nærsentra for å vera ei motvekt og eit attraktivt alternativ til sentralisering. I kommunereforma er Kvam definert som ein av dei kommunane som står "ufrivillig åleine". Dette utfordrar oss ved at etablerte samarbeid opphøyrer, men nye moglegheiter kan oppstå i nye konstallasjonar. Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å nå måla, er det valt fylgjande hovudstrategiar: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Stadutvikling <i>Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.</i>	Sentra våre skal framstå som estetisk vakre slik at det vert attraktivt å bu, vitje og etablere seg der.	Kvam herad skal aktivt bidra med vidare planlegging, sikring og opparbeiding av fellesareal i sentrumsområda. Utarbeider ny reguleringsplan for Øystese sentrum. Utarbeider ny reguleringsplan for Kvam vidaregåande skule med omkringliggjande areal i Norheimsund sentrum.
	Sentra våre skal framstå som trafiksikre og trygge for mjuke trafikkantar	Kvam herad skal fortsetja arbeidet med å planleggja, tilretteleggja og opparbeida gode gang- og sykkelvegssystem i, rundt og gjennom sentra.
	Sentra våre skal vidareutviklast med eit stort engasjement	Kvam herad skal leggja til rette for brei medverknad, med idédugnader og folkemøte, der spesielt barn og unge skal vera invitert.
	Me vil at fellesareala og infrastrukturen i tettstadane skal framstå som attraktive, tiltrekkjande og tilgjengelege	Kvam herad skal ha ansvaret for at den felles infrastrukturen vert bygd ut.

	Me vil at sentrumsområda skal vera mangfaldige og ha ei blanding av service, kontor og bustad	Kvam herad skal i si planlegging sørgja for at sentrumsområda får ein god variasjon i mellom service, kontor og bustad.
	Me vil ha trygge og gode tettstadar og lokalsamfunn	Kvam herad skal med godt og tverrfagleg ROS-arbeid driva med førebyggjande og helsefremmande arbeid for å hindra ulukker og skadar.
	Me vil ha aktive handelsentra	Det skal leggjast til rette for at det skal vera attraktivt å etablere seg med forretningar i sentrum.
	Me vil at den framtidige gjennomgangstrafikken skal gå utanom Norheimsund	Me planlegg trafikken i tunnel.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Bustad Kvam herad skal ha eit variert bustadtilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.	Me vil ha eit meir variert og godt tilgjengeleg bustadtilbod i heile kommunen.	Kvam herad skal til ei kvar tid sjå til at det er godkjente areal- og reguleringsplanar i heile kommunen.
	Me vil ha tett utnytting i sentra og spreidd i grendene.	Kvam herad skal i si planlegging følgje opp arealstrategiane for senterstruktur og utnytting av LNF-område.
	Me vil at det skal vera tilrettelagt rimelege bustadformer for førstegongsetablerarar og andre som treng hjelp og rettleiing.	Kvam herad skal bidra med god rettleiing, god utnytting av verkemidlar og god planlegging.

	Me vil at Kvam herad skal vera ein aktiv pådrivar for bustadbygginga i Kvam.	Kvam herad skal oppretta eit eige bustadkontor, som skal ha ansvaret for utbygging og rettleiing.
	Me vil at våre bustadområde skal ha attraktive uteområde, med høg kvalitet og tilgang på nærrekreasjonsområde.	Kvam herad skal sikra tilgang på gode nærmiljøområde, som er universelt utforma og tilrettelagt for alle som ynskjer å nytta dei.
	Me vil ha attraktive tomter langs med sjøen i frå Vikøy til Laupsa.	Kvam herad skal kartleggja den funksjonelle strandsona, der fortetting skal skje i noverande bebygde område og område som er egna til rekreasjon og friluftsliv skal sikrast mot utbygging.
	Me vil ha ein funksjonell og god infrastruktur inn til våre nye bustadfelt.	Kvam herad skal bidra som tilretteleggjar og pådrivar for å få på plass infrastruktur.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Infrastruktur og kommunikasjon Kvam skal ha ein trafiksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.	Me vil ha ein trygg og god veg til ein større og bu- og arbeidsmarknadsregion i og rundt Bergen.	Kvam herad skal i samsvar med sin eigen arealstrategi arbeide med å få på plass Hardangertunnelen.
	Me vil at internkommunikasjonen skal vera god i heile kommunen i frå Gravdal til Kjepso, slik at samhandlinga vert styrka.	Kvam herad skal sørgja for at godkjente reguleringsplaner for infrastrukturen vert realiserte og me skal samhandla med regionale styremakter for å få plass Fv 7, Fv 48 og Fv 49 igjennom kommunen.

	Me vil at området mellom Norheimsund og Øystese, samt tilkomsten til Sjusete skal verta betre tilgjengeleg.	Kvam herad skal i samsvar med arealstrategien for Tolomarka få på plass ny veg i kommuneplanen sin arealdel.
	Me vil at kollektivtilbodet skal verta betre internt i kommunen og til bergensregionen.	Kvam herad skal samarbeide med fylkeskommunen for å få til eit betre kollektivtilbod i Kvam og mellom Kvam og bergensregionen.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Verdiskaping gjennom samarbeid I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet	Entreprenørskap I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane som kan få fram nye idéar, nye produkt, nye verksemder og verdiskaping til beste for samfunnet.	I Kvam skal me etablera nye og ta vare på gamle møteplassar for samarbeid og nytenking.
	Møteplassar I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om og leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til beste for alle innbyggjarane.
	Frivilligheit og kommunen I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.	I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levekår og utviklar seg på eigne premisser.
	Breidde og mangfald i kulturlivet I Kvam vil me ha breidde og mangfald i kulturtilbodet.	I Kvam skal me støtte opp om lag organisasjonar, og frivillige og inkluderande tilbod som møter alle sine behov.
	Lokaldemokratiet I Kvam vil me ha ei aktiv og deltakande befolkning.	I Kvam skal me leggja til rette for at dei folkevalde har reell innflytelse på samfunnsutviklinga.

	Vidaregåande skular I Kvam vil me ha eit godt skuletilbod for ungdommar opp til 19 år.	I Kvam skal me i lag med Hordaland fylkeskommune leggja til rette for ein sentrumsnær og framtidsretta skule i Norheimsund.
	Kunnskap- og kompetansedeling i næringslivet I Kvam vil me satsa på kunnskap og kompetanse i næringslivet.	Kvam herad skal i samarbeid med næringslivet arbeida for koplingar i mellom Kvam herad, lokale verksemdar og forskingsmiljø.
	Opplevingsøkonomien I Kvam vil me få på plass heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjord, fjell og vatn.	I Kvam skal me profesjonalisera oss som opplevingskommune.

Tema/utfordring	Mål – «Slik vil me ha det»	Tiltak – «Slik gjer me det»
Livskvalitet I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleve høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.	Frivillig sektor I Kvam vil me ha frivilligheit og dugnadsinnsats som eit viktig fundament i lokalsamfunnet.	I Kvam skal me støtta opp om eldsjeler og dei som driv fram det frivillige lags- og organisasjonslivet.
	Arbeid - og aktivitetstilbod I Kvam vil me at alle skal komme seg ut i arbeid.	I Kvam skal kommunen og næringslivet samarbeide, for å få alle ut i arbeid
	Fysisk aktivitet hjå befolkninga I Kvam vil me at alle skal vere litt meir i fysisk aktivitet.	I Kvam skal alle tiltak leggjast til rette for meir fysisk aktivitet for einskildmennesket.
	Barnehage I Kvam vil me ha barnehagar som skal vera ein god arena for sosialisering, integrering og læring.	I Kvam skal det leggjast til rette for eit godt læringsmiljø som fremmar integrering og sosialisering.

	Tverrfagleg samarbeid I Kvam vil me ha eit samfunn tufta på toleranse og samarbeid	I Kvam skal me oppmuntra til og leggja til rette for møteplassar som fremjar samarbeid.
	Samfunnstryggleik Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Gjennomføra gode risiko- og sårbarheitsanalysar med gode kunnskapsgrunnlag. Kontinuerleg fokus på førebyggjande tiltak. Gjennomføra faste øvingar der offentlege og private aktørar samarbeider

2.3 FN sine berekraftsmål

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, nedkjempa ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Måla gjeld for alle land i verda. Til saman er det 17 mål, illustrert under.



Til kvart mål er det utarbeidd forklaring og delmål, sjå lenkja: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>. I Noreg er mange av måla nådd, men me har framleis mål som både er aktuelle for oss som nasjon og oss som kommune. Og sjølv om nokre av måla vert rekna for nådd, må me framleis arbeida med tema som fattigdom, likestilling, reint vatn og gode sanitærforhold. Andre mål utfordrar oss likevel meir, som ansvarleg forbruk og å stoppa klimaendringane.

I budsjettet for 2019 tok rådmannen for fyrste gong inn nokre av måla i kommunen sitt budsjett. Desse vert vidareført i budsjettet for 2020, men i løpet av det komande året ynskjer rådmannen å setja i gang ei breiare prosess med å gjennomgå alle måla, vurdere på ny kva som er mest aktuelt for vår kommune, og arbeida vidare med tiltaka. Denne prosessen ser rådmannen for seg at er naturleg å ta i samband med planstrategien for dei nye heradsstyreperioden.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
3 - God helse "Sikra god helsa og fremja livskvalitet for alle, uansett alder"	3.3) Innen 2030 stoppa epidemiane av aids, tuberkulose, malaria og neglisjerte tropiske sjukdomar samt bekjempe hepatitt,	Oppdatera smittervernplanen og gjera den kjent Ta i bruk infeksjonskontroll-program

	vassbårne og andre smittsame sjukdomar. 3.4) Innan 2030 redusera prematur dødelegheit forårsaka av ikkje-smittsame sjukdomar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremja mental helse og livskvalitet. 3.5) Styrka førebygging og behandling av misbruk, blant anna av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol. 3.6) Innan 2020 halvera talet på dødsfall og skadar i verda forårsaka av trafikkulykker.	Laga plan for helsemessig og sosial beredskap Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer» Overordna folkehelsegruppe i kommunen og deltaking i folkehelsgruppe interkommunalt og på fylkesnivå Oppdatera og følgja opp rusmiddelpolitisk handlingsplan Oppfylgjing av underskriven avtale om trafikk sikker kommune og tenesteavtale med politiet
4 - God utdanning "Sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremja moglegheit for livslang læring for alle"	4.5) Innan 2030 avskaffa kjønsskilnader i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivåer innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar. 4.7) Innan 2030 sikra at alle elevar og studentar tileigner seg den kompetanse som er nødvendig for å fremja bærekraftig utvikling, blant anna gjennom utdanning for bærekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar,	Sikre heiltids-introduksjonsprogram for flyktningar og på bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon laga karriereplan for arbeid og utdanning Ta imot lærlingar og studentar Laga kompetanseplanar

	likestilling, fremja av ein freds- og en ikkjevaldskultur, globalt borgerskap og verdsetting av kulturelt mangfold og kulturen sin medverknad til bærekraftig utvikling.	
9 – Innovasjon og infrastruktur "Byggja solid infrastruktur, fremja inkluderande og bærekraftig industrialisering og medverka til innovasjon"	9.1) Utvikla påliteleg, bærekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, herunder regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtta økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommeleg pris og likeverdig tilgang for alle. 9.4) Innen 2030 oppgradera infrastruktur og omstilla næringslivet til å verta meir bærekraftig, med ein meir effektiv bruk av ressursar og større bruk av reine og miljøvenlege teknologiformer og industriprosessar, der alle land gjer ein innsats etter eiga evne og kapasitet.	Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan Krav i kommuneplan til planlegging av infrastruktur, bygge miljøvennlege bygg og sette energikrav. Halda fram arbeidet med å sanera VA-anlegg Halda fram satsing på bruk av el-bilar som tenestebil i Kvam herad
12 – Ansvarleg forbruk og produksjon "Sikra bærekraftig forbruks- og produksjonsmønster"	12.5) Innan 2030 betydeleg redusera avfallsmengda gjennom forbod, reduksjon, gjenvinning og ombruk. 12.7) Fremja berekraftige ordningar for offentlege anskaffingar, i samsvar med	Samarbeida med BIR for å redusera, gjenvinna og ivareta resterande avfall på best mogleg måle.

	dei enkelte land sin politikk og prioriteringar. 12.b) Utvikla og innføra metodar for å overvaka konsekvensane av ein berekraftig utvikling på ei turistnæring som er berekraftig, skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.	Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan Gjennomføra tiltak i innkjøpsstrategi. Samarbeida med Visit Hardangerfjord AS, fylkeskommunen og andre partar for ei berekraftig utvikling av turistnæringa.
13 – Stoppa klimaendringane "Handla umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dei"	13.1) Styrka evna til å stå imot og tilpassa seg klimarelaterte farer og naturkatastrofar i alle land. 13.3) Styrka enkeltpersonar og institusjonar si evne til å motvirka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varslings, samt styrka kunnskapen og bevisstgjeringsen om dette.	Arbeida vidare med klimanettverk og ny energi- og klimaplan Gjennomføra ROS-analysar for ulike delar av organisasjonen Klargjera tilfluktsrom Gjennomføra beredskapsøvingar Delta i beredskapskampanjar

2.4 Tenesteavtale med politiet - førebyggjande arbeid

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som vert gjennomført i nærpolitireforma. Som del av dette arbeidet, er det inngått ein tenesteavtale mellom Kvam herad og politiet. Etter bl.a. ei spørjeundersøking blant heradsstyrerepresentantane i 2018,


vart det plukka ut nokre område som skulle ha særskilt fokus på førebyggjande arbeidi 2019. Avtalen skal reviderast i 2020, men inntil vidare er satsingsområda oppretthaldne, og er lista opp under.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Førebyggjande arbeid	- hindra mobbing og styrka psykisk helse - auka debutalder for alkohol og andre rusmiddel - hindra rekruttering til narkotikamiljøet, særskilt blant unge - lukkast med integrering av nye borgarar og motverka radikaliserings	Systematisk arbeid med fokus på venskap, trivsel og vaksne som ser i barnehagen Følgja opp handlingsplan mot mobbing i barnehagen Fylgja rutinar etter § 9a i skulen: Alle vaksne skal følgja med på at kvar elev har det trygt og godt Deltaking i nasjonalt folkehelseprogram med oppfylgjing lokalt i Kvam. Samordna ressursane i Familiesenteret. Nytt ressursen betre for fleire ved å gje gruppetilbod, undervisning og veiledning. Oppdatera og følgja opp rusmiddelpolitisk handlingsplan På bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon, og kunnskap om tilbod i kommunen, skal det utarbeidast karriereplan for arbeid og utdanning Språkpraksisplass til alle som del av kvalifiseringsprogram Gjennomføra tiltak som har fått høgast prioritet i trafikkisringsplanen

	▪ redusera trafikale farar - både fysiske farar (veg, skilt mv) og utfordringar/haldningar blant trafikantane ▪ sikra trygge heimar ved å jobba aktivt for å redusera familievald og seksuelle overgrep ▪ redusera talet på innbyggjare som kjem i økonomisk uføre pga. forbrukslån og dårleg økonomisk styring ▪ hindra vald og truslar mot tilsette i kommunen si teneste	Arbeida vidare med Kvam herad som «Trafikksikkert herad» Og trafikktryggleiken rundt kommunale skular, spesielt knytt til områder for levering og henting av born Starta rullering av trafikksikringsplanen Barneverntenesta skal føreta risikovurdering av tenesta og i kvar einskild sak. Vidareføra tverrfaglege ressursteam Tilby gjeldrådgjeving til fleire gjennom NAV Leiarar skal gjennomføra årleg risikovurdering saman med verneombod ihht. HMS-prosedyre Leiarar skal risikovurdere dagleg risiko- og obs.situasjonar etter behov. Medarbeidarar skal melde frå om behov for risikovurdering Situasjonar der tilsette er utsette for vald og truslar vert meldt til politiet
--	--	---

3 Kvam herad som arbeidsgjevar

3.1 Organisasjonskart for Kvam herad



Den overordna organiseringa består av stabseiningar og driftseiningar. Dei to største einingane er oppvekst og helse og omsorg. Totalt har Kvam herad om lag 1000 tilsette og det vert utført ca. 700 årsverk.

3.2 Arbeidsgjevarpolitikk


Arbeidsgjevarpolitikken utgjør eit felles verdigrunnlag for alle som arbeider i Kvam herad. Leiarane våre har eit særskilt ansvar, ei plikt, men også moglegheit for å påverka og nå mål saman med medarbeidarane sine. Godt leiarskap heng tett saman med godt medarbeidarskap.

Gjennom ein prosess med leiarar og tilsette er det utarbeidd ei plattform for det som skal kjenneteikna godt leiarskap og medarbeidarskap i Kvam herad.

Godt leiarskap er avgjerande for å levera gode tenester til innbyggjarane. Leiarar skal leggja til rette for meistring, innovasjon og kontinuerleg forbetring gjennom m.a. å setja mål og jakta effektar som gir verdi for brukarane.

Godt medarbeidarskap handlar om å spela kvarandre gode. Ved å utføra arbeidsoppgåvene ansvarsfullt og profesjonelt, tenkja kva som har verdi for brukaren og arbeida med kontinuerleg forbetring, vil me skapa god tenestekvalitet.

Plattformen for leiarskap og medarbeidarskap ser slik ut:



Annakvart år vert det gjennomført medarbeidarundersøkingar. Kvam herad nyttar KS si undersøking «10 faktor», som er ei forskningsbasert undersøking og eit godt verktøy for å måla faktorar som vert sett på som avgjerande for at organisasjonen skal oppnå gode resultat. Undersøkinga er gjennomført to gonger; i 2017 og 2019.

Undersøkinga er basert på 10 innsatsfaktorar som er viktige for å utvikla godt leiarskap og eit godt arbeidsmiljø. Undersøkinga er orientert både mot medarbeidar- og leiarskap og legg spesiell vekt på meistring, motivasjon og bruk av kompetanse.

Resultata frå medarbeidarundersøkinga i 2019 vert arbeidd med på arbeidsplassane gjennom eit definert oppfølgingssystem som leiarar og tillitsvalde har fått opplæring i.

3.3 Mål og tiltak


Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Medarbeidarutvikling	Tilsette har kompetanse til å utføra arbeidsoppgåvene på ein effektiv måte	Vidareutvikla kultur for kontinuerleg forbetringsarbeid gjennom å nytta Lean som system og verktøy Tilby desentraliserte studietilbod Økonomiske tilskot og tilrettelegging for kompetanseutvikling
	Lønsvilkår som gjer kommunen i stand til å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. I den samla lønns pakken inngår pensjons- og forsikringsordningar	Sjå eige avsnitt om å rekruttera og behalda arbeidskraft
	Rolle og ansvarsfordelinga i Kvam herad skal vera effektiv og tydeleg. Delegering av mynde skal vera i tråd med delegeringsreglementet i kommunen	Administrativt delegeringsreglement skal vera kjent i organisasjonen gjennom informasjon på intranett. Politisk delegeringsreglement skal reviderast i 2020, og endringar i dette kan påverka den administrative delegeringa.
	Kvam herad skal vera ein omstillingsdyktig organisasjon. Leiarar og medarbeidarar har eit medansvar for vidareutvikling av organisasjonen	Involvera tilsette sine representantar i omstillingsprosessar Gjennomføra omstillingar i tråd med kommunen si rutine for omstilling Nytta omstillingsutvalet i omstillingsprosessar Nytta KS sitt program for leiing av innovasjons- og digitaliseringsarbeid. Nytta verktøya i KS' «veggkart for tenesteinnovasjon»- eit komplett verktøy for å følgja innovasjonsprosessar frå A-Å Sjå også eige avsnitt om omstilling

3.3.1 Rekruttera og behalda arbeidskraft

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Ei av hovudutfordringane for Kvam herad er å sikra kvalifisert arbeidskraft i alle stillingar. Det inneber både nyrekruttering og å behalda den kompetansen me har i organisasjonen. Endra behov og auka krav og forventningar frå innbyggjarane pregar kommunesektoren. Framtidig mangel på arbeidskraft og knappe ressursar gjer at me må løysa oppgåvene på nye måtar.	Sikra kvalifiserte medarbeidarar i alle stillingar Kvalitet i rekrutteringsprosessar Behalda og utvikla kompetanse i organisasjonen	Bruka leiar- og medarbeiderskapsplattforma aktivt Delta på relevante rekrutteringsarenaer for kommunen Webcruiter som rekrutteringsløyising Leggja til rette for vidareutdanning gjennom tilskotsordningar, permisjonar, desentralisert utdanning m.m. Revidera retningslinjene for tilskot Tilby høgskuleutdanning lokalt gjennom www.studiesenteret.no Aktivt delta i Stiftinga høgskuleutdanning i Hardanger Ta i bruk KS læring i heile organisasjonen Utvikla eigne interne kurstilbod i KS læring


3.3.2 Heiltidskultur

Stort innslag av deltidsarbeid er framleis ei stor utfordring for kommunane. Mykje deltid er uheldig for kvaliteten på tenestene og gjer det vanskelegare å rekruttera tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft. Ein oversikt frå KS sitt PAI-register viser følgjande om gjennomsnittleg stillingsstorleik:



Tala er henta frå KS/PAI-registeret og viser at den gjennomsnittlege stillingsstorleiken for tilsette som arbeider turnus i helse og omsorg i Kvam er 64 %. Legg ein til meirarbeidet, aukar snittet til 71 %. Dette er lågare enn t.d. Odda (73 %), Voss (74 %) og Bergen (69 %). Det er også lågare enn snittet for Hordaland (69 %).

Figuren nedanfor viser at gjennomsnittleg stillingsstorleik blant tilsette i helse og omsorg har auka frå 57,4% i 2012 til 64,5% i 2018. Sjølv auken er på over 12% for alle, og over 15% på turnus, er snittet framleis lågare enn i kommunar me kan samanlikna oss med.



Det er ikkje noko eintydig svar på kvifor Kvam ligg så lågt. Det har vore arbeidd med fleire ulike tiltak for å auka stillingsstorleiken for dei tilsette. Dette gjeld særskilt innan pleie og omsorg. Frå 2018 har alle arbeidsgruppene i pleie og omsorg i tillegg til rehabiliterings- og behandlingsavdelinga, arbeidd etter **årsarbeidsplanar**. I staden for 6-vekers turnusar, planlegg dei turnusen for eit heilt år. Idéen er at dette kan vera med å auka stillingsstorleiken for mange deltidstilsette, fordi planleggingshorisonten vert lengre og feriar og andre fråvær kan innarbeidast. Fleire har fått stillingsauke som følgje av dette, men det aukar likevel ikkje den gjennomsnittlege deltidsprosenten monaleg.

Sentrale tariffpartar ser at dersom kommunane skal auka talet på heiltidsstillingar, kan det bety meir helgearbeid. Arbeid annakvar helg i stadenfor tredje kvar helg og auka tillegg for helgearbeid er eitt tiltak. Men det trengst eit mangfald av verkemiddel og tiltak for å endra ein deltidskultur. Kvam herad har fleire pågåande tiltak: fast-vikarstillingar, faste stillingar med årsarbeidstid, fortrinnsreglar for deltidstilsette, oppmoding om større mobilitet internt, elektronisk vikarbooking, bruk av kombinasjonsstillingar og alternative arbeidstidsordningar. I utviklingsprosjektet i pleie og omsorg vert det m.a. arbeidd med ny organisering. Samlokalisering av tenestetilbod og større bemanningsgrupper er nokre av dei grepa som vert vurderte og som kan vera med og sikra tilsette større stillingar i ei turnusgruppe.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettåret
Å kunne tilby heiltid er nødvendig for at Kvam herad skal vera ein attraktiv arbeidsplass i framtida. Det vil skapa mange gevinstar i form av betre tenestekvalitet og lettare rekruttering. Det har ei materiell side med arbeidstidsordningar og ei kulturell side som handlar om å endra haldningar. Heiltidskultur må bli norma hos oss – ikkje deltid. Me må unngå at unge, nyutdanna implementerer deltidskulturen	Auka gjennomsnittleg stillingsstorleik hos kvinner spesielt	Årsarbeidsplanar i aktuelle grupper Nytta ledige stillingar til å auka stillingsstorleiken for deltidstilsette framfor å lysa ut ny deltidstilling Tilby nyutdanna heiltidsstillingar Tilby kombinasjonsstillingar Gjennomføra kvalifiseringstiltak for ufaglærte Ha lokale retningslinjer med formål om å auka talet på heiltidstilsette. Vurdera større turnusgrupper Vurdera samlokalisering av tenestetilbod eller samdrift mellom avdelingar

3.3.3 Innovasjon, gevinstrealisering og omstilling

Kommunen si evne til omstilling og innovasjon vert utfordra på ulike vis i åra framover. I dei tiltaka som vert igangsett, er det forventningar om effektar for brukarane eller for organisasjonen. Me må jakta på effektar og sørgja for realisering av dei gevinstane som er forventa. Innovasjon i kommunen handlar om å:

- skapa rom for idéar og setja pris på kreativitet, pleia talent og utfordra innovatørar
- sjå kvar det er behov for å skapa noko nytt og føreslå nye løysingar
- bruka kompetanse på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar
- henta inspirasjon og løysingar frå andre fagområde og organisasjonar
- dela og auka kunnskap internt og eksternt

Behov for reduksjon av bemanninga i deler av kommunen, bl.a. som følge av innføring av ny teknologi, samtidig som oppgåvene og kompetansebehovet aukar på andre område, er allereie ei utfordring når det gjeld å sikra rett kompetanse på rett plass. Kvam herad har retningslinjer for omorganisering, omplassering og nedbemanning som saman med Hovudavtalen skal sikra medverknad frå tilsette i omstillingsprosessar.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettåret
Kommunen møter i aukande grad komplekse utfordringar som ofte går på tvers i organisasjonen. Det krev nye tilnærmingsmåtar Når endringsprosessar vert igangsett er det forventa effekt i form av auka verdi for brukar eller effektivisering av arbeidsprosessar	Kompetanse vert brukt på nye måtar og i nye samarbeidsrelasjonar Idéar vert løfta fram og det er rom for kreativitet Planlagde gevinstar vert realiserte Me nyttiggjer oss innovative løysingar	Arbeid i Lean-prosessar er den viktigaste arenaen for involvering av den einskilde medarbeidaren i kontinuerleg kvalitetsforbetring. Leiing av innovasjons- og digitaliseringsprosessar gjennom bruk av KS sitt vegkart for tenesteinnovasjon Gevinstrealisering krev systematisk oppfølging gjennom heile prosjektprosessen – gode analysar i forkant, konkrete planar for oppfølging av gevinstar undervegs og i etterkant. Ansvar ligg hos linjeleiinga Smart organisering og innføring av ny teknologi Satsing, nytenking og investering i kompetanse, verktøy og metodikk Gjennomføring av omstillingsprosessar
Omstillingsbehov som følge av kostnadsauke og inntektsnedgang	Oppretthalda og vidareutvikla eit godt tenestetilbod kombinert med å bremsa kostnadsveksten	
Omstillingsbehov som følge av endra behov, auka krav og forventningar til kommunale tenester	Produsera meir og helst like godt med relativt mindre ressursar	

3.3.4 Sjukefråvær

Intensjonsavtalen for eit inkluderande arbeidsliv er inngått på nytt for perioden 2019-2022. Målet er å leggja til rette for at så mange som mogleg kan arbeida så mykje som mogleg, så lenge som mogleg. Høg sysselsetting er grunnlaget for å oppretthalda eit berekraftig velferdssamfunn, samtidig som det er av stor tyding for den enkelte å vera i jobb. Trepertssamarbeidet om eit meir inkluderande arbeidsliv skal bidra til høg sysselsetting og mobilisering av arbeidskraft gjennom å forebyggja og redusera sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår
Høgt sjukefråvær er kostbart og medfører kompetansetap for Kvam herad som tenesteorganisasjon	Flest mogleg kan arbeida så mykje som mogleg så lenge som mogleg	Støtta opp om IA-avtalen som stimulerer til dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar på den enkelte arbeidsplass gjennom: - oppfølgingssamtalar - dialogmøte - tilretteleggingstiltak i avgrensa periodar Følgja opp sjukemelde gjennom tiltak i digital oppfølgingsplan Leiarutvikling med grunnlag i kommunen sin plattform for leiar- og medarbeidarskap - leiarsamlingar/kurs - leiarstøtte Utarbeida årsplan for bedriftshelsetenesta sitt arbeid Utarbeida HMS-planar på den enkelte arbeidsplass med tiltak som kan forebyggja sjukefråvær

Nærmare om sjukefråvær

Det totale sjukefråværet i kommunane var på 9,8 % i perioden 4. kvartal 2017 – 3. kvartal 2018. I Kvam herad låg sjukefråværet på 8,8 % i same periode der eigenmeldt fråvær utgjer 0,75 % (Kjelde: KS/PAI-registeret). Det er store variasjonar mellom einingane. Sjukefråværet er høgare i barnehage og helse og omsorg enn innan administrasjon og teknisk.

3.3.5 Helse, miljø og tryggleik

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettåret
Saman med tilsette og tillitsvalde pliktar arbeidsgjevar å arbeida systematisk med helse, miljø og tryggleik på	Gjennom eit systematisk HMS-arbeid oppfylle krava i lov og forskrift	Årsplan for HMS-arbeidet i samarbeid med bedriftshelsetenesta

arbeidsplassen, jf. aml. § 3-1 og internkontrollforskrifta Kommunen pliktar å ha bedriftshelseteneste for alle tilsette Kommunen skal etablera, utøva og vedlikehalda eit internt kontrollsystem for HMS, som skal sikra at reglar og forskrifter vert ivaretekne Det skal arbeidast målretta for kontinuerleg å betra HMS-relaterte forhold	Oppfylle krava i forskrift om organisering, leiing og medverknad § 13-2 Tilsette skal oppleve at dei har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø verna mot fysiske eller psykiske belastningar	Følgja opp avvikssystemet og vidareutvikla dokumentdelen i kvalitetssystemet IA/HMS-planar på den enkelte arbeidsplass Følgja opp resultatane frå medarbeidarundersøkinga- 10 FAKTOR HMS-opplæring for leiarar og grunnleggjande arbeidsmiljøkurs for verneombod og medlemmer i Arbeidsmiljøutvalet Gjennomføra ROS-analysar særleg innan temaet vald og truslar
--	--	--

3.3.6 Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettåret
Kvam herad er medviten ansvaret for å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja føremål i likestillingslova og diskriminerings- og tilgjengelova	Det skjer ikkje direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er lovleg etter likestillingslova eller diskriminerings- og tilgjengelova	Oppmoda underrepresentert kjønn om å søkja stillingar Oppmoda i stillingsutlysing om behov for mangfald og arbeida for at organisasjonen skal spegla befolkninga

4 Kvam herad som ressursforvaltar – Økonomiske hovudlinjer

Kommunebudsjettet er delt opp i to, drift og investering. I budsjett- og årsmeldingssamanheng, er det offentlege Noreg oppteken av to hovudelement for den kommunale drifta:

1. Kva teneste brukar kommunane pengar på, som går fram av budsjettskjema 1B for drift (2B for investering). Tenestene vert omtala i eige kapittel – «Kvam herad som tenesteytar».
2. Kva ressursar brukar kommunane for å produsera tenestene, som ein får svar på i hovudoversikt drift og investering. Hovudlinjene vert omtala i dette kapittelet. Sjå elles eige kapittel for detaljar «Kvam herad – Budsjett og økonomiplan».

Kvam herad forvaltar store økonomiske ressursar, både i drifts- og investeringsmidlar og i eigedelar. I 2020 er det budsjettert med driftsinntekter på 875,1 mnok² og driftsutgifter på 891,5 mnok.

Kommunen har eigedomsskatt³ og betydelige kraftrelaterte inntekter som har gjeve rom for å investera og ha eit høgare driftsnivå enn det statlege overføringar og brukarbetalingar tilseier. Investeringsane er i hovudsak lånefinansiert, og Kvam herad vil ha over 1,5 milliard kroner i lån i økonomiplanperioden etter at det m.a. er bygd/ombygd barnehagar, skular, omsorgsbustadar, institusjonsplassar og infrastruktur for vatn og avlaup. Gjelda vil utgjera nærare 170 % av brutto driftsutgifter i økonomiplanperioden, mot eit nasjonalt tilrådd mål på 75 %. Per 31.12.18 forvalta kommunen eigedelar verdsett til 3,0 milliardar kroner.

Framlegg til økonomiplan 2020-2023 har følgjande hovudtal for drifta:

	Rek. 2018	Opp. Budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Sum driftsinntekter	-877,2	-855,7	-867,0	-8,1	-875,0	-869,6	-868,4	-868,3
Sum driftsutgifter	846,2	861,6	888,1	3,4	891,5	880,4	880,2	883,6
Brutto driftsresultat	-31,0	5,9	21,1	-4,6	16,4	10,8	11,8	15,3
Resultat eksterne finanstransaksjoner	36,5	42,8	38,8	6,0	44,8	44,8	44,8	44,8
Netto driftsresultat	41,3	-9,8	-9,8	-4,7	-14,5	-8,9	-9,9	-13,3
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,7 %	-1,1 %	-1,1 %	-58,8 %	-1,7 %	-1,0 %	-1,1 %	-1,5 %

Det gode resultatet i 2018 skyldtes høgare kraftinntekter, høgare skatteinnang og uventa stor utbetaling frå havbruksfondet (16 mnok). Den årlege tildelinga frå Havbruksfondet er uforutsigbar, og er ikkje budsjettert med i økonomiplanperioden. Det er også estimert lågare kraftprisar i 2020 enn åra 2018-2019. Kraftprisane endrar seg fort, og prisprognose 2020 er usikker, her har ein moglegheit til å inngå fastpris på f.eks konsesjonskrafta, slik det er gjort i 2019 for å sikra inntektsnivået. Nivået på kraftinntektene har auka dei to siste åra, men kraftprisen og den kommunale andelen er under press. Ei anna inntektskjelde som er under press er eigedomsskatt. Kvam herad skal retaksera alle eigedomar i 2020, men vert påverka av nasjonale føringar. I 2020 er maksimal sats for bustad og fritidsbustad 5 promille, medan den i 2021 er pålagt redusert til 4 promille.

Kommunen har i løpet av dei seinare åra gjennomført ulike innsparingstiltak på om lag 40 mnok. Helse og Omsorg har eit ikkje realisert innsparingskrav på 5,8 mnok, og teknisk eining har eit

² Mnok er forkorting for millioner kroner

³ Eigedomsskatten er 7 promille for verk og bruk, og 5 promille for bustader og fritidsbygg i 2020


innsparingskrav på 0,7 mnok knytta til effektivisering av drift gjennom utskiftning av ulike varmeanlegg i kommunale bygg.

Med det inntektsbortfallet som ligg i planperioden og dei auka utgiftene til pensjon, må kommunen finna nye tiltak for å få ned driftsnivået. Det skal i komande økonomiplanperiode fortsatt investerast betydelege summar, som vil forverra finansresultatet ytterligare. Med auke i total gjeld i perioden, vil også avdrags- og renteutgifter kunne stige meir i perioden enn det som ligg i noverande økonomiplan. Kvam herad er langt frå det nasjonale målet for netto driftsresultat, som er heva til 2 % i «overskot» i høve brutto driftsinntekter.


Kommunen har kunne setja av midlar til disposisjonsfond dei siste åra, med eit uttala mål om 4 %. Ei ny tilråding er at disposisjonsfond bør ha ein storleik som dekkjer premieavviket. Kvam herad har per 2020 eit akkumulert premieavvik på 90 mnok. Kommunen har ikkje ramme til å setja av midlar til disposisjonsfond i 2020 eller i økonomiplanperioden, men må tvert imot budsjettere med bruk av disposisjonsfond i heile perioden dersom føresetnadane i perioden vert endra.

4.1 Demografisk utvikling Kvam herad


Befolkningspyramiden nedanfor viser alderssamansetninga i Kvam herad på ulike tidspunkt. Det skraverde område er 2019, og viser samansetninga av kvinner og menn i ulike aldersgrupper. Den heiltrukne linja syner korleis ståa var for 10 år sidan, mens den stipla linja syner status om 10 år – gitt SSB sitt standard scenario om middels vekst i Norge. For både menn og kvinner flytter tyngden seg oppover i pyramiden, det vil sei at me får ein stadig større andel eldre personar i kvam herad. I dag har me eit lite kvinneunderskot totalt sett.




Utfordringa for Kvam herad er at ein aukande andel av befolkninga er i aldersgrupper som har auka behov for kommunale tenester. Figurane under syner framskriving for ulike aldersgrupper i Kvam herad. I aldersgruppa under 35 år har me ein kvinneunderskot. Andelen kvinner med høgare utdanning er aukande, og mangel på arbeidsplassar i Kvam herad for personar med høgare utdanning kan forverra kjønnsbalansen ytterligare i åra som kjem.




Frå år 2020 og neste 5 år er det forventa nedgang i antall personar i alle aldrar frå 0-59 år. Den mykje omtalte eldrebølga kjem sakte men sikkert innover Kvam herad.




Figuren nedanfor syner utviklinga i årskulla 60+ og her er ein stor auke i gruppa 70-79 år og 80 -89 år.



Ser ein på utviklinga innad i Kvam herad dei siste 20 åra, syner figuren under akkumulert prosentvis endring fordelt på geografi. For Kvam herad som heilhet er det same utfordring som Norge som heilhet, ei klar sentraliseringsbølge.




Siste figur som tek for seg befolkningsutviklinga syner akkumulert vekst dei siste 10 åra



Den oransje lina syner fødselsoverskudd det enkelte år, og utviklinga er reativt stabil rundt null. Den lilla viser folkevekst eller fall det enkelte år. Frå 2009 – 2012 var det ein årleg vekst i folketallet, mens det i perioden 2014 – 2019 er ein årleg reduksjon i folketallet, med unntak av 2017. Blå line syner netto innflytting og raud line viser akkumulert vekst i perioden frå 2009 til og med 2.kvartal 2019. I Hordaland er det kommuner rundt Bergen som er vekstvinnarane, mens kommuner i indre Hardanger dessverre er i andre enden av skalaen.

Figuren under syner demografiutgifter dei neste 10 åra, akkumulerte verdiar. Utan tiltak, vil ein måtte omdisponera dei økonomiske rammene i stadig større grad mot Helse og Omsorgstenestene.



4.2 Framlegg til statsbudsjett

Rammevilkåra til kommunen vert i all hovudsak gjeve i statsbudsjettet, og gjennom forskrifter og lovverk vedteke av Stortinget.

Veksten i frie inntekter som det vert lagt opp til i statsbudsjettet ligg i nedre del i det gitte intervallet for inntektsvekst i kommuneproposisjonen 2020 (1 – 2 mrd. kroner). Meirskatteveksten gir isolert sett auka økonomisk handlingsrom inneværande år. Auka kostnadsvekst, hovedsakeleg som følgje av auka elektrisitetspriser, trekkjer i motsett retning. For 2020 er lønns- og prisveksten til 3,1 pst.

I tabellen nedanfor, er veksten i frie inntekter i 2020 rekna ut med utgangspunkt i kva inntektsnivået ville vera, dersom det ikkje hadde kome meirskattevekst.

	Kom.prp. 2020	Statsbudsj. 2020
	Mrd. kr.	Mrd. kr.
Vekst frie inntekter	1-2	1,3
Demografi	0,9	0,9
+ Lavere pensjonskostnader	0,45	0,45
Handlingsrom før særskilte satsinger	0,45-1,45	0,85
Satsinger innanfor veksten	0,0	0,55
<i>Herav:</i>		
<i>Opptrappingsplan rus</i>		0,15
<i>Tidlig innsats</i>		0,4

I framlegg til statsbudsjett er veksten i frie inntekter auka med 1,3 milliardar kroner (mrd.) til kommunane. 0,9 mrd av veksten i frie inntekter er ein kompensasjon for forventta ake i kommunesektoren pga befolkningsendringer. Auka innslagspunkt for toppfinansiering av ressurskrevjande tenester med 50.000 kr utover lønnsvekst er ikkje hensyntatt, og vil gje ca 350 mnok i auka kostnader i sektoren. Kroner. Om lag 400 mnok er bunde opp i statlege satsingar⁴.

4.3 Brutto driftsinntekter

For Kvam sin del, viser prognosane i statsbudsjettet ein auke i skatt og rammetilskot på 3,5%.

I tillegg ligg det inne ei rekkje forventningar om aktivitetssvekst i statsbudsjettet.

KS sin prognosemodell er nytta for å estimera rammetilskot og skatteinntekter. Det er små endringar i prognosen for økonomiplanen. Skjønstilskotet vert tildelt per år og nivået for 2021-2023 er ukjent, men det er signalisert at rammetilskotet går noko ned i økonomiplanperioden.

	Opp. Budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Endring 2020-2019	Endring i %	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Distriktstilskot Sør-Norge	6 213	6 406	191	3,0 %	6 597	6 615	6 615	6 615
Inntektsutjamnande	13 711	19 755	18 332	6,4 %	19 511	19 511	19 511	19 511
Ordinært	251 778	264 622	8 585	3,2 %	272 943	272 609	272 517	272 421
Skjønnsdel	9 483	7 650	-1 350	-17,6 %	6 300	6 300	6 300	6 300
Sum rammetilskot	281 185	298 433	8 605	2,9 %	305 351	305 035	304 943	304 847
Uten diverse	232 403	224 815	9 707	4,3 %	238 049	238 049	238 049	238 049
Sum frie inntekter	513 587	523 248	18 312	3,5 %	543 400	543 084	542 992	542 896


Skatten varierer i tråd med skatteinngangen per kommune, men vert delvis omfordelt mellom kommunar med høg og låg skatteinngang ved hjelp av inntektsutjamning. Rammetilskotet (eks. inntektsutjamning) kan verta endra etter Stortinget si handsaming, og vert justert for folketalet per 1.1.2020. Det kan og koma ei endring i revidert nasjonalbudsjett (RNB) i mai 2020.

Driftsinntektene til kommunen fordeler seg på følgjande hovudpostar:

⁴ Frå KS sitt «Notat om Statsbudsjettet 2020»

<https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/kommuneokonomi/Statsbudsjett-2020-notat-til-publisering-rettet.pdf>

%-vis fordeling av driftsinntekter



I budsjett 2020 utgjør skatt og rammetilskot om lag 62 % (543 mnok) av dei totale driftsinntektene til kommunen. Staten påverkar og i stor grad dei andre inntekstpostane til kommunen, enten gjennom direkte fastsetting som pris på barnehageplass og satsar for pleie- og omsorgstenester, eller gjennom lovverk som husleigelova og eigedomsskattelova og regelverk for sjølvkostområde.

Sals- og leigeinntekter og brukarbetalingar utgjør 127,6 mnok, 15 % av driftsinntektene.

33,3 mnok vert betalt for helse- og omsorgstenester, der dei største postane er leigeinntekter for trygde- og omsorgsbustader (13,8) og helse og omsorgstenester i institusjon (9,8). På oppvekst er det budsjettert med inntekter på 15,2 mnok i 2020. Det meste av inntektene er knytt til barnehagar (10,2) og SFO (2,5). Sjølvkostområda feiing, vatn, avlaup, slam og renovasjon har inntekter på ca 41,2 mnok. På plan og byggesak er det samla inntekter på 5,0 mnok. Den største enkeltstående salsinntekta er frå sal av konsesjonskraft, som i 2019 er budsjettert med 21,9 mnok. Kommunen sel 60,9 GWH per år, og det er lagt til grunn ein gjennomsnittspris på vel 360 NOK/MWH. Det er førebels ikkje inngått prisbindingar for 2020. I tillegg kjem det sals- og leigeinntekter og brukarbetaling på fleire andre tenester i kommunen.

Refusjonsinntekter, eller «overføringar med krav til motyting», er på 10 % og den fjerde største inntekstposten til kommunen (86,5 mnok i 2020). I denne posten er det igjen tilskot og refusjonar frå staten som utgjør hovuddelen, som ulike øymerka tilskot (9,9 mnok), ressurskrevjande brukarar (17,7 mnok), sjukelønsrefusjon (27,8 mnok) og momskompensasjon (17,4 mnok), refusjon frå andre kommunar (5,6 mnok), og refusjon frå private.

Andre statlege overføringar og andre overføringar er budsjettert med til saman 65,0 mnok, 7 % av dei totale driftsinntektene. 9,0 mnok er vertskommunetilskot som Kvam mottek for tidlegare vertskommune for HVPU⁵-institusjon. 13,5 mnok ligg inne i budsjettet som integreringstilskot. Medan sal av konsesjonskraft ligg under salsinntekter, skal heimfallskrafta førast som ei overføring frå staten. I denne inntektsposten ligg det difor sal av 106,6 GWH heimfallskraft til 38,4 mnok frå Nye Bjølvo kraftstasjon, til vel 360 NOK/MWH.


Eigedomsskatten utgjer 5% av driftsinntektene, 41,8 mnok. Eigedomsskatten er fordelt på bustader og fritidshus (60%) og næring (40%). I desember 2017 vart det vedtatt nye regler for eigedomsskatt av verk og bruk, omdøpt til næring. Det er også forventa fall i skattegrunnlaget for kraftverk, mellom anna på grunn av høgsterettssak og auke i særskatten for vasskraft, grunnrenteskatten. Noko som medfører reduksjon i eigedomsskatt på næring. For 2020 har Kvam herad gjort ei kontorjustering av alle takstar på 10 %, og auka promillen 5. Dette med bakgrunn i innføring av obligatorisk frådrag på 30 %. I 2019 var også 10 år sidan Kvam herad innførte eigedomsskatt, og heradet er då pliktig å setja i gang arbeid med retaksering av alle eigedomar, både fritidshus og næring.

Andre direkte og indirekte skattar er på 1 % av totalen, 4,4 mnok. Kommunen mottek ei konsesjonsavgift som kompensasjon for skader i samband med vasskraftutbygging. Avgifta vert indeksjustert av NVE kvart 5. år, og er for tida på 4,4 mnok. Midlane skal setjast av på eit kraftfond (i Kvam kalla «Kraftfond»).

⁵ HVPU – helsevernet for psykisk utviklingshemma. HVPU-reformen frå starten av 90-talet innebar at ansvaret for psykisk utviklingshemma vart overført frå fylkeskommunen til kommunane, og institusjonar lagt ned (Bjørketeigen i Kvam). Tilskotet er fordelt i høve til talet på gjenverande vertskommunebebuarar.

4.4 Brutto driftsutgifter

Fordelinga av brutto driftsutgifter på totalt 890,4 mnok er illustrert under:




Hovuddelen av tenestene til kommunen vert produsert med eige arbeidskraft. Lønn og sosiale utgifter utgjer over 66 % av utgiftene, 590,2 mnok.

Kommunen brukar 12 %/109 mnok av midlane på kjøp for å produsera tenestene sine, og 6 %/53,9 mnok der heile tenesta er sett ut, som t.d. privat barnehagar.

Kommunen overfører og ei rekkje midlar til andre, totalt 91,7 mnok/10%. Overføringane kjem bl.a. som sosialhjelp og tilskot til lag og organisasjonar. I tillegg mottok kommunen midlar som skal vidareutbetalast, som spele- og konsesjonsmidlar. Kjøp av konsesjonskraft, heimfallskraft, grunnrente- og overskotsskatt skal etter rekneskapsreglane og først under overføringar. I 2019-budsjettet utgjer det 40,1 mnok.

Avskrivningar ligg som ein utgiftspost, men vert trekt ut att av driftsrekneskapen før utrekning av netto driftsresultat. I staden vert låneavdrag og -renter lagt inn i utrekninga. Sidan nettoverknaden i driftsrekneskapen er 0, er avskrivningane i 2019-2022 ikkje justert. Det er i hovudsak investert i anlegg med lang levetid, og vekta levetid var per 31.12.2018 på om lag 37,2 år.

Diagrammet under viser løn og sosiale utgifter på 590,2 mnok fordeler seg på alle tenesteområde/KOSTRA-tema⁶. Beløpet finn me igjen i LN11 og LN12 i Økonomisk oversikt drift.



Fordeling av pensjonskostnader og størrelsen på premieavviket kan variere frå år til år. Dette kan gje mnidre avvik på tenesteområda som ikkje er direkte knytt til tenesteproduksjonen, men det er likevel ikkje tvil om at pleie- og omsorgstenestene er dei mest arbeidskrevjande. Kommunen brukar om lag 39 % (232 mnok) av lønsmidlane til desse tenestene. Deretter kjem grunnskuleopplæring med 25 % (147 mnok) og barnehage med 14 % (80mnok).


⁶ KOSTRA=KOMMuneSTatRApportering. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

Når det gjeld kjøp av varer og tenester på totalt 100 mnok, er fordelinga litt annleis. Beløpet finn me igjen i LN13 i Økonomisk oversikt drift.




Det er framleis utgifter til produksjon av pleie- og omsorgstenester (22 mnok) og grunnskuleopplæring (18) som krev mest. Dei største utgiftspostane er mat, transport, lisensar, skuleskyss, straum og undervisning- og forbruksmateriell. Administrasjon er det tredje største området med kjøp på 14 mnok. 7,0 mnok av dette gjeld utgifter til felles IT-infrastruktur. Andre utgifter er forsikring, kurs, straum, vedlikehald, transport med fleire.

Kjøp som erstattar kommunal tenesteproduksjon (52,8 mnok) er fordelt per tenesteområde i diagrammet under. Beløpet finn me igjen i LN14 i økonomisk oversikt drift.



Den private barnehagen i Kvam har i 2019 krav på 12,6 mnok i tilskot frå kommunen. På kommunehelse er kostnadene (12,6 mnok) knytt til driftstilskot til legar, fysio-, ergoterapeutar og kjøp av legevakttenester. I pleie og omsorg utgjør utgifter til brukarstyrt personleg assistent (BPA) 5,7 mnok av 8,8 mnok. Resten er pleie og omsorgstenester kjøpt hjå andre kommunar og private. Elles er det utgifter til elevar , barnevernsheimar, kjøp av VTA-plassar hjå Hardanger AKS, til snøbrøyting, feiing, slam og veterinærvakt med meir.

Overføringar utgjer 91,7 mnok. Beløpet finn me igjen i LN15 i Økonomisk oversikt drift.




47 % av overføringane er på kommunal næringsforvaltning og konsesjon og gjeld skatt på og kjøp av konsesjons- og heimfallskraft (43,3 mnok). Andre store overføringar er momskompensasjon (17), overføringar til private (13,6 mnok) sosialhjelp (9,4 mnok) og religiøse føremål (6,0 mnok).

4.5 Finansresultat

Finansresultatet er forverra frå justert budsjett 2019 til budsjett 2020 på grunn av auke i rentekostnader og avdragsutgifter. Utbytte frå kraftverka er lagt på same nivå som i justert budsjett.

Økonomiplan perioden er ikkje justert for eventuell ytterlegare auke i renter og avdrag. Dersom finansutgiftene aukar i åra framover som fylgje av auke i låneopptak og renteauke, samtidig som utbytte vert redusert, kan det bety ei vesentleg forverring av finansresultatet. Rådmannen har gjort ein del rentebindingar for å skapa ei meir føreseieleg drift.

Kommunen har plassert likvide midlar i bank og fond, og mottek om lag om lag 4,5 mnok i renter/avkastning. Kommunen får deriblant 0,9 mnok i renteinntekter på vidareformidla startlån frå Husbanken. Auka avdrag for VAR-lån er ikkje lagt inn, då dette vert kompensert med intern finansiering av sjølvkostrekneskapen.



Det er gjort mange avgrensingar og føringar for kva ein kommune kan gjera på finansområdet. Dei fleste av dei ligg i vedteke «Reglement for finans- og gjeldsforvaltning», som gjeld f.o.m. 1.10.16.

Reglementet skal gjennomgåast og vedtakast i kvar heradsstyreperiode. Kommunen har og investert i ein del selskap der det er utarbeidd retningslinjer for eigarskap og styring, basert på KS sine retningslinjer.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Reglement for finans- og gjeldsforvaltning	Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrett) til å dekkja løpande betalingsplikter.	Oppretta trekkrett på opptil 40 mnok Følgja med på utvikling av likviditet gjennom året
	Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, når ein tek	Nytta dei ulike tilboda for plassering på bankkonti og nytta meklar til å vurdere evt. mellombels plassering i obligasjonar.

	omsyn til tidsperspektivet på plasseringane.	
	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko.	Bruka meklar til å ivareta krav til avkastning og avgrensa risiko
	Lånne midlar skal over tid gje lågast mogleg total kostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når ein tek omsyn til behov for forutsigbare lånekostnader.	Leggja lån ut på anbod, og inngå låneavtalar i tråd med reglementet.
Eigarskap og styring - <i>Eigarinteressene til Kvam herad er primært motivert ut frå ynskje om politisk styring og innsyn i verksemdar som er viktige/kritiske for heradet.</i>	Retningslinjer for eigarskap og styring (18 punkt)	Obligatoriske opplæring av folkevalde Utarbeida og gjennomgå eigarskapsmelding (årleg) Revidera og følgja opp eigarstrategiar

4.6 Netto driftsresultat 2020 - 2023

Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 2% av brutto driftsinntekter, tidlegare 1,75 %.

	Rek. 2018	Opp. Budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Netto driftsresultat	41,3	-9,8	-9,8	-14,5	-8,9	-9,9	-13,3
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	4,7 %	-1,1 %	-1,1 %	-1,7 %	-1,0 %	-1,1 %	-1,5 %

I framlegg til budsjett ser det ut som at kommunen får eit «underskot» i 2020 på – 1,7 % og vidare i økonomiplanperioden. Inntektssida er uforutsigbar i form av kraftprisar og føringar frå nasjonalt nivå, og svært vanskeleg å påverka. Det må difor arbeidast vidare med å finna nye innsparingstiltak i tillegg til å realisera dei eksisterande.

Kvam herad hadde nokre år med “underskot” i netto driftsresultat, og har lege nesten på botnen på økonomibarometeret (no 338. Plass). Dei påverkar framleis plasseringa til kommunen i økonomibarometeret, der dei fire siste åra er med. I tillegg får kommunen dårleg score på grunn av netto renteesponert gjeld i prosent av rutto driftsinntekt på grunn av alle investeringane som er gjort tidlegare år. På den andre sida trekkje barometeret òg ned på grunn av lågare investeringsnivå

dei siste åra, så her er det eit paradoks. Dårlegast score får me likevel på premieavvik, som er ei høgst reell problemstilling, då dette er ei komande utgift som kommunen skyv framføre seg.

Økonomi

10 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	KB 2017	KB 2018	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2017	KB 2018	KB 2019
DRIFTSMARGIN: Korrigerert netto driftsresultat siste år, i prosent av brutto driftsinntekter	2,4	1,8	1,6	139	1,6	4,4	2,7	2,6	3,5
DRIFTSMARGIN: Korrigerert netto driftsresultat siste fire år, i prosent av brutto driftsinntekter	0	0,5	0,8	344	3	5,8		1,5	2
DRIFTSMARGIN: Brutto driftsresultat siste år i prosent av brutto driftsinntekter	2,2	2,4	3,6	103	2	10,1	2,8	3,2	4
DISPOSISJONSFOND: I prosent av brutto driftsinntekter	3,7	6,1	9,4	244	12,1	28	2,1	2,2	2,9
DISPOSISJONSFOND: Endring i disposisjonsfond siste år	2,2	2,3	3,4	73	0,7	10,1	3,5	4,1	4,2
GJELD: Netto renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	57	53	54	291	39	-9,2	2,5	2,7	2,6
GJELD: Endring i renteesponert gjeld siste år	-1,3	-4	1,2	191	3,2	-16,6	4,3	4	3,7
NETTO FINANSUTGIFTER: I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag	0,5	0,5	0,1	134	0,4	-1,8	3,7	3,6	3,9
INVESTERINGER: Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter	16,3	15,8	18,4	322	15	5,7	3	3,3	2,8
LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år	79	79	80	258	69	43	2,4	2,6	2,7
PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter	9,7	9,7	9,2	400	5,9	0,8	1,3	1	1


Kostnadsnivå

5 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	KB 2017	KB 2018	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2017	KB 2018	KB 2019
GRUNNSKOLE: Netto utgifter til grunnskole per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	17422	15802	15306	241	14947	12566	1,3	2,5	3,2
PLEIE OG OMSORG: Netto utgifter til pleie og omsorg per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	0	0	0		0	16634	0	0	0
BARNEHAGE: Netto utgifter til barnehage per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	8735	8277	9629	304	9069	7421	3,9	4,5	3
BARNEVERN: Netto utgifter til barnevern per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	2437	1815	2528	259	2478	881	3,4	4,6	3,4
SOSIALTJENESTE: Netto utgifter til sosialtjeneste per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	3751	4108	3886	367	2703	825	2,9	2,6	2
KOMMUNEHELSE: Netto utgifter til kommunehelse per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	3260	3155	3320	313	2937	1971	2,9	3,1	2,8
ADMINISTRASJON: Netto utgifter til administrasjon per innbygger, korrigerert for utgiftsbehovet	4308	4280	4605	206	4739	3183	3,6	3,4	3,7

Ein indikator som er ofte brukt når ein ser på kostnadsnivå mellom kommunar er “Kostnadsnivå per innbygger”, korrigert for utgiftsbehovet. Kostnadar per innbyggjar knytta til sosialteneste, kommunehelse og barnehage scorer Kvam herad relativt dårleg. Kvam herad tilhøyrer Kostragruppe 11 og her ligg me også i nedre sjiktet på kostnadsnivå. Kostragruppe 11 er samanliknbare kommunar med omsyn til økonomiske rammevilkår og folketal. Kostnadsnivået seier likevel ikkje noko om kor effektiv drifta av tenesta kan vera, då politisk prioritering av eit tenestetilbod, vil medføre høgare kostnadsnivå. I Kvam har me prioritert både legedekning og barnehagar, medan nivået på sosialtenesta har vore prøvd redusert fleire gonger, utan at me har lukkast.

4.7 Fondsmidler

I 2018 blei det satt av heile 29,5 mnok til disposisjonsfond pga akua skatteinntekter, høgare kraftinntekter og ei betydelig tildeling frå havbruksfondet. Justert budsjett 2019 indikerer netto bruk av disposisjonsfond på 4,3 mnok, mens det i 2020 og utover i økonomiplanperioden ligg ann til bruk av fond mellom 16 og 21 mnok i året. Estimater er meir usikkert utover i økonomiplanperioden, men syner klart at heradet er avhengig av å redusere kostnadane i drifta eller få inntekter utover det som er budsjettert.



Bundne fond er i hovudsak fondsmidler til sjølvkostområde som vatn og avlaup. Det er disposisjonsfond kommunen står fritt til å bruka på investeringar, og som er «bufferkapitalen» i dårlege tider.

4.8 Investeringar

Investeringsbudsjettet er auka med 25,2 mnok til 157,7 mnok frå 2019 til 2020, før nivået vert redusert i økonomiplanperioden.

	Budsjett							
	Regnskap	2019	Budsjett	Endring	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2018	oppheveleg	2019 justert	2020-2019	2020	2021	2022	2023
Sum inntekter	44,7	51,7	123,9	-95,6	28,3	24,4	3,1	3,1
Sum utgifter	176,2	172,5	221,6	-52,4	169,3	128,4	15,4	15,4
Sum finansieringstransaksjoner	19,3	35,7	34,7	-18,0	16,7	15,2	15,2	15,2
Finansieringsbehov	150,8	156,6	132,5	25,2	157,7	119,3	27,5	27,5
Bruk av lån	131,3	135,6	123,5	12,0	135,5	108,6	21,3	21,3
Sal av aksjer og andelar	0,2	-	-	-	-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	5,7	2,2	2,2	-	2,2	2,2	2,2	2,2
Overført frå driftsrekneskap	0,0	0,2	0,2	-	0,2	0,2	0,2	0,2
Bruk av bundne driftsfond	0,1	1,6	1,2	4,5	5,7	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	13,0	7,0	5,1	6,8	11,9	8,0	3,5	3,5
Bruk av bundne investeringsfond	0,5	10,0	0,3	1,9	2,2	0,3	0,3	0,3
Sum finansiering	150,8	156,6	132,5	25,2	157,7	119,3	27,5	27,5
Lånefinansiering	87 %	87 %	93 %	48 %	86 %	91 %	77 %	77 %

Investeringane på VA-området er ca 34 mnok, som er sjølvfinansierande. Investeringsutgifter som ikkje er knytt til prosjekt utgjer til saman 17 mnok. I 2020 er dei største investeringsprosjekta oppstart Strandebarm Omsorg med 24,9 mnok, Ny brannstasjon KVBR 28,1 mnok. I tillegg er det planlagt mange fleire små og store prosjekt i 2020 med ei ramme på til saman 50 mnok. Nivået i økonomiplanen er nok likevel for lågt, då kommunen i perioden truleg må starta opp arbeidet med blant anna rehabilitering av Øystese barneskule, gang og sykkelveg + VA Torebøen/Fitjadalen, ny vasstankvogn til KVBR, Tolomarka bufellesskap – vurderer nye avlastningsbustadar trinn to, nye digitaliseringsprosjekt og nye lokaler for stab og forvalterkontoret i Helse og omsorg. Når kommunen skal vurderer framtidige investeringsprosjekt, er det viktig at investeringane ikkje medfører netto auka driftsutgifter. Skulle dette likevel vera tilfellet, må kommunen gjennomføra ytterlegare innsparingar i drifta på andre måtar.

4.9 Føresetnader og risikovurdering

Kommunelova har to sentrale krav til dei kommunale budsjetta: balanse og realisme. Balansekravet inneber at dei budsjetterte inntektene minst må dekkja budsjetterte utgifter. Realismekravet tyder at budsjettet skal byggja på realistiske estimat for inntekter og utgifter. Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men dersom den driv med eit underskot som det ikkje finnst fondsmidlar til å dekkja inn, vert den sett under administrasjon av fylkesmannen og vert ein såkalla ROBEK-kommune⁷.

⁷ ROBEK = Register om betinget godkjenning og kontroll. Kommunar i ROBEK må ha godkjenning av

Den største tilskotsytaren og premissleverandøren for kommunane, staten, fastset berre årlege rammer for kommunane, men krev at kommunane skal levera ein plan for komande fire år. Det er likevel svært nyttig å laga økonomiplan og vurdere utfordringane og retninga for dei komande åra, men dei aller fleste tala vil endra seg i løpet av perioden.

Tala i økonomiplanen er i nominelle 2020-tal, det vil seia at dei ikkje er justert for løns- og prisvekst i perioden 2021-2023. Nedanfor er dei mest sentrale føresetnadane og risikoelementa i høve avvik, lista opp:

<i>Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret</i>	<i>Sannsyn (0-3)</i>	<i>Konsekvens (0-3)</i>	<i>Risikonivå (0-9)</i>	<i>Avbøtande tiltak</i>
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter - Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester - Fastsett husleigeauke, % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august) - Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram - Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 370 kr /Mwh)	2	3	6	Nivået på kraft er høgare enn på mange år i prognosen. Det aukar sannsynet for reduserte inntekter. Det er mogleg å inngå fastprisavtalar for å redusera risiko. Kraftinntekter er under press, og usikrei økonomiplan perioden
Etterspurnad brukarbetalingar/ salsinntekter - Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk	2	1	2	
Refusjonsinntekter - Inntektene er som regel forsiktig budsjettet. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel nokolunde tilsvarande endring i utgifter som mva.kompensasjon	2	2	4	Passa på å tilpassa utgifter til endringar i refusjonsinntekter
Rammetilskot - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell	2	3	6	Justera i 1. tertial

Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å kunna føreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtalar, samt at det skal kontrollerast om budsjettvedtaka er lovlege.

- Endring etter Stortinget si handsaming - Endring etter folketal				
Andre statlege overføringar - Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 360 kr/Mwh)	2	3	6	Nivået på kraft er høgare enn på mange år i prognosen. Det aukar sannsynet for reduserte inntekter. Det er mogleg å inngå fastprisavtalar for å redusera risiko.
Andre statlege overføringar - Vertskommunetilskot - Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Andre statlege overføringar - Havbruksfond.	1	1	1	Det er ikkje lagt inn midlar i økonomiplanen, då storleiken er svært usikker. Dersom me mottek midlar, vil det koma som ei ekstra inntekt, slik at risikoen er vurdert til 1.
Andre overføringar	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Skatt på inntekt og formue - Kommunen nyttar KS sin prognosemodell med vekst på 2,3 %, - Endring etter Stortinget si handsaming - Endring i skatteinngang i løpet av året	2	3	6	Endring i skatt vert delvis kompensert gjennom inntektsutjamning Vurdera justeringa i tertialar
Eigedomsskatt - Brukt 7 promille på næring - Brukt 5 promille på bustader og hytter	2	3	6	Eigedomsskatteordningane er under press. Kvam herad skal retaksera i 2020. Ny takst vert ikkje gjeldande før i 2021. Bruka LVK til å ivareta E-skattegrunnlag for kraftverk. Alle kraftinntekstordningane til kommunane er under sterkt press.
Konsesjonsavgift	1	1	1	Alle kraftinntekstordningane til kommunane er under sterkt

- Fastsett for 5 år om gangen, indeksregulering				press, men det er ikkje varsla endringar for 2020
Lønsutgifter - Lagt inn lønsvekst på 2,5 % - Hovudforhandlingar med verknad frå 1.5.20 - Gjennomføra innsparingskrav	2	3	6	Oppfølging/økonomistyring
Sosiale utgifter - Pensjon er i tråd med prognosar frå KLP og SPK (sjå eigen omtale) - Arbeidsgjevaravgift avheng av lønsutgifter og pensjonsstorleik	2	3	6	Fokus på innsparingar
Kjøp av varer/tenester - I statsbudsjettet ligg det inne ein prisvekst på 3,1 % - Utgiftene vert ikkje auka med ein generell vekst, men vert vurdert konkret i høve avtalar og liknande.	2	2	4	Oppfølging/økonomistyring
Overføringer - Mva-kompensasjonsutgifter er lik inntektene 1-1	1	1	1	
Overføringer - Kjøp konsesjons- og heimfallskraft skjer til prisar som vet fastsett i januar, med unntak av energiledd	2	2	4	Justera budsjett i 1. tertial, etter at prisane er kjende
Renteinntekter - Avkastning på obligasjonar basert på erfaring og inkl. krav til ytterlegare avkastning	2	2	4	Aktiv forvaltning i tråd med reglement
Utbytte - Nivå frå Kvam kraftverk AS fastsett - Nivå frå BKK AS signalisert	1	2	2	
Renteutgifter - Det er brukt rentenivå på eksisterande låneavtalar - Nye lån budsjettert med 2 – 2,5 % - Gjort fleire rentebindingar som reduserer risiko	2	2	4	Gjera rentebindingar ved refinansiering av lån
Avdragsutgifter	1	3	3	

- Minstefrådrag i henhold til kommunelova				
Budsjetteringsfeil	2	2	4	Kontroll og kompetanse
Innsparingstiltak	2	2	4	Oppfølging/økonomistyring
- Laga ny tiltaksplan				
Enkeltsaker	2	2	4	Organisera tenester på ein slik måte at enkeltsaker krev minst mogleg ressursar
Beredskapssituasjonar	1	3	3	Fullmakt til å bruk midlar i krisesituasjon og Beredskapsplan.


5 Kvam herad som tenesteytar

Kommunen si viktigaste rolle er å levera velferdstenester innanfor ei rekkje område og med eit vidt spekter.

Nokre av tenestene er reine salstenester, som sjølvkostområda vatn og avlaup, medan andre har delvis brukarbetalingar som barnehage- og institusjonsplass, og nokre har ingen, som kommunale vegar. Kommunen leverer og støttetjenester som kommuneplanlegging og kommunalt arkiv.

Dei aller fleste tenestene kommunen produserer er lovpålagde og både omfang og kvalitet kan vera fastsett i detalj i lov og forskrift. På grunn av eigedomsskatt og kraftinntekter, har kommunen likevel noko rom for lokale prioriteringar og til utforming og organisering av tenestene.

Nedanfor er ei grafisk framstilling av budsjettframlegget si fordeling av økonomiske rammer per KOSTRA-tema⁸. Diagrammet er ei grafisk framstilling av tabell 1B.




Til trass for at kommunen produserer mange tenester, er det tre store grupper som skil seg ut og kommunen brukar mest pengar på: pleie- og omsorgstenester (35 %/218 mnok), grunnskule (26 %/162 mnok) og barnehage (14 %/84 mnok). Finans og fellespostar er ikkje eit eige KOSTRA-tema, men inneheld premieavvik, fellespostar som skal fordelast til andre tenester i løpet av året og motpost til avskrivningar (-46,7 mnok), posten er negativ.

⁸ Om KOSTRA, sjå <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>.

KOSTRA-tema A, Fiansielle nøkkeltal, administrasjon, styring og fellesutgifter er her delt opp i «Finans og fellespostar», «Styring og kontroll» og «Administrasjon»

Kvam herad har gjennomført nokre brukarundersøkingar i 2018, og har som mål å gjennomføra fleire undersøkingar frå www.bedrekommune.no i økonomiplanperioden. Undersøkingane kan nyttast til å vurdera eigen tenestekvalitet, og til samanlikningar med andre kommunar, og over tid.

Private og offentlege aktørar gjennomfører ulike undersøkingar av den offentlege tenesteproduksjonen. I NHO sitt «Kommune-NM» vert kommunane rangert etter attraktivitet og lokal vekstkraft. Totalt er det 21 indikatorar fordelt på 5 område: næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Basert på 2018-tal, fekk Kvam herad karakteren «Nest best» og er rangert som kommunenummer 140 (139 i 2018).⁹ I det nye Vestland er me rangert som nr. 27 av 59 kommunar.



Kommunebarometeret er ei rangering av kommunane i Noreg som vert utarbeidd av Kommunal Rapport. Rangeringa er laga på grunnlag av offisielle tal som kommunane leverer til staten gjennom KOSTRA, Utdanningsdirektoratet, Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Statistisk sentralbyrå. Samla fekk Kvam herad i 2019 ein 205. plass (frå 331. i 2018). Det er ein klar betring frå 2018, og dei fleste områda får betre score. Økonomi, kostnadsnivå og sosiale tenester er lågast rangert, medan Pleie og Omsorg, Vatn og avløp, og Barnevern er tenesteområda Kvam herad har høgast rangering i.

⁹ <https://www.nho.no/tema/offentlig-sektor-og-naeringslivet/kommune-nm/>

Plasseringer i Kommunebarometeret 2010–2019

Dette er plasseringene slik de faktisk ble rapportert de ulike årene. Serien er ikke sammenliknbar over tid, fordi innholdet i barometeret også har endret seg over tid.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Nøkkeltallene alene	425	377	100	318	270	343	354	295	305	148
Totaltabellen - justert for økonomiske forutsetninger	400	381	112	348	305	385	361	302	331	205
Grunnskole	159	213	68	136	117	130	195	157	132	149
Pleie og omsorg		246	136	91	124	153	175	125	91	15
Barnevern	298	170	280	338	289	298	210	217	248	72
Barnehage	164	347	283	386	407	398	382	257	286	311
Helse			23	43	53	123	48	211	118	31
Sosial	241	403	420	369	362	353	346	363	372	355
Kultur		206	75	135	183	247	230	199	196	194
Miljø og ressurser	119		354	248	244	141	273	205	136	176
Saksbehandling			184	243	257	276	187	275	354	246
Vann og avløp			324	211	141		27	235	273	47
Økonomi	366	345	150	375	333	356	426	398	380	338
Kostnadsnivå		302	316	267	355	333	252	283	215	287
Nøkkeltall i bruk i barometeret	47	69	110	116	127	123	126	141	152	151
Antall kommuner rangert totalt	429	429	429	429	428	428	428	426	423	422

5.1 Mål og tiltak

Eit viktig mål for tenesteproduksjonen, er at mottakarane er nøgde med kvaliteten. Etter kvart som resultata frå brukarundersøkingane vert kjent, er det mogleg å spissa mål og tiltak. I dette budsjettframlegget er mål og tiltak i stor grad henta frå mangfaldet av planar og retningslinjer som kommunen har. Eit viktig verktøy for å få til kontinuerleg kvalitetsforbetring, er Lean, der det er fokus på at det er mottakaren av tenestene som avgjer kva verdi den har.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Mottakarane av tenestene oppfatar kommunen som leverandør som - Imøtekomande - Har god service - Set seg inn i problemstillingar - Er fleksibel - Er løysingsorientert - Har god kvalitet på tenester	Oppretthalda eller betra samla plassering i Kommune-NM og samla plassering i Kommunebarometeret Gjennomføra brukarundersøkingar

	- Leverer innan fristar - Er tydelege - Har kapasitet/tid	Arbeida vidare med kontinuerleg forbetring ved bruk av Lean. <i>Sjå eigne kapittel for tiltak per tenesteområde</i>
--	---	--

5.2 Økonomiske rammer for tenesteproduksjonen

Tabellen under viser korleis drifta fordeler seg på KOSTRA-tema¹⁰. I kvart tema er det samla ei rekkje tenester som kommunen yter til brukarar og innbyggjarar. Tabellen er den same som budsjettskjema 1B, men sosiale utgifter, avskrivingar og driftsprosjekt er trekt ut i eigne tabellar som vert presentert til slutt i dette kapittelet. I tillegg er dei frie disponible inntektene som skatt og rammetilskot, finanspostar og fondsdisponeringar trekt ut, det vil seia innhaldet i budsjettskjema 1A.

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	581	1 318	1 908	45	1 953	1 953	1 953	1 953
Styring og kontrollverksemd	3 989	5 115	5 115	-384	4 730	5 130	4 730	5 130
Administrasjon	28 857	30 974	30 862	5 698	36 560	32 171	32 377	32 377
Barnehagar	48 797	55 038	55 645	3 700	59 345	59 195	60 313	60 013
Grunnskuleopplæring	101 681	111 188	111 850	8 260	120 111	121 084	122 334	120 611
Kommunehelse	25 329	26 680	28 285	-1 588	26 697	26 697	26 697	26 697
Pleie og omsorg	153 348	146 756	145 997	8 575	154 571	154 571	153 571	153 571
Sosiale teneste	30 849	30 073	30 167	-1 316	28 851	28 726	28 726	28 726
Barnevern	14 858	17 571	17 917	-1 458	16 459	16 459	16 459	16 459
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-13 335	-24 239	-24 252	-540	-24 791	-24 866	-24 866	-24 866
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	7 602	10 662	10 566	-520	10 046	9 542	9 296	9 296
Kultur	15 620	22 183	22 263	-1 284	20 980	20 805	20 805	20 805
Kyrkja	5 723	5 863	5 863	165	6 028	6 028	6 028	6 028
Samferdsel	7 644	11 928	11 578	-3 082	8 496	8 546	8 046	8 046
Bustad	-7 694	-6 417	-5 688	-4 918	-10 606	-10 726	-10 726	-10 726
Kommunal næringsforvaltning og konesjonskraft	19 716	20 692	24 544	-812	23 732	23 432	23 432	23 432
Brann- og ulykkesvern	8 830	7 861	7 874	2 360	10 234	5 134	5 134	5 134
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 730	4 310	4 310	211	4 521	2 021	2 021	2 021
ALLE	454 125	477 557	484 804	13 112	497 916	485 902	486 329	484 706

Vidare i dette kapittelet vert endring frå justert budsjett 2019 til budsjett 2020 kommentert per KOSTRA-tema. I økonomiplanperioden fell det vekk nokre prosjekt som er med i 2020, elles er det ikkje langt inn større endringar i perioden. Veksten i pensjonsutgifter aukar mykje i perioden, men denne er presentert i ein eigen tabell.

¹⁰ KOSTRA=KOMMuneSTatRApportering. Kommunane skal nytta lik standard for rekneskap for å gjera det mogleg å samanlikna kommunar med kvarandre, på for eksempel tema «Grunnskule».

5.3 Finans og fellespostar

5.3.1 Om tenestene

Det meste av det som ligg under funksjonane «Finans» ligg i budsjettskjema 1A. Finans og fellespostar er heller ikkje eit eige tema i KOSTRA, men ein del av nøkkeltala i A, Finansielle nøkkeltal og adm., styring og fellesutgifter som i budsjettdokumentet delt opp i tre. Det er ikkje nokon direkte tenesteproduksjon i dette tema, men her ligg nokre fellespostar. Følgjande funksjonar er med:

- Funksjon 170 – Premieavvik, 172 – Pensjon, 173 – Premiefond ligg og her, men pensjonskontoane er trekt ut og vert presentert under «Fellestema: Sosiale utgifter».
- Funksjon 180 gjeld utgifter til kommunale råd og utval, beredskapsplanlegging, forsikring og leige av rettslokale.
- Funksjon 190 er ein mellombels støttefunksjon for postar som vert fordelt til andre KOSTRA-tema i løpet av året. Det gjeld og funksjon 880 der det ligg innsparingskrav som ikkje er konkretiserte på andre KOSTRA-tema. Etter kvart som tiltaka kjem i gang, vert krava ført ut av denne tenesta og inn på andre tenesteområde.
- Funksjon 860 er motpost til avskrivningar som er fordelt på dei andre funksjonane.
- Mesteparten av det som ligg i funksjon 870 ligg i budsjettskjema 1A, men i 1B ligg gebyr på bl.a. sertifikatlån

5.3.2 Mål og tiltak

Sidan det ikkje er eigen tenesteproduksjon for dette tema, er det ikkje utarbeidd eigne mål og tiltak her.

5.3.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	581	1 318	1 908	45	1 953	1 953	1 953	1 953
172 PENSJON	-1	-	-	16	16	16	16	16
173 PREMIEFOND	165	-	-	165	165	165	165	165
180 DIVERSE FELLESUTGIFTER	334	508	998	885	1 883	1 883	1 883	1 883
190 INTERNE SERVICEENHETER	-332	775	775	-1 093	-318	-318	-318	-318
800 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	286	182	182	67	249	249	249	249
841 KOMPENSASJON FOR MERVERDIAVGIFT I INVESTERING	-	-	-	5	5	5	5	5
870 RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNKLÅN OG UTLÅN)	152	151	151	-	151	151	151	151
880 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-23	-297	-197	-0	-197	-197	-197	-197

Funksjon 180 har auka med 0,9, i hovudsak skuldast auken flytting av forsikringar frå funksjon 121, som utgjør 0,5 mnok, samt generell auke i forsikringane på 0,4 mnok etter nytt forsikringsanbod i 2019.

Funksjon 190 er redusert med 1 mnok i forhold til justert budsjett 2019. Denne funksjonen vert fordelt på andre tenester i løpet av året, og varierer frå år til år.

5.4 Styring og kontrollverksemd

5.4.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld to funksjonar; 100 – Politisk styring og 110 – Kontroll og revisjon.

Dette er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune si rolle i demokratiet. Utgiftene går til tilskot til politiske parti og grendeutval¹¹, løn¹², godtgjersle, tappt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar, kontrollutval og Hardangerrådet.

Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for Kontrollutvalet og revisjonen vert utført av Deloitte.

Gjeldande politisk organisering vart vedteke av heradsstyre 26.03.19 (HST-012/19):



¹¹ Rådsutval som Ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre høyrer til KOSTRA-tema «Fellespostar», funksjon 180

¹² Arbeidsvilkåra for folkevalde i Kvam herad 2015-2019 vart vedteke i heradsstyremøte (HST-070/15) 6.10.15. Ordføraren si løn skal vera tilsvarande som løna til ein stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersle på 10% av ordførargodtgjersla. Leiar for næring, plan og bygg får ei fast godtgjersle på 3,5% av ordførargodtgjersla. Andre politikarar får møtegjersle per møte.

Kvam herad deltok i 2017 i bedrekommune.no si lokaldemokratiundersøking¹³. Innbyggjarar og folkevalde svara då på 14 likelydande spørsmål om korleis dei oppfattar lokaldemokratiet i eigen kommune. Folkevalde svarar i tillegg på 29 spørsmål om arbeidet i heradsstyret. Spørsmåla dekkjer ulike sider ved eit godt lokaldemokrati: påliteleg styre, ansvarleg styre, borgarnært styre og effektivt styre.

Kommunen hadde i hovudsak resultat tilsvarande snittet for landet, med nokre avvik med lågare resultat, og nokre med betre. I etterkant av undersøkinga er det gjort fleire tiltak for å betre dei ulike sidene av lokaldemokratiet som t.d. utarbeidd etiske retningslinjer for folkevalde, tatt i bruk kommune-tv, lagt ut meir informasjon om politisk arbeid på www.kvam.no og i sosiale media, og laga dokument for rolleavklaring og retningslinjer for kontakt og informasjonsflyt for folkevalde og administrasjon.

Å vera open om den offentlege forvaltninga, er viktig for dei fleste sider av demokratiet, og Kvam herad brukar mykje ressursar på å gjera informasjon tilgjengeleg for ålmenta. Det viser att i Pressens offentlighetsutvalg sin "Åpenhetsindeks" for 2018, der Kvam er ein av dei 46 beste kommunane i landet (av 422). Kommunen har likevel forbettringspunkt, som vert arbeidd vidare med.

5.4.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Lokaldemokrati ¹⁴ - Valdeltaking - Legitimitet til kommune - Legitimitet til folkevalde - Dialog mellom folkevalde og innbyggjarar mellom val - Påverknad på tenester - Høve til å medverka i lokalsamfunnet	Påliteleg styre – tillit til folkevalde sin redelighet og styringsorgana sin virkemåte	Oppfølging av etiske retningslinjer for politikarar - dilemmatrening Nyta vedteke dokument (HST-028/19) for rolleavklaring og retningslinjer for kontakt og informasjonsflyt for folkevalde og administrasjon Gjera kjent og halda delegeringsreglement oppdatert. Delegeringsreglementet skal reviderast i løpet av fyrste året i ein ny valperiode
	Ansvarleg styre – at innbyggjarane kan følgja med i politikken og stilla dei styrande til ansvar	Overføra heradsstyremøte på nett, «live» og for ettertid («Kommune-tv»), samt orienteringar i formannskapsmøter Lett tilgjengeleg innsyn i offentlege dokument på nettsidene (innsynsportal)

¹³ <https://www.bedrekommune.no/lokaldemokrati>

¹⁴ Kjelda: «Hvordan fungerer lokaldemokratiet? Kartlegging av innbyggjernes og folkevalgtes erfaringer og oppfatninger», prosjektrapport etter samarbeid mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og Kommunenes sentralforbund (KS):
<http://www.bedrekommune.no/bedrekommune.no/filestore/bedrekommunenno/lokaldemokratirapport.pdf>

	Borgarnært styre – høve for innbyggjarane å delta i og påverka politikken	Nytta arbeidsvilkår for folkevalde i tråd med HST-013/19 Annonsera politiske møter Informera om politisk arbeid, innbyggjarinitiativ m.m. på www.kvam.no I valår (ikkje i 2020): Gjennomføra kommune- og fylkeskommuneval i tråd med regelverk. Leggja til rette for valdeltaking
	Effektivt styre – evne til å levera tenester som er i samsvar med innbyggjarane sine behov, samt dei folkevalde sine evne til å styra kommunen	Publisera vedtak, mål og status i open web-løysing Følgja opp brukarundersøkingar og arbeid med kontinuerleg forbetring I samband med økonomiplan for 2021-2024, ha eit politisk arbeid for å revidera mål og tiltak for politisk styring

5.4.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Styring og kontrollverksemd	3 989	5 115	5 115	-384	4 730	5 130	4 730	5 130
100 POLITISK STYRING	3 469	4 171	4 171	-419	3 753	4 153	3 753	4 153
110 KONTROLL OG REVISJON	519	944	944	34	978	978	978	978

Funksjon 100 Politisk styring er redusert med med 0,42 mnok samanlikna med 2019. 0,4 mnok av reduksjonen kjem frå at 2019 var eit valår. I tillegg er NPB er tatt ut, ungdomsrådet aukar godtgjersla og det er budsjetttert med ei ekstra utbetaling av feriepengar/etterløn til neste år.

Funksjon 110 Kontroll og revisjon har i sitt forslag bedt om mindre endringar på sin budsjettpost til sekretariatet (Hordaland fylkeskommune), kurs og revisjon.

5.5 Administrasjon

5.5.1 Om tenestene

Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, merkantile oppgåver, IKT, informasjon, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling. I tillegg har rammeområdet/tema utgifter til eigedomsforvaltning (funksjon 121) og reinhald, forvaltning, drift og vedlikehald av rådhuset (130).

Frå nytt heradsstyre vart konstituert 15. oktober 2019, gjeld ny kommunelov. I den nye lova er det nokre endringar i det som omhandlar kommunen sin administrasjon (kapittel 13). Mellom anna er det som tidlegare var omtala som administrasjonssjef, no kalla kommunedirektør. I Kvam herad er tittelen rådmann nytta, men rådmannen vil koma attende med sak i løpet av 2020 der heradsstyre kan ta stilling til om tittelen skal endrast. Uansett tittel, er oppgåva framleid å syta for at saker som vert lagt fram til politisk handsaming, er forsvarleg utgreidd, og utgreiinga skal sje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffa vedtak, og syta for at vedtaket vert sett i verk utan ugrunna opphald. I ny kommunelov er det òg fasetsett at det er kommunedirektøren som har det løpande personalansvaret. I Kvam herad har dette vore delegert rådmannen i mange år, slik at her vil ikkje dette medføra endringar.

I ny kommunelov har internkontroll fått eit eige kapittel (25), og lova er meir konkret i høve kva som vert meint med internkontroll. Administrasjonen har brukt mykje tid på å få på plass eit godt internkontrollsystem dei siste åra. Det er eit krevjande, men nyttig og nødvendig arbeid. Framleis står det att ein del for å få opp systemet på eit høgt nok nivå. Framleis konkluderer forvaltningsrevisjon og tilsyn gjerne med at kommunen gjer mykje godt arbeid/er på rett veg, men manglar nødvendig dokumentasjon. For å sikra at internkontrollsystemet vert vidareutvikla, ajourhalde, att nivået ikkje fell og at organisasjonen har nødvendig oppmerksomd rundt tema, vil rådmannen lysa ut etter fast stilling som kvalitetskoordinator. Frå tidlegare har kommunen eit behov for ein leiarressurs av arbeidet med kontinuerleg forbetring (Lean), men har ikkje lukkast å få tak i ynskt kompetanse når det vart lyst ut som ei mellombels prosjektstilling. Rådmannen ser det som naturleg å utvida innhaldet i stillinga til å omfatta både koordinering av arbeidet med internkontroll og arbeidet med kontinuerleg forbetring, og at dette vil vera viktige oppgåver i overskueleg framtid.

5.5.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Samspel mellom folkevalde og administrasjon	Det er god tillit og avklarte roller mellom folkevalde og administrasjonen	Nytta vedteke dokument (HST-028/19) for rolleavklaring og retningslinjer for kontakt og informasjonsflyt for folkevalde og administrasjon. Gjera kjent og halda delegeringsreglement oppdatert. Delegeringsreglementet skal

		reviderast i løpet av fyrste året i ein ny valperiode. Samarbeidsmøte ordførar/politikarar – rådmann Syta for at saker til politisk handsaming er forsvarleg utgreidd, innanfor fristar Syta for at vedtak vert sett i verk, og melda tilbake om status. Ta i bruk nytt web-basert system for statustilbakemelding.
Internkontroll - kommunelova kap. 25 <i>Kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikra at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen.</i>	Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen	Styrka arbeidet med kontinuerleg kvalitetsforbetring og internkontroll ved å tilsetja i 100 % stilling som kvalitetskoordinator Gjennomføra og følgja opp brukarundersøkingar for å kartleggja opplevd kvalitet Utnytta funksjonalitet i politikarportal Bruka språkprofil i saksskriving og kommunikasjon med andre (Klart språk) Oppretthalda og nytta kvalitetssystem i arbeidet med internkontroll. Gjennomføra tiltak i digitaliseringsstrategi
	Heilskapleg styring og rett utvikling	Gjera kjent og halda administrativt delegeringsreglement oppdatert Bruka og vidareutvikla nytt verksemdstyringssystem, og andre styringssystem
	Godt omdøme og legitimitet	Gjennomføra tiltak i kommunikasjonsstrategi Oppretthalda og nytta kvalitetssystem i arbeidet med internkontroll. Gjera kjent og arbeida vidare med dei etiske retningslinjene for å oppnå tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard
	Etterleving av lover og reglar	Bruka m.a. kvalitetssystem i internkontrollarbeidet.

		Følgja opp ev. tilsyn og forvaltningsrevisjon Ajourhalda delegeringsreglement
Organisasjons- og personalutvikling	Måla kommunen set seg, vert nådd	Bruka og vidareutvikla nytt verksemdstyringssystem, og andre styringssystem Arbeida med tiltak i etterkant av medarbeiderundersøkinga i 2019, ved bruk av KS sin 10-faktor-modell. Sjå og eige kapittel for «Kvam herad som arbeidsgjevar»
Økonomiforvaltning	Føremåla i økonomireglementet vert innfridd: - Skildra økonomi- og rekneskapssystem - Effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning - Økonomistyring - Tilfredsstillande avgjerslegrunnlag for folkevalde - Sikra politisk påverknad i budsjettprosess og økonomistyring - Dokumentera viktige økonomirutinar - Sikra kontinuitet i samla økonomiforvaltning	Bruka og vidareutvikla nytt verksemdstyringssystem, og andre styringssystem Oppretthalda og nytta kvalitetssystem i arbeidet med internkontroll. Følgja opp og gjennomføra innsparingstiltak Laga utkast til økonomiplan i junimøte og budsjettkonferanse i november
Innkjøpsstrategi - <i>Best mogleg verdiskaping til lågast mogleg ressursbruk</i>	<i>Best mogleg verdiskaping til lågast mogleg ressursbruk</i> - Rett kvalitet for å dekkja behova til kommunen på best mogleg måte - Fremja effektiv ressursutnytting - Gjennomføra effektive innkjøpsprosessar - Fremja konkurranse - Ta samfunnsansvar	Gjennomføra tiltak i tråd med tiltaksplan for innkjøpsstrategi for 2017-2020, og laga ny for komande år Bruka eHandelsløysing (web-butikk) og programvare til gjennomføring av anbodskonkurransar
Digitalisering	Heilskaplege og samanhengjande digitale tenester for å møta	Gjennomføra tiltak i tråd med «Digitaliseringsstrategi 2018-2021», mellom anna:

	innbyggjarane og næringslivet sine behov og for å kunne utnytta digitale data i planlegging og oppfølging av eigne tenester. Digitalisering i kommunane legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan medverka til å auka produktiviteten i både privat og offentlig sektor.	• Bruka klart og tydeleg språk • Gje tilgang til offentlege data • Auka digital kompetanse • Nytt felles offentlege løysingar og standardar, som "Mi sida" • Sikra informasjon og personvern • Nytt og vidareutvikla kommunen si internett- og intranettløyning, der interessentar har tilgang 24/7/365 • Aktiv deltaking i regional digitaliseringsarbeid for Hordaland
Arkivplan	Arkivplanen skal sikre at Kvam herad tek i vare arkivansvaret sitt etter arkivlova § 6: «Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid.»	Ajourhalda og gjera kjent internt kvam.arkivplan.no Revisjon av arkivplanen
Forvaltning av arkiv og dokument	Kvam herad skal ha ei heilskapleg forvaltning av arkiv og dokument.	Jobba for etablering av nytt arkiv Nytt Interkommunalt arkiv Hordaland (IKAH) til langtidslagring av mellom anna personalarkiv
Fellessekretariatet	Fellessekretariatet skal ha ei sentral rolle som informasjonsformidlar og vera kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommunen.	Telefonsystem – overgang til mobil eller ringing gjennom datasystem
Informasjon og personvern	Kvam herad skal sikre at rett informasjon er tilgjengeleg til rett person.	Bistå einingar (i første omgang skulane) i overgang til bruk av arkivsystemet Websak Ta i bruk e-signering i heile organisasjonen

	Kvam herad skal syta for innebygd personvern i alle løysingar. Kvam herad skal syta for styringssystem for sikring av informasjon.	Tilgang til offentlege dokument via innsynsportal Digitalisera fleire arkiv, mellom anna eigedomsarkivet
Eigedomsforvaltning	Eigedomsforvaltning skal - dekkja prioriterte brukarbehov - ha effektiv arealutnytting - ha verdibevarande vedlikehald - vera kostnadseffektiv - ha målretta utviklinga av eigedomane sine kvalitetar - vera hensiktsmessig organisert - ha rette økonomiske rammevilkår - ivareta lovpålagte krav	Sjå eige særtema for kommunale bygg. Nytta kartlegging av eigedomar, eigedomsstrategi og retningslinjer for utleige av kommunale bygg og eigedomar i forvaltning av kommunen sine eigedomar.

5.5.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon	28 857	30 974	30 862	5 698	36 560	32 171	32 377	32 377
120 ADMINISTRASJON	25 041	27 116	26 616	6 722	33 338	28 949	29 155	29 155
FORVALTNINGSUTGIFTER I								
121 EIENDOMSFORVALTNINGEN	2 465	2 292	2 280	-529	1 752	1 752	1 752	1 752
130 ADMINISTRASJONSLOKALER	1 350	1 566	1 966	-495	1 471	1 471	1 471	1 471

Funksjon 120 Administrasjon har netto auke på 6,7 mnok. Den største auken gjeld prosjektarbeid med E-taksering, estimert til 3,9 mnok. Vidare medfører redusert sal av IT-tenester til andre kommunar, ei auke på ramma med 0,35 mnok. Microsoft-lisensar aukar med 0,2 mnok pga valutasvingingar, og andre lisensar aukar med 0,5 mnok. 0,3 mnok gjeld auke for arbeid med fjernarkiv som må utførast i 2020, medan 0,5 mnok auke gjeld kvalitetskoordinator med heilårleg verknad. Det låg inne ei stilling frå midten av 2019 til prosjektstilling som Lean-koordinator. Stillinga har stått vakant i 2019, og er no foreslått endra til ei fast stilling som kvalitetskoordinator for internkontroll og kontinuerleg forbetring. Ny koordinator vil truleg ikkje koma på plass fyrste halvår,

men på grunn av arbeidsmengda på området må det truleg kjøpast mellombelse ressursar inntil denne er tilsett, enten internt eller eksternt.

Vidare gjeld 0,3 mnok i auke ny fordeling av løn til administrativ leiing, frå andre tenester, 0,2 mnok auke er 20 % for mellombels vakant stilling i informasjonstenesta, 0,3 mnok auke gjeld ny fordeling mellom økonomi og sjølvkost. Øvrige endringar gjeld generell lønsauke og ny fordeling av løns- og fakturaavdelinga.

Funksjon 121 er redusert med 0,5 mnok fordi alle forsikringane knytt til kommunen sine eigedomar er flytta og samla på funksjon 180.

Funksjon 130 Administrasjonslokale har ein reduksjon på 0,5 mnok. 0,2 mnok er justering av budsjettet for elektrisitet til faktisk forbruk for å oppnå større presisjon i budsjettet. Øvrig reduksjon på 0,3 mnok er løn til fordeling som er justert etter faktisk forbruk i 2019.

5.6 Barnehage

5.6.1 Om tenesta

Barnehageområdet omfattar funksjonane 201-Førskule, 211-Styrka tilbod til førskulebarn og 221-Førskulelokale og skyss i KOSTRA.

Barnehagedrifta vert regulert av Lov om barnehagar, Barnehagelova og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Det nasjonale regelverket definerer kva ein barnehage er, stiller krav til det pedagogiske innhaldet og gjev nærare reglar for bemanning, areal og styringsorgan. Barnehagelova § 12 a regulerer retten til barnehageplass. I Kvam er det barnehageplass til alle som har lovfesta rett til plass etter barnehagelova, og som søker før 1.februar kvart år. Søknad etter 1.februar sikrar ikkje barnehageplass. Dette er ei utfordring for nytilflyttarar til Kvam. Det er bemanningsnorm og økonomiske rammer som avgrensar inntaket undervegs i året.

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og skal vera eit trygt og godt oppvekstmiljø til borna sitt beste. Med fokus på lek, trivsel læring og omsorg samarbeider barnehagane med foreldra om å gjera barnehagen til ein positiv utviklingsarena. Totalt har Kvam herad 354 born i sine barnehagar, og 108 tilsette (heil og deltidsstillingar).

Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan som skildrar det pedagogiske arbeidet med mål, metodar og aktivitetar. Årsplanen er basert på rammeplan for barnehage, som er ei forskrift til barnehagelova som gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagen vert leia pedagogisk og administrativt av styrar. Foreldra skal ha høve til å delta og medverka i planlegginga av barnehagen sitt innhald. Foreldra er sikra brukarmedverknad gjennom samarbeidsutvalet.

Ny nasjonal **pedagognorm**, frå 1. august 2018: Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 små barn under 3 år, og ein pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Eit ekstra barn utløyser krav om ein ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Barn tel 3 år frå og med august det året dei blir tre år.

Ny nasjonal **bemanningsnorm frå 01.08.18**: minimumskrav til grunnbemanning i ein ordinær barnehage. Barnehagen skal ha minst ein tilsett per 3 barn når borna er under 3 år, og ein tilsett pr 6 barn når borna er over 3 år.

Vedtekter: I samsvar med Lov om barnehagar har Kvam heradsstyre vedteke felles vedtekter for dei kommunale barnehagane. Kvam Herad har i dag 5 nye/utvida kommunale barnehagar.

Kompetanse. Barnehagane har i 2016-19 delteke i felles kompetanseheving i Læringsmiljø og pedagogisk analyse (LP). Gjennom felles kompetanseheving, har Kvam Herad mål om å gje borna ein trygg og god barnehagekvardag uansett kor dei bur og kva barnehage dei går i. Regjeringa sin kompetansestrategi 2018-2022 skal støtta opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Regjeringa ynskjer å tydeleggjera dei ulike aktørane sine roller og ansvar for kompetanseutvikling og legg til grunn eit godt samarbeid mellom sektorane for å nå måla i strategien. I praksis betyr dette at Kvam i samråd med Hardanger/Voss kompetanseregion, kan søkja Fylkesmannen om kompetansemidlar for å heva kvaliteten i barnehagane. Hausten 2019 startar Norheimsund barnehage med denne kompetansehevinga, saman med høgskulen på Vestlandet.

Kvam herad har eit system for rettleiing og oppfølging av nyutdanna barnehagelærarar. Alle nyutdanna barnehagelærarar får oppfølging i 2 år av våre faste rettleiarar, både individuelt og i faggrupper.

PPT skal arbeida for barn, foreldre og tilsette i barnehage/skule, både på individ- og systemnivå, i høve sakkunnig vurdering, kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT arbeider i eit støttesystem med tidleg innsats inn mot alle barnehagar, for å styrkja dei til både å oppdaga tidleg og setja inn tiltak tidleg. Barn som har behov for ekstra oppfølging har rettar etter barnehagelova § 19a; «*Rett til spesialpedagogisk hjelp*». Kommunen skal fatta vedtak om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne etter ny § 19 g i barnehagelova.

Høgt tal fleirspråklege barn i Kvam krev at barnehagane har god språkleg oppfølging av borna. Barnehageplass til alle flyktningbarn og systematisk bruk av morsmålsassistentar ved oppstart er tiltak for god integrering, og er ein del av introduksjonsprogrammet for fleirspråklege barn og unge.

Ein god barndom hindrar fråfall frå utdanning og arbeidsliv i vaksen alder. Forsking slår fast at høgkvalitetsbarnehagar er med på å utjamna sosiale skilnader, førebyggja psykiske helseplager, og styrkja barn si kognitive utvikling og hindra utanforskap. For å skapa høgkvalitetsbarnehagar må barnehageeigar saman med barnehagane jobba systematisk med kvalitetsutvikling. Dette handlar om tydeleg leiing, organisering av barnehagetilbodet, fagleg medvit og evne til omstilling og endring. Frå 2018 er det utarbeidd kvalitetsrapport til barnehageeigar/heradsstyret, på lik linje med skule.

Kommunebarometer og Kostratal

Kommunebarometeret skriv i sin omtale av barnehage at Kvam herad over tid har god statistikk på barnehageområdet. Resultata viser mellom anna at:

- **Pedagogisk personale.** Delen tilsette med pedagogisk utdanning aukar og ligg no på 44 %
- **Tal barn.** Rundt 90% av alle 1-5 åringar går i barnehage
- **Minoritetsspråklege barn.** 82 % av alle minoritetsspråklege barn går i barnehagehage.

Tabellen viser og at det er utfordringar å jobba vidare med:

- **Menn.** Kvam har sett inn tiltak for å få fleire menn i barnehagane, men ligg framleis for lågt. 11,8 % av dei tilsette i barnehagane er menn, og dei beste barnehagane i landet har 16,7%.
- **Barnehagelærar.** Det er ikkje nok barnehagelærara tilgjengeleg til å oppfylle bemanningsnorma i kommunenorge. Pedagognorma er ei av årsakene.

Storleik. Kommunebarometeret definerer kvalitet i barnehage ut frå tal barn pr. barnehage. Snittet for «den gode barnehage» i Kommunal rapport sitt barometer, vert rekna til 48 born. Våre barnehagar har desse tala: 21, 24, 49, 92 og 157 born, noko som gjer at Kvam får låg skår i barometeret utan at det er dokumentert at dette påverkar den faktiske kvaliteten. Gjennomsnittsbarnehagen i Norge har 48,1 barn, og 72 i Kvam.

Mål og tiltakVisjon for barnehagane i Kvam: «*Me skapar gode barndomsminner og livsglede*»

Hovudmål	Delmål
Alle barn skal oppleva trygg og god barnehagekvardag	Alle barn skal oppleva å vera ein del av eit inkluderande fellesskap kvar dag Ingen skal oppleva å bli utestengt/ mobba Alle skal få oppleva vennskap Alle skal oppleva meistring ut frå egne føresetnader
Alle barnehagane skal ha høg kvalitet	Skapa inkluderande og trygge miljø Styrka fagleg refleksjon over eigen praksis Ha kvalitet i alle rutine-situasjonar Alle tilsette skal vera imøtekomande og profesjonelle i møte med andre Innføra forskingsbasert tiltak «Leikbasert læring» for alle 5-åringar i Kvam. Alle 5-åringar skal få leik og læring innan fagområda: - Sosial kompetanse - Språk - Sjølvregulering - matematikk
Alle barnehagelærarane skal gje god pedagogisk leiing	Tilsette skal oppleva tydeleg fagleg leiing Foreldra skal oppleva profesjonelle og varme vaksne
Alle tilsette i barnehagen skal gje barn tidleg innsats	Alle skal ha kunnskap til å oppdaga og gje hjelp tidleg Alle har ansvar for å be om kvalifisert hjelp frå PPT/støtteteam ved behov
Barn med nedsett funksjonsevne skal få god tilrettelegging.	Sikra aktuelle barn kartlegging og sakkunnig vurdering av hjelpebehov (PPT) Gje aktuelle born vedtak om § 19a spesialpedagogisk hjelp (støtteteam) Gje aktuelle born tilrettelegging i barnehagen etter § 19g

Fleirspråklege barn i barnehagen skal kjenna seg trygge og læra norsk språk	Sikra god start med morsmålsassistent Faste språkgrupper i alle barnehagar med fleirspråklege born Informasjon på ulike morsmål – tett samarbeid med foreldra
Kvam skal ha nok kvalifiserte tilsette	Minst 50 % barnehagelærarar i alle barnehagar Nok barne- og ungdomsarbeidarar (BU) Minst 10 % menn i alle barnehagar
Kvam skal gje god kompetanseheving til alle tilsette	Utarbeida kompetanseplan Arbeida for at fleire tek barnehagelærarutdanning Arbeida for at fleire barnehagelærarar tek vidareutdanning Arbeida for at fleire assistentar tek BU-faget At alle nyutdanna barnehagelærarar får rettleiing Ha ein kommunal plan for intern kompetanseheving: - Gje kurs til nytilsette - Gje tverrfaglege minikurs (døme: seksuelle overgrep, sorg/krise)
Ha ein medviten strategi på korleis barnehagane skal utvikla seg digitalt	Gjennomføra tiltak i tråd med Kvam herad sin digitaliseringsstrategien Kunnskap om pedagogisk bruk av digitale verktøy Innkjøp av digitale informasjons-skjermar i alle garderober (25 stk) Elektronisk kommunikasjonsløyising i samarbeidet med foreldra, Mykid
Brukarmedverknad- Lytt til foreldra si stemme og ta dei på alvor i brukarmedverknad	Foreldre skal i dialog med barnehagen oppleve å bli møtt og lytt til. Gjennomføra SU-møter i barnehageåret Barnehageleiar skal ein gong årleg gjennomføra dialogmøte med foreldrerepresentantar Barnehagane skal ha trygg og god dialog med alle føresette
Å lytt til barnet si stemme	Barnehagane skal sjå kvart einskild barn og lytt til deira ytringar og uttrykk

Fellestema Oppvekst

Tema/utfordring	Mål
Samordning og tverrfagleg samarbeid i Oppvekst Hovudmål: Målgruppa skal få ein trygg oppvekst med gode høve til læring og utvikling.	1. Barn og unge skal få rett hjelp til rett tid. 2. Innsatsen skal vera førebyggjande med tydeleg familieperspektiv 3. Tenestene skal vidareutvikla tverrfagleg samhandling på systemnivå 4. Tenestene skal vidareutvikla system/rutiner for tverrfagleg samarbeid kring barn med behov for samansette tenester, men som ikkje har individuell plan 5. Tenestene skal ha kunnskap om kvarandre sine kjerneoppgåver og områder for felles innsats.

5.6.2 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Barnehagar	48 797	55 038	55 645	3 700	59 345	59 195	60 313	60 013
201 BARNEHAGE	42 318	47 156	47 523	2 125	49 648	49 498	49 798	49 498
211 STYRKET TILBUD TIL FØRSKOLEBARN	2 977	4 315	4 315	-272	4 043	4 043	4 861	4 861
221 BARNEHAGELOKALER OG SKYSS	3 502	3 567	3 807	1 847	5 654	5 654	5 654	5 654

Funksjon 201 Førskule viser ein netto auke på 2,1 mnok. Lønnsauke utgjør 1,1 mnok og auke knytt til fleire lærlingeplassar er på 0,25 mnok. Kvam herad mottok i 2019 eit øyremerkta tilskot frå staten på 0,9 mnok knytt til innføring av bemanningsnorm, som fell vekk i 2020. Det er auke i brukarbetaling på 0,2 mnok og det er lagt inn ei auke på 0,15 mnok til naudsynt utstyr i barnehagane, mellom anna til kjøp av nettbrett i samband med innføring av elektornisk kommuniskajonsløyse mellom heim og barnehage. Vidare vart det i 2019 nytta 0,1 mnok til kjøp av tenester til bygg som ikkje er vidareført til 2020. Det er ikkje auke i tilskotet til privat barnehage. Tilskotet er basert på 2018-rekneskapen.

Funksjon 211 Styrka tilbod til førskuleborn viser ein reduksjon på 0,3 mnok, der 0,2 mnok er ein reduksjon i lønn knytt til omprioriteringar innan PPT. Vidare er det forventet ein auke på 0,1 mnok i øyremerkta tilskot knytt til busetjing av flyktingar med kjente funksjonshemmingar.

Funksjon 221 Barnehagelokaler og skyss har ein auke på 1,8 mnok. Av desse er 1,6 mnok knytt til løn reinhald og 0,2 mnok er andre lønspostar. Kvart år vert lønsmidlane til reinhald og FDV bygg fordelt ut på relevante funksjonar, og basert på faktisk forbruk tidlegare år er denne funksjonen auka noko opp.

5.7 Grunnskuleopplæring

5.7.1 Om tenesta

Grunnskule omfattar funksjonane 202-Grunnskule inkl pedagogisk psykologisk teneste (PPT), 213-Vaksenopplæring (inkludert kommunelogoped), 215-Skulefritidstilbod, 222-Skulelokale, 223-Skuleskyss.

Grunnskuledrifta vert regulert av gjeldande Lov om grunnskolen, *Opplæringslova*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Lova handlar om rettar og plikter knytt til opplæring og skulegang i Noreg. Formålsparagrafen § 1-1: *Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Det er 6 kommunale og ein privat grunnskule i Kvam;

Strandebarm skule 1-10	Kvam ungdomsskule 8-10
Norheimsund skule 1-7	Øystese skule 1-7
Tørvikbygd skule 1-7	Ålvik skule 1-7
Norheimsund friskule 1-10	Vaksenopplæringa, grunnskule vaksne

Kvammaskulane har pr. 01.10.19, 1.024 elevar, 13,18 årsverk leiing og kontorpersonale, 109,34 årsverk undervisningspersonale, 17,27 årsverk fagarbeidarar/assistentar og 7,53 årsverk knytt til SFO.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen gjev fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Læreplanen sin generelle del utdjuar formålsparagrafen i opplæringslova, gjev overordna mål for opplæringa, inneheld verdi- og kunnskapsgrunnlaget, og det kulturelle grunnlaget for grunnskulen. Nytt læreplanverk: Fagfornyninga, trer i kraft hausten 2020.

Opplæringslova §13-10 fastset at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Kvalitetsrapporten skal drøftast av skuleeigar/ heradsstyret, og leggjast fram for heradsstyret årleg. Leiinga har siste åra starta ein prosess for å auka medverknad kring utarbeiding av innhaldet, og gjera dokumentet meir lesarvenleg.

Om lag 169 elevar 1-4.klasse har **SFO**-tilbod. Kommunen pliktar å ha eit skulefritidstilbod, (jf. § 13-7 i opplæringslova). Innhaldet skal ta utgangspunkt i borna sin trong for omsorg og leik, og fremja sosial læring. I tillegg til kulturaktivitetar skal fysisk aktivitet, frileik, oppleving og undring knytt til natur- og uteområde vera ein viktig del av dagen. Det er SFO på alle barneskular, med unntak av Tørvikbygd, der borna dette året får SFO i barnehagen.

Vaksenopplæringa er heimla i Opplæringslova kapittel 4A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*:

1. Grunnleggjande opplæring i norsk/samfunnskunnskap etter introduksjonslova, 44 elevar.
2. Grunnskuleopplæring § 4A-1. Vaksne som ikkje har vitnemål i einskilde fag, 12 elevar.
3. Spesialpedagogisk avdeling for vaksne, § 4A-2. 24 elevar.
4. Realkompetansevurdering for vaksne på grunnskulen sitt område, 1 elev

Målsetjinga er at dei skal få kompetanse og haldningar som gjer dei i stand til å meistra eigne liv og høve til å delta i skule, arbeid og samfunn. Undervisninga skal vera tilpassa både med omsyn til

organisering og innhald. Vaksenopplæringa samarbeider med andre deler av det kommunale tenesteapparatet, slik at opplæringa kjem den enkelte elev, kommunen og arbeidslivet til gode.

PPT er heimla i Opplæringslova § 5-6: Kvar kommune skal ha ei pedagogisk psykologisk teneste.

1) Tenesta skal sørgja for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jf. § 5-1 om retten til spesialundervisning: *Eleva som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.* Det er det samla tilbodet til eleven som skal vurderast. Sakkunnig vurdering byggjer på kartlegging av eleven sine læreføresetnader og læringsmiljøet eleven er ein del av. Ut frå samla vurdering beskriv ein behovet for spesialundervisning (§5.1), eller behovet for tilrettelegging i ordinær opplæring (§1.3). PPT arbeider tverrfagleg

2) Tenesta skal hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanseheving og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for eleva med særlege behov. I dette arbeidet skal PPT fremja eit inkluderingsperspektiv. På systemnivå er PPT sentral i skulane og barnehagane sine utviklingsprosessar, og oppbygging av støttesystem i ordinær opplæring. PPT har ei sentral rolle i å kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagar og skular, slik at rutinar og gjennomføring kring tidleg innsats/ born som treng ekstra støtte, vert utvikla likt i kommunen. PPT deltek som rettleiarar i LP-arbeidet i skular og barnehagar.

Utvalde nøkkeltall

Kostra

- Eleva med spesialundervisning: Kvam har helde seg stabilt under 9 % sidan 2015.
- Gjennomsnittleg grunnskulepoeng ligg Kvam over både landet og kostragruppe 11.
- Netto driftsutgifter til grunnskulesektoren pr. innbyggjar (124 934,6) ligg over kostragruppe 11 (116 553,2). Dette kan blant anna forklarast med skulestruktur (2 små skular). I tillegg har me tal på at me samla har færre barn pr. lærar (lågare gruppestørrelse) noko som påverkar kostnadene våre. Me tildeler fleire timar i snitt til dei som treng spesialundervisning og me gjev meir ekstra ressursar til skulane våre for elevane med omfattande behov.
- Kvam har høgare andel eleva som får særskildt norsk i høve samanliknande kommunar, men kvar elev får vesentleg færre årstimar særskildt norsk enn eleva i samanliknande kommunar.

Kommunebarometer

- Dei «grønaste» områda: Trivsel 10.trinn, tal lærarar med kompetanse til å undervisa i basisfag i barneskulen og ungdomsskulen, avgangskaraktarar 10.klasse, del eleva med spesialundervisning og del eleva som gjennomfører vidaregåande opplæring innan 5 år.
- «Gule område» indikerer tema i gjennomsnittet, til dømes nivået på spesialundervisning.
- Det «raudaste område» : Innan skule ligg Kvam aller dårlegast når det gjeld leksehjelp på 1-4.trinn. Årsaka til dette er at rektorane dei siste åra har valt å gje all leksehjelp til 5-7.trinn, og difor kjem me dårleg ut i denne indikatoren.

Elevane i Kvam herad skil seg ikkje særleg frå landsgjennomsnittet. Dei trivst i stor grad på skulen og saman med lærarane sine. Prøveresultata viser at ved fullført grunnskule ligg elevane i Kvam på høgde med nasjonalt nivå. Det er sær god gjennomføringsprosent i vidaregåande skule for elevane frå

Kvam, noko som indikerer eit solid grunnlag frå grunnskulen og at dei vidaregåande skulane i Kvam jobbar godt med å motivera elevane til å fullføra vidaregåande skulegang.

5.7.2 Mål og tiltak

Hovudmål	Delmål
Alle elevar i Kvam skal oppleve trygt og godt skulemiljø i undervisningstimar og friminutt.	Ingen elevar skal oppleve å bli mobba. Skulane føl aktivitetsplikta og lagar aktivitetplan innan ei veke Skulane skal arbeida førebyggjande i høve mobbing. Alle skal oppleve å vera inkludert Elevane skal utvikla trygg sosial og emosjonell kompetanse som gjer dei istand til å ta del i vidare utdanning og arbeidsliv.
Alle elevar skal vera inkludert i ordinær opplæring.	Alle elevar som går ut av grunnskulen skal meistra grunnleggjande ferdigheiter som gjer dei istand til å ta del i vidare utdanning og arbeidsliv. Kvar elev skal få utvikla sitt potensiale for læring. Ved fullført grunnskule skal elevane ha høgare gjennomsnittleg grunnskulepoeng enn landssnittet
Opplæringa skal tilpassast etter evner og føresetnader	Elevar som har det vanskeleg skal få tidleg hjelp Tilsette som står i ekstra vanskelege undervisnings-situasjonar skal få hjelp og oppfølging Alle tilsette skal ha felles, positivt elevsyn, og forstå at eleven si eventuelle utfordrande åtferd er uttrykk for noko. Fleirspråklege elevar skal få morsmålsassistent første tida i skulen. Fleirspråklege elevar med rett til særskilt norskopplæring skal få det for å utvikla funksjonelt norsk språk Fleirspråklege elevar skal få tiltrekkleg norskspråkleg kompetanse for læring, sosial utvikling og vidare deltaking i utdanning og arbeidsliv
Elevane skal utvikla kunnskap for framtida	Elevane skal få digital kompetanse som dei nyttar til innovasjon, kreativitet og auka læringsutbytte Elevane skal verta rusta til å møte eit samfunn i rask endring. Dei skal få utvikla si skaparglede, kreativitet og tru på seg sjølv gjennom arbeid med entrepenørskap, forskning og innovasjon

	Elevane skal få utvikla kritisk tenking og evne til problemløysing
	Lærarane skal få utvikla kompetanse i tråd med forskning og nasjonale føringar
Elevane skal utvikla kunnskap, dugleik og haldningar for å kunna meistra livane sine	Livsmeistring skal vera ein del av heile skuletilbodet, og inkluderast i faga. Alle grunnskuleelevane i Kvam skal direkte på vidaregåande skule eller er i eit tilbod som førebur dei til vidaregåande opplæring Alle flyktningar skal få eit fullverdig kvalifiseringsprogram i samarbeid med NAV som sikrar norsk språk Vaksne som har behov for grunnskuleopplæring eller realkompetansevurdering skal få tilbod om dette
Kvam skal ha kvalifiserte tilsette i skulane	Berre kvalifiserte lærarar skal undervisa elevane våre Lærarar skal få støtte til vidareutdanning ut frå behov i organisasjonen Assistentar vert oppfordra til å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar Tilsette skal få lokal kompetanseheving ut frå dei behova dei står i dagleg
Elevane skal ha medansvar og rett til medverknad	Elevane skal verta høyrde i skulekvardagen Eleven si stemme skal dokumenterast i skulemiljøsaker
Foreldra si stemme	Me vil vera ein skule-kommune som viser at me lyttar til føresette
Tverrfagleg samarbeid og samordning i Oppvekst	Skulane skal få kunnskapsvekst frå fagpersonar i KFL På tvers av tenestene i Oppvekst og gjennom tett samarbeid med foreldre, frivillige og andre samarbeidspartar, skal me stå saman rundt barn og unge og gje dei høve til utvikling og meistring i oppveksten Kvam familie- og læringssenter skal bidra med fagleg støtte og veiledning til skulane for å lykkast med å skapa best mogleg læringsmiljø Tenestene i Oppvekst skal jobba kontinuerleg med forbetningsarbeid retta mot barm unge og familie

5.7.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Grunnskuleopplæring	101 681	111 188	111 850	8 260	120 111	121 084	122 334	120 611
202 GRUNNSKOLE	81 759	91 933	91 774	5 633	97 406	98 379	99 629	97 906
213 VOKSENOPPLÆRING	4 602	5 015	5 015	-180	4 835	4 835	4 835	4 835
215 SKOLEFRITIDSTILBUD	1 696	1 773	1 822	191	2 014	2 014	2 014	2 014
222 SKOLELOKALER	9 271	8 593	9 365	2 616	11 981	11 981	11 981	11 981
223 SKOLESKYSS	4 354	3 875	3 875	-	3 875	3 875	3 875	3 875

Funksjon 202 Grunnskule har ein samla auke på 5,6 mnok.

Lønsveksten utgjør 1,8 mnok. Vidareutdanning for lærarar er auka med 0,2 mnok. Kvam herad mottok i 2019 eit øyremerka tilskot frå staten på 2,1 mnok til auka lærarinnsetning 1-10 trinn. Dette tilskotet er lagt inn i rammetilskotet frå 2020. Transport til symjeundervisning i Hardangerbadet gjev ein auke på 0,3 mnok. Vidare er det lagt inn ein auke på 0,2 mnok til naudsynt inventar og utstyr og ein auke på 0,9 til innkjøp av læremidlar til fagfornyninga. Andre mindre endringar gjev ein auke på 0,1 mnok.

Funksjon 213 Vaksenopplæringa har netto reduksjon på 0,2 mnok. Grunna nedgang i mottak av flykningar er det ein reduksjon på 0,4 mnok i øyremerka tilskot frå staten. Lønnsauken utgjør 0,2 mnok.

Funksjon 215 Skulefritidsordninga har ein auke på 0,2 mnok. Auken er lønnsauke og redusert brukarbetaling grunna innføring av redusert foreldrebetaling for born på 1. og 2. trinn, for familiar med låg inntekt (gjeld f.o.m. 01.08.2020)

Funksjon 222 Skulelokaler har ein auke på 2,6 mnok i intern omfordeling mellom tenestene. Avviket skuldast i hovudsak fordeling av lønsbudsjettet til FDV-bygg som inkluderar reinhald, drift av tekniske anlegg, elektrisitet og byggdrift. Fordelinga skjer basert på faktisk forbruk, og for 2020 er budsjettet auka noko opp på grunn av auka straumprisar og vedlikehald.

Funksjon 223 skuleskyss har ingen endringar

5.8 Kommunehelse

5.8.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 232-Førebygging - skule og helsestasjonsteneste, 233-Anna førebyggjande helsearbeid og 241-Diagnose, behandling og rehabilitering. Tenestene vert i hovudsak utførte av folkehelsekoordinator, helsestasjonstenesta, ergo- og fysioterapitenesta, kommunepsykolog og legetenesta. Tenesteytinga i helse- og omsorgstenesta er regulert i Folkehelselova, Helse og omsorgstenestelova, Smittevernlova, Pasient- og brukarrettighetslova, Helsepersonell-lova og eit omfattande tal forskrifter. Retten til nødvendig hjelp frå helse og omsorgstenesta er regulert i Pasient og brukarrettighetslova § 2-1a.

Folkehelse er samfunnet sin innsats for å fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og medverka til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Kvam herad har folkehelsekoordinator i heil stilling. Folkehelsearbeidet er heilskapleg og omfattar både offentleg, privat og frivillig sektor. Målet er å utvikla eit samfunn som legg til rette for helsegunstige val, fremjar tryggleik og medverknad for den einskilde, førebyggjer sjukdom og skade og legg til rette for gode bu- og oppvekstvilkår.

Arbeidet med kommunen sitt første oversiktsdokument over helsetilstanden og faktorar som påverkar helsetilstanden, «Folkehelseoversikt for Kvam 2016 – 2019 » viser at innbyggjarane i Kvam i det store og heile har god helse. Ny folkehelseoversikt er under arbeid og vert fullført våren 2020.

Folkehelsekoordinator sine oppgåver er mellom anna : plan- og analysearbeid, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, utforming av søknader, koordinering, planlegging og gjennomføring av tiltak innan ulike temaområde og tilrettelegging for eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta i Kvam herad er organisert i eining for oppvekst, og har eit nært samarbeid med eining helse- og omsorg. Tenesta har 6,95 årsverk inkludert leiar, og har base ved Norheimsund helsestasjon med utekontor ved legekontora i Strandebarm, Øystese og Ålvik.

Oppgåvene er heimla i Helse- og omsorgslova. Kommunen har ansvar for at tilbodet er tilgjengeleg for målgruppene, og at dei tilsette har nødvendig kompetanse og ressursar. Helsestasjon og skulehelsetenesta skal vera eit lågterskeltilbod. Kommunen har ansvar for å overvaka helsesituasjon til alle born i kommunen, og skal planleggja og gjennomføra tiltak som fremjar ei best mogleg fysisk og psykisk helse blant gravide, barn og unge. Tenesta skal leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er eit allment tilbod til gravide, barn og ungdom i alderen 0-20 år og deira foreldre. Tenesta skal bidra til å førebyggja sjukdom og fremja god fysisk og psykisk helse. Hovudoppgåvene er helseundersøkingar, vaksinasjonar, opplysning, råd og rettleiing. Tiltak for å styrkja eigenmeistring hos barn og unge og korleis foreldra meistarar foreldrerolla, er også sentralt i arbeidet. Helsestasjonstenesta har eit heilskapleg perspektiv på førebygging og skal difor driva tverrfagleg arbeid.

Arbeidet vert utført av helsesøster, jordmor, lege og fysioterapeut. Det skal vera lett å oppsøkje tilbodet i helsestasjon og skulehelsetenesta, og brukarane skal oppleve at dei vert tekne på alvor med små og store helseproblem og utfordringar.

Helsestasjonen har også oppgåver knytt til smittevernarbeid i kommunen, som tuberkulosekontroll, reisevaksine, influensavaksinering og helsestasjon for flyktningar. Tenesta når alle familiane i kommunen i ein tidleg fase i livet.

Ergo- og fysioterapi

Ergo- og fysioterapitenesta skal gje førebyggjande og kurative tenester til alle aldersgrupper. Det er utarbeidd eigen temaplan for tenesta. Dei kommunale fysioterapeutane og ergoterapeuten har ansvar for å organisera tilbod til brukarar med samansette behov eller store funksjonsnedsetjingar. I tillegg til undersøking og behandling, har dei oppgåver som tilrettelegging for sosial deltaking, aktivitet, det å kunne bu i eigen bustad og å søkje om naudsynte hjelpemidlar. Dei er sentrale i kommunen sitt habilitering- og rehabiliteringsarbeid og har også førebyggjande oppgåver.

Fysioterapiinstitutta gjev tilbod til dei som har muskel- skjelettlidingar, psykosomatiske lidningar eller treng opptrening etter skade, operasjon eller rehabilitering. Det er privatdrivne fysioterapiinstitutt i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Kommunen gjev tilskot til drifta i form av driftstilskot.

Ergo- og fysioterapitenesta har brei kompetanse og er ein viktig basisressurs i helse- og omsorgstenesta. Fleire av dei tilsette er spesialistar. Barnefysioterapi er fagleg ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta i tråd med lokale og sentrale føringar.

Tenesta har 1 ergoterapeut, 4,23 fastlønna fysioterapeutar, 1 turnuskandidat og 6,35 driftsheimlar.

Utviklingstrekk- utfordringar

Ergo- og fysioterapitenesta har hatt ein auke i oppgåver, spesielt etter føringar i Samhandlingsreform. Ny kunnskap tilrår i større grad enn tidlegare trening som alternativ til operasjon eller utsetjing av operasjon. Nye operasjonsmetodar innan muskel-skjelett krev i større grad auka treningsbehov. Auken i oppgåver gjev seg utslag i lengre ventelister og krevjande prioriteringar i det daglege.

Tenesta ser eit auka behov for tidleg innsats, og for barnefysioterapi spesielt.

Psykolog for barn og unge

Tenesta er organisert i Familiesenteret saman med familieterapeutar og utekontakt. Oppgåvene er heimla i Lov om Helse og Omsorgstenester, under tema helsefremjande og førebyggjande arbeid. Familiesenteret skal ha fokus på tidleg innsats og arbeida tverrfagleg. Oppgåvene til psykologen er delt mellom allmennpsykologisk, og helsefremjande/førebyggjande arbeid. Tenesta skal vera lett tilgjengeleg, og det er ikkje krav til skriftleg tilvising. Den skal bidra til at barn og unge får rask vurdering av behovet for psykisk helsehjelp og «rett hjelp til rett tid». Ved behov, kan psykologen tilvisa til psykisk helsevern for barn og unge, som fastlege og barnevernsteneste. Tilbodet omfattar psykisk helsehjelp for lette og moderate vanskar i form av kortvarig hjelp, støttesamtalar, rettleiing til føresette, barnehage/skule og andre kommunale tenester. Psykologen samarbeider tett med dei

andre i Familiesenteret. Frå 2020 er alle kommunar pålagt å ha psykolog i den kommunale helsetenesta.

Legetenesta

Legetenesta famnar om alt frå kurativ legeteneste, allmennmedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Dette er lovpålagde tenester og basisfunksjonar som er avgjerande for å skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige helse og omsorgstenester av god kvalitet.

Åtte av ti fastlegar er spesialistar i allmennmedisin og to er i spesialisering. Kommunen deltek i ALIS-vest prosjektet (allmennlege i spesialisering). Kommuneoverlegestillinga har i tillegg til kommunelegeoppgåver oppgåver innan sjukeheimsmedisin. Kommuneoverlegen er leiar for legetenesta.

Kurativ verksemd – fastlegetenesta

Alle som bur i kommunen har rett til ein fastlege. I Kvam er det legekontor i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Totalt er det ti fastlegar, ein i Ålvik, fem i Øystese og fire i Norheimsund. I Norheimsund er det også LIS 1 lege (tidlegare turnuslege). Dei to store kontora er privat drivne med basistilskot frå kommunen. Strandebarm legekontor vert drive som kommunalt utekontor. Fire legar deler på arbeidet i Strandebarm. Ålvik legekontor vart etablert som kommunalt kontor 1.9.2018. Saman med legane arbeider det til saman ni helsepersonell i ulike stillingsstorleikar ved legekontora.

Allmennmedisinske offentlege oppgåver

Kvar einskild fastlege kan tilpiklast å ta del i arbeid med sjukeheimsmedisin, skulehelseteneste og helsestasjonsteneste i inntil 7,5 time pr. veke i full stilling. Kommunen har prioritert å ha legane med på dei ulike arenaane innan helse og omsorg og legg praktisk til rette for at dei kan vera det.

Samfunnsmedisinske oppgåver – kommuneoverlege

Kommunen skal ha ein eller fleire legar som medisinske rådgjevarar. Funksjonen skal ivareta oppgåver som plan,-system,-beredskaps,- smittevern- og miljøretta helsevernarbeid. Samfunnsmedisinsk kompetanse er også nødvendig i interkommunalt samarbeid og samarbeid med spesialisthelsetenesta, t.d. arbeid med samarbeidsavtalar, tenesteavtalar, prosjekt og prosessarbeid.

Legevakt

Kommunen si legevaktordning skal sikra innbyggjarane sine behov for øyeblikkeleg hjelp-tilbod heile døgnet og er ein del av den allmenne beredskapen i kommunen. Kvam legevaktstasjon er ein av tre legevaktstasjonar i Hardanger og Voss legevaktstasjon og er lokalisert ved Kvam lokalmedisinske senter på Toloheimen. Legevaktstasjonen består av Kvam legevaktsentral og legevaktlokala. I opningstida ved fastlegekantora fungerer legekantora som legevaktlokala. Ein vakthavande lege skal vera tilgjengeleg i nødnettet heile døgnet. Kvam har samarbeidsavtale med dei andre kommunane i Voss sjukehusområde om legevakt på natt . Voss kommune er vertskommune, og legevakta er på natt lokalisert i sjukehuset på Voss.

I tillegg til legane er det tilsett sju sjukepleiarar i til saman 288 % stilling ved legevakta.

Kvam legevakt er ein av sju «vakttårnlegevakter» i Noreg og er slik leverandør av data til nasjonal statistikk for legevakt. Kommunen samarbeider med nabokommunane, føretaket og andre lokale døgntenester, t.d. brann og redningstenesta og helse og omsorgstenesta elles for å sikra gode løysingar for akutttilbodet.

Utviklingstrekk- utfordringar

Fastlegeordninga vart innført i 2001. Siste året har det både i fagmiljøa og i nasjonale media vore peika på at *fastlegeordninga er i krise*. Rekrutteringsvanskar og flukt frå fastlegestillingar skjer ikkje lenger berre i småkommunar, men også i dei store byane. I Kvam har me i mange år hatt eit stabilt fastlegekorps, men me er no i eit begynnande generasjonsskifte. I tillegg til rekrutteringsutfordringar rapporterer fastlegane om auka mengd oppgåver, noko som også vert stadfesta i KS si *Evaluering av fastlegeordninga 2019*. Rådmannen vil i 2020 leggja fram ei politisk sak om fastlegeordninga i Kvam. Saka vil konkretisera utfordringsbilde og koma med forslag til tiltak.

Kommunehelse har hatt eit innsparingskrav i mange år, som berre er delvis innfridd. I 2020 ligg det att krav på kr. 800 000 som ikkje er løyst. Dette kravet er svært vanskeleg å innfri med dagens struktur og avtaler, og vil bli nærare adressert i den komande saka om fastlegeordninga i Kvam.

5.8.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Folkehelse		
«Helse i alt me gjer».	Alle i kommunen skal ha forståing for «helse i alt me gjer» og arbeida for å nå dette målet	Utvikla målretta informasjon til alle einingar omkring «helse i alt me gjer» Overordna folkehelsegruppe i kommunen og deltaking i folkehelsgruppe interkommunalt og på fylkesnivå
Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.	Meir systematisk samarbeid mellom kommunen og frivillig sektor.	Etablera møtestadar Meir kunnskap og informasjon om korleis samarbeida med frivillige lag og organisasjonar til dei tilsette i kommunen

		Tilretteleggja for meir samarbeid med frivillige lag og organisasjonar på fleire avdelingar Starta arbeidet med kommunedeplan om frivillig arbeid
--	--	---

Helsestasjon og skulehelseteneste

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Nasjonale føringar	Styrkja skulehelsetenesta Fylja nye veiledande normtal for Helsestasjon- og skulehelsetenesta Løysa nye oppgåver som blir lagt til helsestasjon- og skulehelsetenesta. Forsetja arbeidet med å implementera dei nye retningslinjene i helsestasjon- og skulehelsetenesta gjennom prosjektarbeid	Fylgja nasjonal opptappingsplan. Helsesøster skal vera meir tilgjengeleg for elevar på alle skulane kvar veke Søkja på aktuelle tilskotsmidlar/øyremerka tilskot - HPV vaksinerings til gutar - Setje i verk nødvendig kompetanseheving for å kunne utføra nye oppgåver spesielt mtp å førebyggja vald og overgrep i tråd med nasjonal opptappingsplan 2017-2021 - Vidareføra arbeidet med å verta ammekyndig helsestasjon. Etablert prosjektgruppe held fram arbeidet med implementering av nye retningslinjer og utarbeida eit godt kvalitativt systemarbeid som er bygd på sentrale føringar.

Prevensjon	Få ned talet på abortar (nasjonalt mål)	Kompetanseheving held fram. Helsesøster/jordmor - utvida rett til å skriva ut prevensjon
Rekruttering	Fortsetja å rekruttera helsesøster til kommunen vår som kan tre inn i ledige stillingar	Ha tett kontakt med høgskulen Oppmoda sjukepleiarar i eigen kommune til å ta helsesøsterutdanning Delta i faglege nettverk
IKT	Ha effektive digitale verktøy	Utføra tiltak i tråd med digitaliseringsstrategi Arbeidet med å innføra E-meldingar fortset. Kontinuerleg kompetanseheving for å kvalitetssikre rett bruk og gode løysingar i fagsystemet.
Samhandling med andre	Bidra til å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen vår, og styrkja det som bidreg til betre helse	Tilby lågterskeltilbod for ulike målgrupper i skulen Vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrelaterte og psykiske vanskar
Tverrfaglegsamarbeid og samordning i Oppvekst	Sjå tekst Fellestema oppvekst under barnehage	

Ergo- og fysioterapi

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Habilitering og rehabilitering	Dreie tenestene mot meir førebygging, mestring og rehabilitering	Innføra kvardagsmestring som tankesett hos alle tilsette Fortsetja å fokusere på begrepet “ Kva er viktig for deg” i møte med brukarane Gjennom holdningsarbeid dreia tankesett og tenester <i>frå passiv mottakar til aktiv deltakar</i> Fylge opp tiltak i plan for Rehabilitering og plan for Habilitering
Førebyggjande arbeid og tidleg innsats	1.Leggja til rette for at flest mogleg kan bu heime lengt mogleg 2.Gode levevaner	1.Gruppetilbod for fleire med fokus på funksjonsnivå (styrke/balanse m.m.) Styrka dei ambulante heimetenestene i tråd med Utviklingsprosjektet i pleie og omsorg Kvardagsrehabilitering for fleire 2.Innføra“ Kvardagssteg” som fast tiltak for barn/unge
Auke i oppgåver grunna tidlegare utskriving frå sjukehus og forventa rask respons og lange ventelister	Tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod	Evaluerer prioriteringsnøkkelen i fysioterapitenesta Rullera Plan for fysioterapi- og ergoterapitenesta 2013-2020

Kommunepsykolog

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Press på individretta oppgåver. System- og utviklingsoppgåver vert nedprioritert.	Betre balanse mellom oppgåvene.	Samordna ressursane i Familiesenteret. Nytta ressursen betre for fleire ved å gje gruppetilbod, undervisning og veiledning.
Ressursfordeling	Betre samordning og avklaring med andre tiltak. Hindra "doble" kontaktar.	Tett samarbeid med andre helse- og hjelpetenester som gjev samtaletilbod til barn og unge
Psykologstilling i PPT står vakant.	Rekruttere psykolog i PPT	Samarbeide med Oppvekstsjef, PPT-leiar og ROP v/psykolog om rekruttering.
Samhandling med andre	Bidra til å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge i kommunen og styrkja det som bidreg til betre helse	Tilby lågterskeltilbod for ulike målgrupper i skulen Vidareutvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrealterte og psykiske vanskar.

Legetenesta

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Fastlegeordninga inkludert legevakt	Behalda og sikra rekruttering av nye legar i fastlegeordninga og sikra vikarar til legevakt	Leggja til rette for spesialiseringsløp for nye legar Delta i ALIS-vest prosjektet, søkja tilskot for to nye ALIS stillingar Vidareføra samarbeidet med sjukehus og andre kommunar om utdanningsstillingar
Nye krav i revidert akuttmedisinforskrift	Oppfylle krav i ny forskrift	Vidareføra bakvakt-ordning Opplæring i akuttmedisin og vald i nære relasjonar for legar, sjukepleiarar og helsesekretærar

Ventetid på ambulanse	Avklara behovet og ansvaret for ei akutthjelpar - teneste	Gjennomføra møte om akutthjelpar oppgåver og funksjon
Smittevern	Sikra innbyggjarane nødvendig smittevern hjelp	Oppdatera smittervernplanen og gjera den kjent Ta i bruk infeksjonskontroll-program Implementera rutinar i Compilo
Det er for få helsepersonell som vaksinerer seg mot influensa	At helsepersonell med pasientkontakt vaksinerer seg	God informasjon om fakta Tilby gratis vaksine.
Samfunnsmessig og sosial beredskap	Sikra liv og helse og bidra til at innbyggjarane får nødvendig helsehjelp i kriser og ved katastrofer	Utarbeida ROS i helse-omsorg Laga plan for helsemessig og sosial beredskap
Miljøretta helsevern	Retta avvik etter tilsyn oktober 2019	Risikovurdering, laga interne rutinar og vurdere kjøp av miljøingeniørkompetanse

5.8.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Kommunehelse	25 329	26 680	28 285	-1 588	26 697	26 697	26 697	26 697
FOREBYGGING - HELSESTASJONS- OG								
232 SKOLEHELSETJENESTE	6 876	7 771	8 227	-246	7 981	7 981	7 981	7 981
233 ANNET FOREBYGGENDE HELSEARBEID	1 684	2 227	1 781	-63	1 718	1 718	1 718	1 718
241 DIAGNOSE, BEHANDLING, RE-/HABILITERING	16 769	16 682	18 277	-1 279	16 998	16 998	16 998	16 998

Funksjon 232: Tenesta har totalt ca 0,2 mnok i reduksjon. Dette gjeld differansen mellom løn som er fordelt til andre tenester (0,4 mnok), auken i kommunale driftstilskot (0,13 mnok) og øyremarka tilskot som ikkje er videreført (0,07 mnok).

Funksjon 233: Endringa på 0,06 mnok gjeld endringar i mellom tenester i fastlønn og drift.

Funksjon 241: Tenesta har ein reduksjon på ca 1,3 mnok. Kurativ legeteneste har ein reduksjon på ca 0,7 mnok som kjem i frå differansen på lønsauke, kjøp av legepraksis i 2019 og fastlegevikar ved Norheimsund legesenter i to månader i 2020. Lønsjusteringar på ca 0,16 mnok. Fysioterapi viser ein reduksjon på 0,12 mnok. Tenesta har ei auke i fastløn og driftstilskot, men engasjementstilling finansiert med tilskotsmidlar frå 2018 er ikkje vidareført. Legevakt har endringar innan lønn og korrigering av inntekt. Inntekt har vore ført på feil teneste. Kostnad interkommunal legevakt er auka med 0,07 mnok. Drift og tilsyn med legekantor har ei endring på 0,7 mnok som gjeld korrigering til andre tenester.

5.9 Pleie og omsorg

5.9.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 234 - Aktivisering eldre og funksjonshemma, 253 – Helse- og omsorgstenester i institusjon, 254 – Helse- og omsorgstenester til heimebuande, akutthjelp helse- og omsorgsteneste («ØH-seng», oppstart 1.1. 2016) og 261 – Institusjonslokale.

Pleie og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie. Tenesta yt hjelp til personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år, særleg barn og unge. Me opplever at denne gruppa ofte har meir samansette behov og at dei treng omfattande hjelp og støtte.

Me opplever ein auke i tal personar med demens. Fleire vert diagnotisert tidleg, kanskje dette er forklaringa på kvifor me har fleire yngre brukarar som har behov for hjelp og støtte i kvardagen. Det er viktig med god dialog både med pasient og pårørande. Utfordringa for tenesta er å vidareutvikla gode tenester for denne brukargruppa.

Pleie- og omsorgstenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på Beste Effektive

Omsorgsnivå (BEON). Det betyr mellom anna at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg. Heile helse- og omsorgstenesta må organiserast for å nå dette målet, og det er viktig at «omsorgstrappa» frå hjelp i heimen til spesialisert sjukeheimstilbod fungerer. Samhandlingsreforma og Primærhelsemeldinga legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommune og at kommunane skal leggja til rette for «Pasienten si helseteneste». Kvam har tilpassa seg dei sentrale føringane og har ei fagleg sterk pleie- og omsorgsteneste og god samhandling mellom helsepersonellet internt og mot sjukehusa.

På bakgrunn av økonomiske utfordringar i pleie og omsorg vart det i 2018 vedteke å gjennomføra ein analyse av tenesta. Agenda Kaupang bistod kommunen i arbeidet som vart utført hausten 2018. Analysen peikar på utfordringsbilde kommunen står overfor, og kjem med ei rekkje tilrådingar innan både praksis for tildeling av tenester, praksis for fordeling av ressursar og organisering. Analysen vart politisk handsama i heradstyret 26.mars 2019 med vedtak om å etablere eit administrativt omstillingsprosjektet. Prosjektet er sett saman av leiarar og representantar frå dei tilsette inkludert vernetenesta og har tittelen: *«Eit godt liv der me bur- tenester for framtida, meistring og deltaking»*.

Kommunen må satsa meir på tiltak som gjer at fleire kan klara seg sjølve og verta buande i eigen heim lenger. I tillegg må det gjerast strukturtiltak for å gjera tenestene meir kostnadseffektive

samtidig som kvaliteten er god. I ny organisasjonsmodell vert pleie og omsorgstenesta organisert i tre fagavdelingar:

1. Ambulante heimetenester inkl dag og korttidstilbod
2. Heildøgnsstenester
3. Tenester til menneske med utviklingshemming.

Målet er meir einheitleg ansvar for tenester til dei ulike brukargruppene. Det er nødvendig med auka fokus på eigenmestring, førebygging og rehabilitering med mål om at brukarane skal oppleve auka livskvalitet, sjølvstende og mindre behov for helseteneste.

Følgjande tema er sentrale i utviklingsprosjektet:

1. sakshandsaming med god kvalitet etter BEON-prinsipp
 2. større ansvar for eiga helse - frå passiv mottakar til aktiv deltakar
 3. auka satsing på rehabilitering
 4. digitalisering og auka bruk av velferdsteknologi
 5. auka satsing på mestring og ambulante heimetenester
 6. struktur og organisering- arbeidstidplanlegging, gruppestørrelse, leiarspenn, heiltidskultur, kompetanse m.m.
-
1. Heildøgnsstenesta vert i løpet av 2020 organisert i ei eiga avdeling. Det er pr. i dag 57 heildøgns plassar (langtidsplassar) i institusjon fordelt på Strandebarmheimen, Toloheimen og Øysteseheimen, alle einsengsrom. Om lag halvparten av plassane er tilrettelagt for personar med demenssjukdom. Det er også heildøgns plassar i omsorgsbustad; 32 i Tolo omsorg og 31 på Mikjelsflaten. Tenesta har om lag 80 årsverk.
 2. Ambulante heimetenester, dag- og korttidstilbod vert i løpet av 2020 organisert i ei eiga avdeling. Heimetenesta har pr. i dag base både i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik og gjev heimesjukepleie- og heimhjelpstilbod til om lag 310 brukarar. Den ambulante heimetenesta, inkl dag- og korttidstilbod har om lag 80 årsverk.

Det er dagtilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorg.

I Strandebarm er det 13 plassar og i Ålvik 10. Dagtilbodet på Øysteseheimen har 50 plassar der halvparten er tilrettelagt for personar med demenssjukdom.

Pleie og omsorg har tilbod om middagservering til heimebuande og har avtale med eksterne leverandørar om matlevering til heildøgns plassar og i heimetenesta. Pleie og omsorg har tildelingsansvar for om lag 90 trygde- og omsorgsbustader for utleige.

Kvam rehabilitering-og behandlingsavdeling (KRB) er ei korttidsavdeling som er lokalisert på Toloheimen. Avdelinga har 16 senger og gjev tilbod om utgreiingsopphald, behandling, rehabilitering, avlastning og omsorg ved livets slutt (palliasjon). 1 seng vert nytta til øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng). Kvam herad har avtale med Helse Bergen om ØHD-senga og samarbeidsavtale med Voss kommune om tilbodet på natt. Avdelinga er eit lokalt helsetilbod der Kvam herad mellom anna samarbeider med helseføretaket om tenester før og/eller etter sjukehusinnlegging. Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingskrevjande pasientar enn tidlegare. Pasientane er ofte alvorleg sjuke, har eit komplekst sjukdomsbilete som krev avansert behandling.

Skal avdelinga fungera etter intensjonen, er det viktig med eit sterkt tverrfagleg fagmiljø og eit godt samarbeid med resten av pleie- og omsorgstenesta, ergo- og fysioterapitenesta og legetenesta.

Det er også viktig at pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga kan tildelast anna kommunalt tilbod utan ventetid, dersom dei ikkje kan tilbake til eigen heim.

Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert på Toloheimen. Servicemedarbeidar og ergoterapeut arbeider ved lageret og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemidlar både for kortvarig og langvarig behov. Det lokale hjelpemiddellageret har nært samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Hordaland.

Kreftkoordinator yt tilbod til både heimebuande og dei som er på institusjon og har kontor på Toloheimen.

Dialysesatelitten på Toloheimen vert diverre avvikla 31.12.2019. Helse Bergen har hatt fag- og driftsansvar for tilbodet og har sagt opp avtalen med Kvam herad. Bakgrunnen for dette er ei totalvurdering av ressursbruk og fagleg oppfylgning. Helse Bergen meiner desse vurderingane veg tyngre enn auka reiseavstand for brukarane.

Det er 100% stilling for sjukeheimslege på Toloheimen. Sjukeheimslegen har oppgåver knytt til pasientar, systemarbeid og samarbeidsoppgåver, både internt og eksternt.

Ved Øysteseheimen og Strandeheimen er det sjukeheimslegar i deltidstillingar.

3. Tenester til menneske med utviklingshemming vert frå årsskifte organisert i ei eiga fagavdeling. Brukarane får hjelp frå ambulant heimeteneste eller i bufelleskap i Norheimsund og Øystese. Dagtilbodet er lokalisert på Øysteseheimen med 6 plassar. Tenesta har tett samarbeid med Hardanger AKS der fleire av brukarane har tilrettelagt arbeid. Det er om lag 60 brukarar og 60 årsverk i denne tenesta.

Stab- og forvaltarkontor; helse og omsorg har eige tenestekontor for tida lokalisert på Toloheimen. Det er om lag seks årsverk ved kontoret. Koordinerande eining er lokalisert her. Kontoret har ansvar for sakshandsaming av søknader om pleie og omsorgstenester, i tillegg har dei følgjande oppgåver:

- sakshandsaming av bustøtte
- vederlagsberekning langtidsplass i institusjon
- merkantil støttefunksjon for avdelingane
- arkivansvar for pleie- og omsorgstenesta og dei kommunale tenestene i Nav
- koordinatoroppgåver på innkjøp for helse og omsorg
- systemansvar for elektroniske fagsystem, opplæring knytt til desse, oppgåver knytt til iplos og KOSTRA-rapportering og systemansvar for internt kvalitetssystem.
- prosjektarbeid, t.d. Velferdsteknologi

Kvam lokalmedisinske senter er ei “overbygning” for fleire funksjonar som i dag er samlokaliserte på Toloheimen:

- base for pleie- og omsorgstenesta
- base for kommunale fysio- og ergoterapeutar
- tenestekontor for helse og omsorg
- korttidsavdelinga
- øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng)
- Kvam lokale hjelpemiddellager
- treningslokale for rehabiliteringspasientar
- Kvam legevakt
- ambulansestasjon
- polikliniske tenester frå Helse Bergen

Samlokaliseringa legg til rette for god samhandling og godt samarbeid internt på Toloheimen og eksternt med andre samarbeidspartar i kommunen og i spesialisthelsetenesta.

Ved å samla tilbod og kompetanse under “paraplyen” Kvam lokalmedisinske senter har heile tenesta fått eit sterkare fagmiljø som styrkjer den medisinske oppfølginga av pasientane.

Rus og Psykisk helse (ROP) yt tenester til personar i heile kommunen. Avdelinga har kontor i rådhuset. Gjennom *Opptappingsplan for psykisk helse i 1998-2008* og *Opptappingsplan for rusomsorg 2014-2016* vart tenesta styrkt på fleire område. Avdelinga har fått statleg tilskot til å oppretta ruskonsulentstillingar og kommunepsykolog. Tilskotsperioden vert avslutta 31.12.2019.

Tilboda frå avdelinga vert gjeve på kontoret eller i klienten sin heim. Arbeidsoppgåvene spenner frå opplysningsarbeid, førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kartlegging, oppfølging , behandling og rehabilitering av personar med både lettare psykiske vanskar, alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det er brei fagkompetanse i personalgruppa. Avdelinga gir lågterskel-

aktivitetstilbod, driv Kafe Påfyll, gir tilbod om individuelle samtalar, ulike gruppetilbod og meistringskurs, t.d. meistring i belastningar og depresjon. Avdelinga tilbyr kurset "Takk, bare bra" som er eit kurs retta mot eldre, der ein lærer gode måter å handtere livsoverganger og pensjonisttilværelse på. Tenesta har tett samarbeid med pleie og omsorg og legetenesta internt og med DPS på Voss (distriktpsykiatrisk senter). Det har vore ein auke i oppgåvene siste åra og problemstillingane hos brukarane er ofte meir samansette og komplekse.

Avdelinga har 7,5 årsverk fordelt på leiar, psykolog, psykiatriske sjukepleiarar, ruskonsulentar og miljøarbeidarar. I 2018 og 2019 fekk avdelinga tilskot frå fylkesmannen til å etablera lågterskel aktivitetstilbod til personar med rusvanskar. Ei prosjektgruppe er i gang med dette arbeidet. Det vert søkt vidare på midlar til dette i 2020. I 2019 fekk avdelinga tilskot til å oppretta 40% stilling som erfaringskonsulent. Det er sentrale føringar for at tenesta rus og psykisk helse må knyta til seg tilsette med erfaringskompetanse. Dette er eit tiltak me ynskjer vidareføre.

5.9.2 Mål og tiltak

Frå kommunedelplan for Helse og Omsorg 2015 – 2030 har Helse og omsorgstenesta i Kvam to hovudmål:

- Helse og omsorgstenesta i Kvam skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.
- Helse og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon

«Helse i alt me gjer» skal prega tenestetilbodet og det er 4 delmål som skal alle tenestene skal arbeida mot:

1. Medverknad

Kvam herad skal leggja til rette for at brukarane kan medverka og ta avgjerder i tilhøve som vedgår han/henne, og Kvam herad skal styrkja samarbeidet med frivillige

2. Tidleg innsats

Kvam herad vil leggja til rette for at innbyggjarane som ynskjer råd og rettleiing i helse og omsorgsspørsmål lett skal kome i kontakt med aktuelle fagpersonar og organisasjonar.

3. Forebyggjande arbeid

Kvam herad skal nytta moglegheitsrommet som ligg i å dreia tenestene mot forebygging, mestring og rehabilitering

4. Teknologi og innovasjon

Kvam herad skal leggja til rette for at innbyggjarane som ynskjer det, får innstallert velferdsteknologi i eigen heim. Kvam herad skal vera ein innovativ kommune som tek i bruk velferdsteknologiske løysingar.

(Helse og omsorgsplan 2015.30)

Utviklingstrekk - utfordringar

Pleie og omsorgstenesta har dei siste åra hatt eit meirforbruk i forhold til vedteke budsjett og slik er det framleis. For 2020 har pleie og omsorg eit resterande innsparingskrav på om lag 5 mnok som manglar tiltak. Tenesta har i tillegg meldt inn behov for ekstraressurs tilsvarande om lag 4 mnok for drifta slik den er i dag. Det vert arbeidd med nye ressursfordelingsmodellar som skal takast i bruk etter at omorganiseringa er gjennomført. Prosessen er dessverre ikkje kome langt nok til at desse kan leggjast til grunn for rammeløyvingane til pleie- og omsorgstenestene for 2020. Av denne grunn er det framleis ikkje kjent om nivået i modellane vil gjera pleie og omsorg i stand til å løysa oppgåvene innanfor noverande rammer med krav til innsparing og ekstra bemanning. Etter at omorganiseringa er gjennomført, vil det ta ytterlegare tid å utvikla tenestene i "omsorgstrappa" og vri om til meir heimebasert omsorg, slik at det er ein reell fare for at rammene for pleie- og omsorgstenestene kan måtte utvidast ein periode i 2020. Rådmannen har likevel funne det rett å oppretthalda innsparingskrava så langt, i påvente av ny organisering og nye modellar. Utfordringa på kort sikt er difor å få kontroll på økonomien, dreia tenestetilbodet ytterlegare mot meir ambulante heimetenester, gjennomføra tiltak i tråd med utviklingsprosjektet og rigga berekraftige tenester for dei framtidige utfordringane som er venta mellom anna grunna endringar i demografien .

Felles tema for helse og omsorg

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Kvalitet	Helse og omsorgstenesta i Kvam skal skapa framtidsretta, fagleg forsvarlege og likeverdige tenester som sikrar befolkninga eit profesjonelt, tilgjengeleg og effektivt tenestetilbod.	Implementera kvalitetsystem i Compilo og sikra at krava i <i>"Forskrift for leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene"</i> vert fulgt. Sikra at alle tilsette arbeider i tråd med lov, forskrift og interne kvalitetsrutinar Delta i læringsnettverk, og implementera ny kunnskap og ny praksis i tenesta Nytta LEAN som metode i kontinuerleg forbetningsarbeid Arbeida systematisk med GDPR
Rekruttering og kompetanseutvikling	Rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft	Laga kompetanseplan og prioritera tiltak. Søkja om

	Sikra rett fagleg kompetanse på alle nivå i organisasjonen Auka tal tilsette med fagutdanning Auka stillingsprosent for tilsette	kompetansemidlar frå fylkesmannen Støtta grunn, etter- og vidareutdanning for tilsette i tråd med kommunen sine behov Leggja til rette for kurs, hospitering og internundervisning Tilby læreplassar og ta imot studentar og elevar Delta i lærings- og fagnettverk Leggja til rette for fleire e-læringskurs og bruka KS læring Arbeida for heiltidskultur og ta i bruk arbeidstidsordningarordningar som legg til rette for heiltidsstillingar Innføra årsturnus som standard i arbeidstidsplanlegging Vurdera tiltak som rekrutterer nyutdanna sjukepleiarar til sommarjobb
Kommunikasjon og informasjon	Tilgjengeleg, god og sikker informasjon til innbyggjarar og helsepersonell	God informasjon om tenestetilbodet på nettsidene Gjera «kommunikasjonsstrategien» kjent for alle tilsette Nytta « Klarspråk» Gjennomføra brukarundersøkingar
Digitalisering	Leggja til rette for nytenking, satsa på innovasjon og ta i	Auka den digitale kompetansen hjå tilsette og

	bruk velferdsteknologiske løysingar	syta for at alle har nødvendig dataverktøy Ta i bruk meir velferdsteknologi, til dømes sensorløysingar, kamera mm Fleire digitale tryggleiksalarmar Bruka KS læring i opplæringsarbeid
--	-------------------------------------	--

Pleie og omsorg

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak
Krevande kommuneøkonomi og forventa auke i oppgåver grunna endra demografi og fleire oppgåver til kommunane	Framtidsretta og berekraftig kostnadsnivå Auka satsing på ambulerande heimetenester Effektivt og fleksibelt tenestetilbod Rett hjelp til rett tid på rett stad	Gjennomføra tiltak i tråd med konklusjonar i Utviklingsprosjektet Nytta LEAN som metode i forbetningsarbeid
Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod	Sikra fagleg forsvarleg ØHD-tilbod for somatisk sjuke og personar med psykisk helse- og rusvanskar Auka beleggspersent i ØHD-senga	Vidareutvikla tilbodet i tråd med sentrale føringar Leggja til rette for god samhandling mellom pleie og omsorg og legetenesta og sikra optimal bruk av tilbodet Etablera system som sikrar tilbodet til brukarar innan rus/psykiatri, i samarbeid med ROP (rus og psykisk helse)
Dagtilbod for personar med demenssjukdom, lovkrav frå 1.1.2020)	Tilgjengeleg dagtilbod for heimebuande personar med demenssjukdom	Vidareføra og vidareutvikla dagtilbod for heimebuande

		Etablere tilbod til dei som bur i heildøgns-omsorgsbustadar
Samarbeid med pårørnde og frivillige	Vera gode støttespelarar for pårørnde Styrkja samarbeidet med frivillige	Gi god informasjon, ha god dialog, gje støtte og fagleg veiledning til pårørnde Oppretta pårørndeutval Leggja til rette for frivillig arbeid og etterspørje kva dei frivillige ønskjer å bidra med Samarbeida med Grannehjelpa i ulike prosjekt, td «Saman på sykkel» Leggja til rette for meir kultur og aktivitetstilbod Søkja om tilskot til «Digital fyrstehjelp» i samarbeid med Grannehjelpa
Samarbeid med helseføretaket	Sikra innbyggjarane tidleg og god hjelp når dei treng det, nærast der dei bur -godt og tett samarbeid -god og sikker kommunikasjon -gode og tilgjengelege spesialisthelsetenester nær der me bur	Gjera samarbeidsavtalar kjende for helsepersonell i kommunen. Gjere informasjonsplikt frå kommunen til spesialisthelsetenesta kjend Nytta elektronisk meldingsutveksling i dialogen om pasientar Delta i samarbeidsfora, prosjekt og møteplassar Arbeida for nye spesialisthelsetenestetilbod lokalt
Bu- og hjelpetilbod til menneske med utviklingshemming	Tildeling av tenester etter BEON-prinsippet (beste-effektive-omsorgsnivå)	Implementere ny organisasjonsstruktur i tenesta

	Sterkare satsing på ambulante heimetenester og fleire gruppetilbod Meir driftsoptimale bufellesskap, auka digitalisering og meir bruk av velferdsteknologi	Sikra driftsoptimale bufellesskap og tilby meir ambulante tenester Ta i bruk ny teknologi Evaluera individuelle tilbod innan helse, bustad og arbeid God samhandling med andre
Bu- og hjelpetilbod for personar med psykisk helse og rusvanskar	Framtidsretta, fagleg forsvarleg og likeverdige tilbod til brukargruppa	Vurdera og planleggja ulike buformer for brukargruppa Meir miljøarbeid for personar med låg buevne med spesielt fokus på helseutfordringar, aktivitet og ernæring Auke kunnskap om pakkeforløp for rus og psykiatri God samhandling med spesialisthelsetenesta, spesielt ved inn- og utskriving. Dette må gjerast gjennom undervisning/ kursing av tilsette i ROP-avdelinga og tilsette i pleie og omsorgstenesta Arbeida med kontinuerleg forbetring i tråd med nasjonale føringar gjennom systematisk undervisning og deltaking i nettverksforum Meir opplæring for støttekontaktar, mellom anna treningskontakt og musikk Fullføra revidering av Ruspolitisk handlingsplan

Betalingsordning for tenester til heimebuande	Enkel og effektiv ordning i tråd med forskrift for eigenbetaling	Evaluera gjeldande abonnementsordning Vurdera eigenbetaling ved innføring av velferdsteknologiske løysingar
Leve hele livet - ei kvalitetsreform for eldre	Fleire gode leveår med god livskvalitet. I større grad meistre eige liv og få helsehjelp når ein treng det	Setja i verk tiltak i tråd med dei 5 innsatsområda: Eit aldersvenleg samfunn Aktivitet og fellesskap Mat og måltid Helsehjelp Samanheng i tenesta
Branntryggleik	Sikra branntryggleiken for risiko-utsette grupper i Kvam	Vidareføra samarbeid mellom pleie og omsorg, avdeling rus og psykisk helse, brann og redning og FDV-bygg for å risikovurdera og kartleggja behov for tiltak
Demensomsorg	Framtidsretta og god demensomsorg	Utarbeida temaplan for demensomsorga og vidareutvikla tenestetilbod

5.9.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Pleie og omsorg	153 348	146 756	145 997	8 575	154 571	154 571	153 571	153 571
AKTIVISERING OG SERVICETJENESTER OVERFOR								
234 ELDRE OG PERSONER MED FUNKSJONSNEDETTE	8 567	9 152	6 385	846	7 231	7 231	7 231	7 231
253 HELSE- OG OMSORGSTJENESTER I INSTITUSJON	53 518	53 004	53 110	-429	52 680	52 680	51 680	51 680
HELSE- OG OMSORGSTJENESTER TIL								
254 HJEMMEBOENDE	85 259	78 183	79 634	6 258	85 892	85 892	85 892	85 892
TILBUD OM ØYEBLICKELIG HJELP DØGNOPPHOLD I								
256 KOMMUNENE	2 215	2 762	2 762	-	2 762	2 762	2 762	2 762
261 INSTITUSJONSLOKALER	3 788	3 656	4 106	1 899	6 006	6 006	6 006	6 006

Funksjon 234: Endringa i tenesta er på 0,8 mnok. Tilskotsordninga frå Staten for dagtilbod til heimebuande med demens er innlemma i rammetilskotet og gjev i tillegg til andre endringar innan tenesta ei auke på 1,3 mnok. Dagsenter psykisk utviklingshemma, aktivitetssenter i Holmsund, støttekontaktar og fritidsaktiviteter for psykisk utviklingshemma har samla ein reduksjon på 0,5 mnok og gjeld lønnskostnader som er overført til/frå andre tenester.

Funksjon 253: Endring i tenesta er ein reduksjon på 0,4 mnok. Dette er i hovudsak differansen på lønsauke 1,8 mnok, kjøp av institusjonsplass i 2019 på 2,3 mnok, refusjon ressurskrevjande brukarar 1 mnok og 0,1 mnok i endringar mellom tenester. 1 mnok gjeld prosjekt for produksjonskjøken i perioden 2020 – 2021.

Funksjon 254: : Heimetenester har ei auke på 6,3 mnok. Refusjonsinntekt er redusert med ca 4,9 mnok og gjeld lågare estimat på refusjon ressurskrevjande brukarar, samt deler av refusjonsinntekta er fordelt til andre tenester, og øyremarka tilskot til kommunale psykologar og ruskonsulentar vert innlemma i rammetilskotet. Tenesta har ein lønsauke på ca 2 mnok. Utgifter er redusert med ca 0,6 mnok og gjeld avvikla kjøp av private tenester samt diverse endringar innan driftsutgifter.

Funksjon 261: Institusjonslokaler har ei lønsauke på ca. 2 mnok og reduksjon i drift på ca 0,2 mnok innan straum og drift av anlegg.

5.10 Sosialteneste**Om tenestene**

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 242 – Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid, 243 – Tilbod til personar med rusproblem, 273 – Arbeidsretta tiltak i kommunal regi, 275 – Introduksjonsordning, 276 – Kvalifiseringsordning og 281 – Økonomisk sosialhjelp.

Nav Kvam yt ulike tenester til innbyggjarane i Kvam. Nav-kontoret har både statlege og kommunale oppgåver. Nav-leiar er kommunalt tilsett, men Nav Hordaland delfinansierer stillinga. Det er om lag 17 årsverk ved kontoret, 6 av desse er statlege årsverk.

Den statlege delen av Nav-kontoret har ansvar for oppfølging av arbeidssøklarar, sjukemelde og personar i arbeidsavklaringsløp. Dei tilsette skal også rettleia personar i andre statlege ytingar t.d. pensjon, uførepensjon, foreldrepengar og ulike bidragsordningar.

Den kommunale delen av Nav-kontoret har oppgåver og ansvar knytt til sosialtenesta og flyktingtenesta og har om lag 11 årsverk. Sosialtenesta har ansvar for sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i Nav. Dette inneber rådgjeving, økonomisk stønad (sosialhjelp) og butilbod for bustadlause. Tenesta har ansvar for å setja i verk og følgja opp personar i kommunalt kvalifiseringsprogram (KVP). Dette er arbeidsretta tiltak som skal føra fram til utdanning eller ordinært arbeid. Tenesta utfører mange individuelle samtalar og har ofte lange individuelle oppfølgingsløp. Tenesta har og oppgåver som:

- Gjeldsrådgjeving til innbyggjarane i Kvam herad
- Handsamar saker om bustadtilskot frå Husbanken

I samband med aktivitetsplikt for sosialhjelp har Nav Kvam eit ungdomsteam. På bakgrunn av individuelle vurderingar vert det sett i verk ulike arbeidsretta tiltak for personar som mottok sosialhjelp, med tett oppfølging av den einskilde. Målet er å ha færrest mogleg passive sosialhjelpsmottakarar. Enkelte personar kan få fritak frå aktivitetsplikta grunna helsemessige vurderingar.

Flyktingtenesta har ansvar for å busetja flyktingar som kjem til Kvam. Kvam vert oppmoda om å busetja 14 flyktingar i 2020 , men har kapasitet til å busetja fleire. Grunna endringar i flyktingstraumen til Noreg er talet på busette gått ned frå 30 i 2016, 20 i 2017, 10 i 2018 og 10 i 2019. Det er forventa ein reduksjon i integreringstilskotet frå IMDI på om lag 1,1 mill. Driftsbudsjettet er redusert tilsvarende. Det er krevande å få til god kvalifisering av flyktingar når ressursane vert mindre.

Tenesta har ansvar for oppfølging av flyktingar i ein periode på 5 år frå busetjingsdato. Busetjing inneber å ha tett samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om kven som skal busetjast i Kvam. Viktige oppgåver er å ta imot, finna bustad, og bistå med praktisk tilrettelegging for dei som kjem.

Tenesta har ansvar for koordinering, oppfølging og integrering av flyktingar i tråd med krava i Introduksjonslova. Tenesta fattar vedtak etter Lov om introduksjonsordning. Det er viktig at alle med rett til introduksjonsprogram har gode fulltidsprogram. Dersom flyktingtenesta skal lukkast i sitt arbeid, er det viktig med god samhandling og godt samarbeid med andre kommunale tenester som t.d. barnehage, skule, andre helse – og omsorgstenester og teknisk eining.

Avdeling for alkohol og servering (som omfattar sals- og skjenkekontrollen) er organisert i eining for helse og omsorg og lokalisert på rådhuset. Avdelinga har i dag 6 tilsette som gjennomfører kontrollar i 8 medlemskommunar (Eidfjord, nye Ullensvang kommune, nye Voss herad, Vaksdal, Fusa, Samnanger, Ulvik og Kvam). Avdelinga har ansvar for sakshandsaming av saker om serveringsløyve og sals- og skjenkeløyve i Kvam og rådgjev dei andre kommunane. I området som er omfatta av

samarbeidet, skal det i 2020 gjennomførast 750 kontrollar. Det er 91 salsløyve, 197 skjenkeløyve og om lag 70 einskildløyve (ambulerande løyve). I tillegg kjem kontroll av 113 salsplasser av tobakk, fleire av desse er dei same som sel alkohol. Det skal gjennomførast 225 kontrollar av tobakkssal. Avdelinga driv jamleg med kurs og opplæring i kommunane

I 2020 vil det vera eit ekstra fokus på serveringsplasser i eit samarbeid med A-krimssenteret i Bergen (Arbeidslivskriminalitet).

Mål og tiltak

Alle innbyggjarane i Kvam skal vera ein del av lokalsamfunnet ved å delta å bidra i fellesskapet

Alle innbyggjarane skal ha same moglegheit til å delta i samfunnet ut frå individuelle føresetnader og potensiale

Alle innbyggjarane har plikt til å bidra innanfor sine føresetnader og sitt potensial

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak
Busetja flyktningar	Sikra heiltids-introduksjonsprogram i tråd med lovverk Alle flyktningar skal ha tilbod om arbeid, utdanning eller kvalifisering etter endt introduksjonsprogram.	På bakgrunn av individuell kartlegging av kompetanse og motivasjon, og kunnskap om tilbod i kommunen, skal det utarbeidast karriereplan for arbeid og utdanning Tilby språk- og arbeidspraksis i tråd med karriereplan Leggja til rette for permisjon i programmet for lønna arbeid Inngå faste avtalar med bedrifter og verksemdar i Kvam herad Nytta kvalifisert tolk ved behov

	Styrkja programrådgjevarane sin praksis i kartlegging av individuell kompetanse	Styrkja flyktningane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving m.m Både munnleg, skriftleg og bruk av digitale media Kurs og sertifisering for programrådgjevarar
Aktivitet for sosialhjelp	Redusera tal langtids sosialhjelpsmottakarar Kvam skal redusera antal personar som har sosialhjelp som einaste inntekt etter 6 månader	Avklaring av arbeidsevne og arbeidsretta oppfølging
IPS/Jobbstøtte: Prosjektstilling i samarbeid med Voss DPS og Voss Herad	Fast arbeid for personar med psykiske lidingar og rusavhengighet	100 % prosjektstilling som skal arbeid i Kvam i tett samarbeid med behandlarteam ved Voss DPS
Alkohol og servering		
Auka fokus på førebygging av arbeidslivsrelatert kriminalitet i serveringsbransjen (eining alkohol og servering)	Hindra at useriøse aktørar får etablere seg i Kvam	Auke kompetansen i eining alkohol og servering innan økonomisk vandelsvurdering. Meir kontroll av serveringsløyver i samarbeid med A-krimsentret i Bergen.

5.10.1 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Sosialeteneste	30 849	30 073	30 167	-1 316	28 851	28 726	28 726	28 726
RÅD, VEILEDNING OG SOSIALT FOREBYGGENDE								
242 ARBEID	9 122	8 290	8 384	297	8 681	8 681	8 681	8 681
243 TILBUD TIL PERSONER MED RUSPROBLEMER	41	-	-	-	-	-	-	-
273 ARBEIDSRETTEDE TILTAK I KOMMUNAL REGI	4 211	4 025	4 025	279	4 304	4 304	4 304	4 304
275 INTRODUKSJONSORDNINGEN	6 140	7 961	7 461	-2 580	4 881	4 881	4 881	4 881
276 KVALIFISERINGSORDNINGEN	1 144	1 700	1 700	297	1 997	1 997	1 997	1 997
281 YTELSE TIL LIVSOPPHOLD	10 192	8 097	8 597	390	8 987	8 862	8 862	8 862

Funksjon 242: Sosialkontor har redusert 0,6 stillingar innan flyktingtenesta. Same teneste hadde eit innsparingsforslag på 1,2 stillingar i 2019. Nav får ein prosjektstilling som er finansiert med midlar frå NAV Stat.

Funksjon 273: Endring i arbeidstretta tiltak er prisauke frå Hardanger AKS i 2019 og forventet i 2020.

Funksjon 275: Introduksjonsordninga har redusert deltakarar frå 35 til 20.

Funksjon 276: Kvalifiseringsordninga viser auke i G-beløp for 9 deltakarar.

Funksjon 281: Økonomisk sosialhjelp viser differansen mellom estimert auke i trygderefusjonar og innsparingskrav som ikkje er videreført.

5.11 Barnevern

5.11.1 Om tenestene

Barnevernet si hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal søke å avdekke omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem, og sette i verk tiltak i forhold til dette, så tidleg at barn unngår å få varige problem. Barneverntenesta skal, uavhengig av kva tiltak som er sett i verk, følge opp barnet og familien så lenge tiltaka varar.

Barnet sitt beste er ei rettesnor for barnevernet sitt arbeid og avgjersler. Prinsippet om barnet sitt beste inneber at kva som er til det beste for barnet skal vera avgjerande når tiltak vert vurdert. Vidare skal alle tenester og tiltak vere forsvarlege. Dette inneber at det er krav til at det vert arbeidd systematisk i kontakten med barn og familiar med grunnlag i barnevernfaglege vurderingar og at dette vert dokumentert fortløpande.

Utvalde nøkkeltal

Barnevern

10 % vekt i barometeret	Kommunens nøkkeltall			Plass	Snitt	Topp	Kommunens karakter		
	KB 2017	KB 2018	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2019	KB 2017	KB 2018	KB 2019
OMFANG: Andel barn i barnevernet, korrigert for behovet	5	5,3	6,3	285	5,6	2,7	4,1	3,8	3,1
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser m behandlingstid under 3 mnd	100	96	100	1	88	100	6	5,2	6
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 mnd, snitt siste fire år	86	90	94	81	86	100	4,2	4,4	4,9
INSTITUSJON: Andel barn i institusjon og fosterhjem	32	32	18,4	39	32	15,6	3,8	3,8	5,6
INSTITUSJON: Andel barn i institusjon og fosterhjem, snitt siste fire år	0	0	0		34	22			
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 mindreårige	4,5	4	4,2	307	5,5	9,5	2,8	2,2	2,2
ÅRSVERK: Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk, f244	18,4	18,3	19,3	223	18,7	10	3,9	3,9	3,4
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan	93	73	83	263	95	100	3,5	1,3	2,1
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan, siste fire år	100	100	100	1	100	100	6	6	6
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan	61	77	0		87	100	1,8	3	
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år	82	92	100	1	98	100	2,2	2,8	6
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste, per innb. 0-5 år	11379	14891	16389	52	11905	21687	3,7	4,5	4,6
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år	0	1	2	46	0,9	3	1	3,6	4,8

Barneverntenesta i Kvam har ein auke i antal barn frå 2017-2018. Talet på meldingar har gått opp, og det same har talet på antal undersøkingar. Kommunen har overhalde fristar i alle sakene, og har stort fokus på å unngå fristbrot, samtidig som ein har høg kvalitet på arbeidet.

Barneverntenesta har ein låg andel plasserte barn samanlikna med resten av landet. Det er stort fokus på tidleg innsats, samt tiltak i heimen for å unngå plasseringar. Barneverntenesta dekkar ei stilling på Familiesenteret, og har eigen miljøarbeidar som skal jobba inn mot heimane.

Alle barn som barnevernet har omsorg for, har rett på ein omsorgsplan. Dei siste fire åra har alle barn under omsorg hatt omsorgsplan. Når det gjeld tiltaksplanar for barn som mottar hjelpetiltak held barneverntenesta fram med forbetningsarbeid, både når det gjeld barn si deltaking i planarbeidet og korleis me kan gjera tiltaksplanen til eit godt arbeidsverktøy.

Kostratal viser at tal fagstillingar pr. 1000 barn 0-17 år i barnevernet i Kvam er litt under landsnittet. Med aukande tal meldingar og antal barn som får hjelp frå barnevernet er det viktig å følgja med på bemanningssituasjonen i tenesta.

Brutto driftsutgifter tiltak per barn ligg under både landet, Hordaland og samanlignbare kommunar i Kostragruppe 11. Barnevernet i Kvam dekkar lønnskostnader til familieveileder og miljøarbeid på funksjon 251. Dette er mykje brukte tiltak inn i familiane. Barneverntenesta i Kvam har høgt fokus på å førebygge flyttingar og sett i verk tiltak i fosterheimar for å forhindre det.

Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251-bur heime og 252-bur utanfor heimen) pr. barn med tiltak

	2015	2016	2017	2018
Kvam	157 532	142 153	136 088	120 216
Voss	175 250	217 132	252 503	268 194
Landet uten Oslo	150 736	161 027	172 328	174 417
Hordaland	159 900	166 169	184 049	186 410
Kostragruppe 11	149 503	160 718	171 583	170 153

Barneverntenesta gjennomførte brukarundersøking i 2017 og 2018, og skal truleg ha ny brukarundersøking komande år. Brukarundersøkingar er ein del av internkontrollforskriftene, og er viktig for å kunne gjera forbetringar i tenesta. Brukarundersøkingane gjev grunnlag for å arbeide med å heva kvaliteten på samarbeidet med barn og foreldre, og på hjelpetiltaka i familiane.

5.11.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår
Kvalitetsarbeid	Alle barn og unge skal få rett hjelp til rett tid. Tenesta skal yta god kvalitet ut til brukarane og tidsfristar knytt til dei ulike fasane i ei barnevernsak skal haldast	Gode rutiner Systematisk planarbeid Reglemessig gjennomgang av internkontroll

Brukarinnsikt	Barneverntenesta har innsikt i brukaropplevingar frå kontakten med tenesta.	Barneverntenesta skal systematisk innhenta brukar sine erfaringar frå kontakt med tenesta.
Risikovurdering	Barneverntenesta har oversikt over og sett inn tiltak knytt til kva område det er risiko for feil, svikt eller manglande oppfølging av barn/familiar.	Barneverntenesta skal føreta risikovurdering av tenesta og i kvar einskild sak. Opplæring til nye sakshandsamarar, nytt lovverk, nye retningslinjer, klart språk, kompetanse på minoritetsfamiliar, økonomistyring, kompetanse i Familiesenteret.
Digitalisering	Tenesta skal arbeida digitalt og effektivisera der det er mogleg Barnevernet skal ha ei informativ nettside for innbyggjarane i Kvam. Heilelektronisk arkiv.	Barneverntenesta skal ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar Jobbe vidare med forbetring av barnevernet sin informasjon på heimesida til Kvam herad. Barneverntenesta skal starte prosessen med eit heilelektronisk arkiv.
Tverrfagleg samarbeid	Barneverntenesta og andre tenester til barn og unge deltar med barnefagleg kompetanse i samarbeid på systemnivå og individnivå. Innbyggjarane har lett tilgjengeleg informasjon om Barneverntenesta i Kvam	Barneverntenesta og andre tenester til barn og unge er med i ressursgrupper på tvers og tilbyr kompetanse til på tvers av tenester i kommunen. Barneverntenesta skal vera proaktiv og kreativ i informasjonsarbeidet ut til innbyggjarane.
Kompetanseheving	Barn, unge og familiar skal møte tilsette med høg fagleg kompetanse og tenester med god kvalitet. Sikra treffsikre tiltak med riktig hjelp til rett tid.	Tilsette i barneverntenesta skal får moglegheit til å prioritere og delta i kompetansehevande tiltak. Tilsett skal få tilbod om etter ov fiareutdanning, jfr barne og likestillingsdepartementet sin kompetansestrategi. Barnevernet skal halda fram med deltaking i læringsnettverk
Tverrfaglegsamarbeid og samordning i Oppvekst	Sjå tekst Fellestema oppvekst under barnehage	

5.11.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Barnevern	14 858	17 571	17 917	-1 458	16 459	16 459	16 459	16 459
244 BARNEVERNTJENESTE	3 053	4 830	5 236	-406	4 830	4 830	4 830	4 830
BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET IKKE ER								
251 PLASSERT AV BARNEVERNET	2 960	2 968	3 082	310	3 392	3 392	3 392	3 392
BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET ER PLASSERT AV								
252 BARNEVERNET	8 845	9 773	9 598	-1 362	8 237	8 237	8 237	8 237

Funksjon 244: Barnevern har hatt tilskotsmidlar til utviklingsprosjekt 0,5 mnok som ikkje er videreført, 0,1 mnok er endringar innanfor tenester og lønsauke.

Funksjon 251: Tenesta har ein estimert auke i fosterheimsgodtgjersle på 0,3 mnok. Budsjett er omfordelt frå andre tenester.

Funksjon 252: Tilskot frå lmdi (ført på funksjon 850 Generelle Statstilskot vedr flyktningar) til einslege mindreårige flyktningar er redusert med 1,5 mnok og utgifter i tenesta er med dette teke ned tilsvarende. Fosterheimsgodtgjersle på 0,3 mnok er overført teneste 251.

5.12 Vatn, avlaup, avfall og renovasjon

5.12.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 340 – Produksjon av vatn, 345 – Distribusjon av vatn, 350 – Avlaupsreinsing, 353 – Avlaupsnett/innsamling av avlaupsvatn, 354 – Tømming av slamavskillerar og 355 – Avfall.

Tenesteområdet omfattar ansvaret for produksjon og levering av tenester knytt til drikkevatn og mottak av spillvatn frå tilknytte abonnentar i Kvam herad og i Eikedalen i Samnanger kommune. Vidare omfattar tenesteområdet innsamling av slam som vert utført av ein totalleverandør, og innsamling av avfall som skjer i regi av BIR.

Kvam herad har 5 vassverk, 12 trykkaukestasjonar, 10 høgdebasseng og eit om lag 130 km langt distribusjonsnett for drikkevatn. Vasstrykk til abonnentar er minimum 2 bar, og med eit rettleiande trykk på mellom 3-6 bar.

Avlaupsnettet er om lag 90 km langt. Det kommunale nettet har eit høgt tal på kummar for både vassforsyning og mottak av avlaup fordelt på heile kommunen. Det er 30 avlauspumpestasjonar og eit nytt felles reinseanlegg for avlaup på Notanes i Øystese.

Arbeidsoppgåver knytt til VA er til dømes drift og tilsyn av drikkevasskjelder/inntak/vassverk/pumpestasjonar/reinseanlegg/brannhydrantar, prøvetaking av drikkevatn og avlaup, utspyling av leidningsnettet, reingjering av høgdebasseng, lekkasjesøk, videokøying av leidningsnettet, badevassprøvar, samt ansvar for sigevassleidning frå bosstippen for å nemne noko.

5 stillingar driftar VA-nettet og anlegga. I tillegg kjem ein stilling som har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt, og ein stilling som skal stå for kartlegging og innmåling av det kommunale leidningsnettet.

Avdelinga har fleire investeringsprosjekt som er inntatt i prosjektoversikta til budsjettet. Det er sjølvsagt eit mål å ferdigstilla flest mogleg av desse prosjekta innan budsjettåret, men desse vert ikkje omtala nærare under «Mål og tiltak» nedanfor.

5.12.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak i budsjettår
Trygg vassforsyning (Mål nr. 3 i Kommunedelplan for vassforsyning kap. 3.0)	Stetta Mattilsynet sine krav til produksjon av drikkevatn.	Fylgje opp tiltak/prosjekt i kommuneplan for drikkevatn for Kvam herad Ferdigstillta saneringsplan for dårlege kummar (felleskummar, trykkreduksjonskummar og kummar med dårleg forankring). Utbetre nokre kummar i tråd med saneringsplan. Ferdigstillta vurdering knytt til reservevassforsyninga for Norheimsund/Øystese
Trygg vassforsyning (Mål nr. 3 i Kommunedelplan for vassforsyning kap. 3.0)	Oppfylle krav i ny drikkevassforskrift til risiko- og sårbarheitsanalysar knytt til kommunale vassverk	Ferdigstille risiko- og sårbarheitsanalysen knytt til alle ledd i kommunen sin drikkevassproduksjon
Vatn til alle, også private vassverk (drikkevassplanen pk 6	Sikre forsvarleg drikkevassforsyning i Vikøy etter at Vikøy Vasslag har bede Kvam herad overta ansvaret for produksjon og distribusjon av vatn i bygda	Lage ein avtale der kommunen i først omgang overtar driftsansvaret, men ikkje eigaransvaret for vassproduksjon og distribusjon i Vikøy. I løpet av driftsperioden sikre tilstrekkeleg erfaringsoverføring og kartlegging av anlegget i Vikøy Legge fram ei sak om fullstendig overtaking av anlegget for politisk handsaming i løpet av året

Kvam herad skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgje av utslepp av avløpsvatn (Kap. 3.0 i Kommunedelplan for avløp)	Stetta/lukka flest mogleg av vilkåra i fylkesmannen sitt utsleppsløyve for Kvam herad	Fylgje opp tiltak/prosjekt i kommunedelplan for avlaup for Kvam herad Redusera talet på overlaup og driftsstopp i avlauspumper med 5 % i høve til tal for 2015 Etablere eit system for vurdering av energiforbruk i avlaupsanlegga Dokumentere forureining frå overlaup Laga tiltaksplan for tilførsel av overvatn til avlaupssystemet Dokumentera verknadsgrad for avlaupsnettet ved modell eller anna. Ferdigstillta saneringsplan for dårlege kummar (felleskummar, trykkreduksjonskummar og kummar med dårleg forankring). Utbetre nokre kummar i tråd med saneringsplan
Kvam herad skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgje av utslepp av avløpsvatn (Kap. 3.0 i Kommunedelplan for avløp)	Redusere fare for innbyggjarane knytt til auka nedbørsintensitet /flaumfare gjennom at: • Det skal arbeidast for å ivareta og oppgradera naturlege vass- og	Gjennomføra viktige saneringsprosjekt spesielt i tettbygd strøk (t.d. Norheim III) Utarbeida eigne rutinar knytt til drift og vedlikehald av vassinntak

	flaumvegar. Desse skal gjerast tydelege for å redusera faren for flaumskadar. • Overvatn skal i størst mogeleg grad handterast naturleg og lokalt. (Kap 3.2 i Kommundelplan for avløp)	Bevisstgjera innbyggjarane om eige ansvar knytt til flaumvegar og vassinntak
Kvam herad skal ta hand om avløpsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade eller sjenerande tilhøve som følgje av utslepp av avløpsvatn (Kap. 3.0 i Kommundelplan for avløp)	Fellessystem skal separerast. Dette er særleg prioritert der slike anlegg skaper gjentakande driftsulemper og/eller uheldige ukontrollerte overløpssituasjonar (Kap 3.2 i Kommundelplan for avløp)	Redusera utslepp og minske overvatn inn til reinseanlegget gjennom kontroll av tilkoplingar etter gjennomførte prosjekt (t.d. ved bruk av røykmaskin for søk etter feilkoplingar)
	Stetta krav frå Mattilsynet	

5.12.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-13 335	-24 239	-24 252	-540	-24 791	-24 866	-24 866	-24 866
340 PRODUKSJON AV VANN	3 704	3 143	3 130	640	3 770	3 770	3 770	3 770
345 DISTRIBUTJON AV VANN	-10 995	-14 336	-14 336	-1 188	-15 524	-15 599	-15 599	-15 599
350 AVLØPSRENSING	2 746	2 880	2 880	233	3 113	3 113	3 113	3 113
353 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVANN TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANKER	-7 653	-14 246	-14 246	-967	-15 212	-15 212	-15 212	-15 212
354 O.L. INNSAMLING, GJENVINNING OG	208	-387	-387	-55	-442	-442	-442	-442
355 SLUTTBEHANDLING AV HUSHOLDNINGSAVFALL	-1 346	-1 294	-1 294	797	-496	-496	-496	-496

Rammeområdet har ein reduksjon på totalt 0,6 mnok, det vil seie ein liten inntektsauke. I 2019 auka inntektene på vatn og avlaup etter å ha vore svært låge ei tid på grunn av bruk av VA-fond. I 2019 var desse fonda tomme og kommunen måtte auka inntekstnivået for å dekkja utgiftene på VAR-området. I 2020 viderefører ein i stor grad nivået frå 2019-budsjettet, og det er moderat auke, 3 – 7,5 %, på nokre av gebyra. I dei siste åra er det utført fleire store investeringsprosjekt innan VAR-området, blant anna nytt reinseanlegg på Notanes i Øystese, og oppgradering av leidningsnett og pumpestasjonar. Gebyrinntektene på vatn og avlaup vert påverka i takt med desse investeringane.

5.13 Plan, byggesak, oppmåling, kulturminne, natur og nærmiljø

5.13.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 301 – Plansaksbehandling, 302 – Byggesaksbehandling og eigarseksjonering, 303 – Kart og oppmåling, 335 – Rekreasjon i tettstad, 360 – Naturforvaltning og friluftsliv og 365 - Kulturminnevern.

Del av 301 (private planar), 302 og 303, kjem inn under sjølvkostfinansierte tenester, og kan dekkast inn med 100% gebyrinntekter. Kvam herad subsidierer ein del av desse tenestene frå den ordinære drifta. Private planar er ein utfordrande teneste å oppnå sjølvkost. Kommunen har berre høve til å ta gebyr fram til 1. gongshandsaming av ein privat plan. All jobb som skjer i etterkant av offentleg ettersyn må kommunen ta av sitt budsjett.

Funksjon 301 gjeld arbeidet med arealplanar, dette gjeld kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Kvart fjerde år legg kommunen fram kommunal planstrategi, med prioritering av det offentlege planarbeidet innanfor kvar heradsstyreperiode. Planstrategien skal synleggjera behov for nye planar, opp i mot tilgjengelege ressursar og utfordringar.

Funksjon 302 omfattar handsaming av søknader om dispensasjons-, bygge- og delingsløyve samt tilsyn og ulovleg oppfylging etter plan- og bygningslova. Vidare handsamar avdelinga søknad om løyve til tiltak etter hamne- og farvannslova, veglova og forurensningslova.

Funksjon 303, kart og oppmåling/geodata omfattar handsaming av søknader etter matrikkellova og eigarseksjonslova. Dette er tenester som er gebyrlagt etter sjølvkostprinsippet. I funksjon 303 ligg og arbeid med forvaltning av geodata. Arbeidet er organisert gjennom GEOVEKST samarbeidet og Norge digitalt avtalen styrt av Statens kartverk. Samarbeidet sikrar større felles kartleggingsprosjekt som er økonomisk gunstig ved ajourføring av kart. Kvam herad har ansvar for å oppdatere byggbasen, tiltaksbasen, vegnett, arearessurskart, planbasen og vass- og avlaupsbasen. Nytt i år er at kommunen er kopla opp mot sentrale databasar hos Statens kartverk og all oppdatering av Kvam sine kart blir tilgjengeleg for alle etter eit døgn.

I funksjon 335 ligg det utgifter til offentlege plasser, torg og park/grøntanlegg og reinhald av offentlege toalett. Ansvar for grønntanlegg omfattar hovudsakleg arbeidet med å vedlikehalde om lag 60 kommunale uteområde og friområde. Mykje av dette arbeidet vert utført i nært samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), men der kommunen åleine har ansvaret for tilsyn og renovasjon knytt til park og badestrendene i Øystese og Norheimsund. Utanom vekstsesongen vert året nytta til rehabilitering av områda, kontroll og ettersyn. Kommunegartnaren har og ansvaret for kontroll av leikeutstyr og leikeplassar. For å ta klare ettersynet med grønntanlegga i vekstsesongen, er

ein avhengig av å nytte sommarvikarar i tillegg til egne tilsette. Innan park har ein normalt 2 stillingar fordelt på 1,5 årsverk. Om sommaren vert dette auka til mellom 7-8 personar.

I funksjon 360 ligg viltforvaltning som Kvam herad kjøper av Ullensvang herad, festeutgifter for friluftsområder og kontingent i Bergen og omland friluftsråd. Kvam herad forvaltar store delar av sine friluftsområde igjennom sitt medlemskap i Bergen og omegn friluftsråd, nokre friluftsområde vert og forvalta av kommunen sjølv, medan andre område vert forvalta via samarbeid i mellom Kvam herad, Bergen og omland friluftsråd og, og lokale grendelag/grendeutval.

Kvam herad har vedtatt eigen kulturminneplan i 2018: "Med røter og føter i Kvam". Planen har eigen handlingsplan for gjennomføring av tiltak innafor kulturminneforvaltning.

5.13.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Plan og byggesak		
Skal tilby gode tenester i samsvar med lov, forskrift og regelverk	Lovlege vedtak, god rettleiing	Løpande oppdatering av kompetanse, gjennom eigenstudie, fagsamlingar, og intern opplæring
Skal ha høg etisk standard	Likehandsaming	Registrere rutinar og jobbe likt.
Skal ha effektiv sakshandsaming der det blir lagt vekt på god og klar dialog med brukarane	Klart språk Fornøgde brukarar Høgare servicegrad	Lage gode standardmalar Meir direktekontakt med brukar
Skal dele sin kompetanse internt i organisasjonen, og bidra og legge til rette for god samhandling.	Samhandling mellom fag og eining	Bruke samarbeidsforum aktivt Møtepunkt ved behov mellom fag.
Skal ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar der dette kjem brukarar og lokalsamfunnet til gode.	Jobbe smartare Effektivisere Betre system som gir auka gevinst for brukar	Delta i faggrupper i Bergenssamarbeidet – digitaliseringsprosjektet Er i gong med eit prosjekt for digitalisering av

		eigedomsarkivet i samarbeid med informasjonsavdelinga Ønskjer å gå i gong med å sjå på løysingar for elektronisk byggesak og elektronisk plansak
Skal ha nok ressursar og kompetanse	God handsaming og oppfølging av private planforslag, delesaker, byggesaker og seksjoneringssaker Tid til å følge opp planstrategien og offentlege planar. Bidra til ein positiv utvikling av Kvam herad	Avdeling har tilsett ny arkitekt på slutten av 2019. Dette gir oss ein ny kompetanse og auka ressursar.
Skal arbeide for ei berekraftig framtid, og trygge attraktive lokalsamfunn	Gode overordna planar	Kommuneplanens arealdel vart vedteke 08.10.2019. Starte rullering av kommunedelplan for Kvamskogen. Områdeplan for Øystese sentrum. Ny reguleringsplan for ny vidaregåande skule vert sett i gong i 2019/2020. Starta arbeidet og vedta ny planstrategi i 2020.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Rekreasjon, naturforvaltning og friluftsliv		
Trass fokus på å leggja til rette for lettstelte parkområder i kommunen, har kommunen mange grøntareal spreidd i ein langstrakt kommune. Ressursane innanfor området er avgrensa, og aktiviteten stor og konsentrert innanfor vekstsesongen. Samstundes er velstelte grøntområde viktig for kommunens omdøme, og forventningane til standard høg hjå kommunens innbyggjarar.	Velstelte park- og grøntområde	Ved tilrettelegging av kommunale områder eller fellesareal skal det leggjast til rette for robotklypp.

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Kulturminnevern		
Kulturminneforvaltning	Få på plass ei berekraftig kulturminneforvaltning i kommunen	Gjennomføra tiltaka i handlingsplanen i kulturminneplanen -"Med røter og føter i Kvam". Formidla planen og innhaldet internt i organisasjonen og til innbyggjarane i Kvam. Samordna kulturminneplanen og kommuneplanen sin arealdel i høve til ei berekraftig forvaltning av kulturminna i Kvam

5.13.3 Eining for plan og byggesak

LEAN:

Eining for plan og byggesak gjennomfører morgonmøte kvar måndag. I møtet vert det informert om saker som vert diskutert i leiarmøte og ulike utfordringar med opplever i vår avdeling. Det vert diskutert korleis me kan forbetre vår måte å jobba på.

Byggesak har gjennomført ei verdistraumkartlegging der kartlegginga har avslørt områder der me har eit potensial for forbetring. Avdelinga skal jobba med å samarbeida med andre einingar for auka effektivitet og unngå unødvendig ventetid for våre brukarar. Avdelinga har ein ambisjon om å gjennomføre ei brukarundersøking for å få eit inntrykk av kva for oppfatning dei har av fagfeltet plan og byggesak og evt. få eit grunnlag for å betre våre rutinar og malar. Klarar me å få ein god dialog og god framdrift i saker, oppnår me meir fornøgde brukarar.

Det er jobba med å få på plass våre rutinar i kvalitetssystemet vårt. I denne prosessen får me opp diskusjonar der resultatet er endra og betre rutinar.

Informasjon:

Kommunen sine nye heimesider har gjort det mogleg å få på plass meir oversiktleg informasjon til dei som er i kontakt med oss. Målet er at innbyggjarane skal få svar på dei fleste spørsmål om plan- og byggesak via våre heimesider.

Planlegging:

Planstrategien er eit styrande dokument som seier noko om kva planar me skal jobbe med i valperioden. Det er jobba godt med kommuneplanens arealdel og denne vart vedteken 08.10.2019.

Etter planen skal kommunen setja i gong kommunedelplan på Kvamskogen i løpet av 2019. Det er sett av midlar til dette prosjektet (P71181). Det er fleire planar og byggeprosjekt på Kvamskogen som har stoppa opp på grunn av rekkefølgekrav til gong- og sykkelsti og ønskje om veg fram til hyttene i både eksisterande og nye hyttefelt.

Statens vegvesen jobbar med ein kommunedelplan for skredsikring av Tokagjelet. Kommunedelplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn hausten 2019. Det er Statens vegvesen som tek kostnadane med kommunedelplanen, kommunen bidrar med ressursar.

Kommunen har mål om å få på plass ny vidaregåande skule sentralt i Norheimsund. Kommunen må i samarbeid med fylkeskommunen sette i gong ein regulering av nødvendig areal. Fylkeskommunen har sendt planarbeidet ut på anbod. Denne vert utarbeidd som ein reguleringsplan og tek med seg det området som den nye vidaregåande skulen har behov for.

Øystese har mange gamle planar i sentrum, kommunen ser eit behov for å få på plass ein områdeplan for å erstatte dei gamle planane og løfte fram ein god sentrumsutvikling. Det er viktig at kommuneplanens arealdel er på plass før vidare planlegging i Øystese sentrum.

Geodata:

I Kvam fekk me nye kart i 2017. Det vart samtidig teke flybilder, som hausten 2019 kjem med i kartløyisinga. Karta våre ligg inne i alle våre kartsystem. Gjennom geovekst-avtalen er det planlagt at Kvam skal få nye kart i 2022. Det er krav i geodatalova om at kommunane skal ha oppdaterte kart. Kommunen ønskjer å vurdere om me kan hente inn betre data via droneteknologi, ut frå behovet for betre data. Dette vert i så fall gjort utanom geovekstavtalen.

Avdelinga jobbar kontinuerleg med å oppdatere både planbasen og grunnkarta til Kvam herad. Kommunen har installert eit system som synkroniserer våre oppdateringar av grunnkart direkte mot Statens kartverk sine databasar. Dette betyr at alle som nyttar våre geodata får "ferske data til frukost". Det same systemet kjem for plandatabasen til kommunen. Kommunen mottar midlar frå Statens kartverk i samband med synkronisering av geodata og plandata.

5.13.4 Økonomiske rammer

	Regnskap	Budsjett	Budsjett	Endring	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2018	2019	2019	2020-2019	2020	2021	2022	2023
		opphaveleg	justert					
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og na	7 602	10 662	10 566	-520	10 046	9 542	9 296	9 296
301 PLANSAKSBEHANDLING	4 093	5 797	5 701	540	6 241	5 738	5 491	5 491
302 BYGGESAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	106	709	1 409	-845	564	564	564	564
303 KART OG OPPMÅLING	381	1 197	497	645	1 143	1 143	1 143	1 143
335 REKREASJON I TETTSTED	2 247	2 316	2 316	-600	1 716	1 716	1 716	1 716
360 NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	765	642	642	-260	382	382	382	382
365 KULTURMINNEFORVALTNING	10	-	-	-	-	-	-	-

Funksjon 301 Plansaksbehandling - auken på 0,5 mnok kjem av at det er tilsett arkitekt på planavdelinga i stilling som har stått vakant.

Funksjon 302 Byggesaksbehandling og eierseksjonering har ein reduksjon på 0,8 mnok. Vakant stilling er flytta til funksjon 301 og utgjer 0,5 mnok. 0,3 mnok kjem av omfordeling av lønnskostnader mellom funksjon 301, 302 og 303 til einingsleiar for plan og byggjesak.

Funksjon 303 Kart og oppmåling har ein auke på 0,6 mnok. 0,3 mnok av auken skuldast omfordeling av lønnskostnader mellom funksjon 301, 302 og 303 til einingsleiar for plan og byggjesak. 0,3 mnok er omfordeling av lønsmidlar.

Funksjon 335 Rekreasjon tettstad er redusert med 0,6 mnok som skuldast omfordeling av lønsmidlar frå reinhald av offentlege toalett til andre funksjonar i kommunen.

Funksjon 360 Naturforvaltning og friluftsliv er redusert med 0,26 mnok, 0,15 mnok var eingongsløyving til strandrydding i 2019, 0,1 mnok er redusert kjøp frå andre kommunar.

5.14 Kultur

5.14.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 231 – Aktivitetstilbod born og unge, 370 – Bibliotek, 373 – Kino, 375 – Museum, 377 – Kunstformidling, 380 – Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg, 381 – Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, 383 - Musikk- og kulturskule, 385 – Andre kulturaktivitetar, tilskot andre sine kulturbygg og 386 – Kommunale kulturbygg.

Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne

Kulturavdelinga arbeider for integrering gjennom ulike aktivitetar knytt til lag/organisasjonar, samt at ordinære kulturtilbod i kommunen skal vera tilrettelagt for den enkelte brukar. Kvam herad har innført ledsagerbevis.

Bibliotek

Bibliotek er ei lovpålagt teneste for kommunane og er ein viktig del av kunnskaps- og kulturpolitikken i Noreg. Kvam bibliotek er organisert med hovudbibliotek i Norheimsund og avdelingar i Ålvik og Strandebarm. Kvam bibliotek er knytt til «Hardangerbiblioteka» og Voss bibliotek i eit tett samarbeid.

Lov om folkebiblioteka (2014) definerer kommunane si plikt til å ivareta innbyggjarane sine behov for bibliotektenester og gjer greie for biblioteka sitt verdigrunnlag og samfunnsoppdrag:

«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.»

Kino

Kvam herad har kinosal i Ungdomshallen i Norheimsund sentrum, med filmframvisingar fleire gonger i veka. Tilbodet er både for born, unge og vaksne. Kvam kino samarbeider med ferieklubben, “Ung fritid”, utekontakten, skulane og Kvam filmklubb for å gje eit så breitt tilbod som mogleg.

Museum

Hardanger og Voss museum organiserer Hardanger fartøyvernssenter, Kabuso, Ingebrikt Vikmuseum og Kvam bygdemuseum, som mellom anna omfattar Borgstova i Vikøy prestegard og Storeteigen i Øystese. I Kvam har me også eigne museum som Ålvik industriarbeidermuseum og Vikøy skulemuseum. Kabuso driv Storeteigen. Tørvikbygd bygdemuseum er eigd av Tørvikbygd ungdomslag.

I kulturminneplanen til Kvam herad er det gjort vedtak om at det skal inngåast samarbeidsavtale i mellom Kvam herad og kraftmuséet i Tyssedal, om det faglege ansvaret for Ålvik industriarbeidarmuseum. Hausten 2019 gjorde heradsstyret vedtak om intesjonsavtale for å leggja til rette ein slik samarbeidsavtale.

Kunstformidling

Kvam herad yter tilskot til ulike lag og organisasjonar i kommunen. Det gjeld mellom anna Kunstnarhuset Messen i Ålvik, som husar kunstnarar i frå inn- og utland. Kvam herad har og tilsett pianist i deltidsstilling, som formidlar kunst og kultur både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Idrett

Kvam herad eig og driv mange idrettsanlegg i kommunen, men det er òg anlegg som vert eigd og drive av private lag og organisasjonar. Kommunen har og ansvaret for oppdaterte planar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, for å skaffa spelemlidar idretts- og nærmiljøanlegga i kommunen. Kommunen har og eit godt samarbeid med idrettsrådet, som mellom anna set opp prioriteringsliste for spelemlidar og får alle søknader om tilskot til idrett til uttale. Den offentlege badinga vert drifta av idrettslaga i Ålvik og Strandebarm. Løypepreparering vert gjennomført fleire stadar i kommunen, og kommunen gjev faste tilskot til preparering på Kvamskogen og på Sjusete.

Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod (Opplæringslova § 13-6). Kvam kulturskule driv med ordinær undervisning innan estetiske fag og er eit kulturelt ressurscenter i kommunen. Kulturskulen samarbeider med grunnskulen og friviljuge organisasjonar med fokus på elevar under 20 år, og både lærarar og elevar er aktive og viktige aktørar i kulturlivet. Kulturskulen har også ansvaret for Den kulturelle skulesekken, UKM (Ung Kultur Møtes), Bornas verdsdag og integreringsprosjektet Mosaikk.

Andre kulturaktivitetar, tilskot til andre sine kulturbygg

Kvam herad bidreg med tilskot til lokale kulturbygg i kommunen.

Kommunale kulturbygg

Reinhald, forvaltning og drift av eigne kulturbygg som Kvam kino og Ingebrigt Vik Museum.

5.14.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne	<i>Målet er å gje alle eit variert og tilrettelagt fritidstilbod ut frå eigne interesser og funksjonsnivå</i>	Kvam herad arrangerer ulike aktivitetar for enkeltpersonar og som fellesarrangement. Kvam herad samarbeider med andre kommunar i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og ulike lag og organisasjonar om aktivitetar. Eldre får kulturtilbod i regi av Den kulturelle spaserstokken.
Tiltak for born og unge	Målsetjinga er å gje born og unge varierte kultur- og fritidstilbod.	Ferieklubben gjev born i alderen 6-10 år eit dagtilbod 3 veker i sommarferien med

		aktivitetar knytt til opplevingar i nærmiljø, og utflukter. Ferietilbod for born frå 11 år, samt familiar same veker som ferieklubben, i samarbeid med m.a. Grannehjelpa, frivillige lag/organisasjonar og kommunale etatar. Kulturkort og Ung Fritid rettar seg mot born/unge, der målet er at alle skal kunna delta på kultur- og fritidsaktivitetar uavhengig sosial bakgrunn og økonomi. Samarbeid med lag/organisasjonar og ulike kulturinstitusjonar.
Bibliotek	Ferdigstillast bibliotekplan Auka talet på brukarar i biblioteket og nå ut til fleire brukargrupper, spesielt gutar og menn	Bruka tid og ressursar på arbeidet med bibliotekplan. Ta i bruk brukarundersøkinga i arbeidet med bibliotekplanen Ha fleire arrangement både for born og vaksne. Betre og meir målretta informasjon om tilboda på biblioteka
Kino	Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge Fleire kinovitjingar pr. innbyggjar	Formidling av kinotilbodet for å nå ulike aldersgrupper. Samarbeid med t.d. lag/org, Kvam filmklubb, skulane, Kvammaveko m.fl. Profilering på Facebook, nettbaserte løysingar, jf. Kvam herad si nye nettside og billetter på nett.
Kunstformidling	Kvam herad skal vera ein støttespelar for kunst og kultur	Kvam herad skal fortsetja med å yta økonomisk støtte til kunst- og kulturinstitusjonar i kommunen.
Idrett/frivilligheit	I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet,	Starta arbeidet med frivilligheitsplan

	kulturtilboda og lokaldemokratiet	
Idrett/frivilligheit	I Kvam vil me ha eit mangfald av arenaer innanfor kultur, idrett og det frivillige lagslivet.	I Kvam skal me støtta opp om å leggja til rette for at det frivillige lagslivet kan styrkjast og vidareutviklast til det beste for alle innbyggjarane.
Idrett/frivilligheit	Bidra til gode rammevilkår for idrett og friluftslivsarbeid i kommunen (tiltak – gje tilskot, vera ein sparringspartner, rådgjevar, støttespelar).	Gje tilskot til lag og organisasjonar i Kvam.
Friluftsliv	Bidra til gode rammevilkår for idrett- og friluftslivsarbeid i kommunen.	Gjennomføra plan for idrett, friluftsliv vedtatt i 2018 Fortsetja å gje tilskot til prosjekt og lag for vidare drift.
Kulturskulen	Få fleire gutar med i kulturskulen Få fram tilbod som skapar mangfald.	Fortsetja med gutekor, utvikla og profilera tilbodet. Forttsetja med aktivitetar som musikkproduksjon og komponering/arrangering med digitale verktøy. Starta opp att med “kulturkarusell” - kurs for elevar som ikkje ynskjer å spesialisera seg i eit enkeltfag.

Utvalde nøkkeltal brukarundersøkingar

Våren 2018 vart det gjennomført brukarundersøkingar på biblioteket og kulturskulen. Ny brukarundersøking i 2020.

Biblioteket

Kvam bibliotek gjennomførte ei brukarundersøking i mars 2018. Dei fleste som svara, oppgav at dei brukar biblioteket ein gong i månaden eller meir, i hovudsak for å låne skjønnlitteratur. Om lag to tredelar av dei som svara var kvinner. Tilbakemeldingane frå publikum var svært gode. Kvam bibliotek skåra høgt på nesten alle punkt og ligg over landsgjennomsnittet på det meste. Under **heilskapsvurdering**, vert biblioteka vurdert til 5,4, poeng, medan snittet ligg på 5,2 poeng. I høve til **service**, så er poengsummen i Kvam 5,5, medan snittet ligg på 5,3. Høgst poengsum oppnår **biblioteket på hvordan du bli mottatt og behandlet og hvor flinke de ansatte er til å hjelpe deg**, summen er 5,8 poeng, maks poengsum er 6. Undersøkinga visar at Kvam bibliotek er ein god stad å vera. Bibliotekbrukarar i Kvam kjenner seg velkomne og signaliserer at dei får god hjelp og service.

Det som vart etterlyst var meir tilgjengelege bibliotek, tilbod om kaffi/te, betre informasjon og enklare nettløysingar. Etter brukarundersøkinga har Kvam herad og biblioteket fått nye nettsider som gjer det lettare å finna fram til biblioteket sine tilbod. Biblioteket og har oppretta ei eige side for arrangement. Bibliotekappen "Ebokbib" er også blitt oppgradert og betre.

Kulturskulen

Kvam kulturskule gjennomførte to brukarundersøkingar våren 2018. Ein for dei føresette og ein for elevar frå alderen 13 år og oppover. Elevundersøkinga fekk eit gjennomsnitt som var 0,1 (5,4 poeng av 6) poeng høgare enn landsgjennomsnittet, men låg 0,1 poeng under dimensjonen **informasjon** og 0,2 poeng under på dimensjonen **tilgjengelighet**. På **informasjon** var det spørsmålet «det er lett å finne fram på kulturskolens nettside» som trakk ned. På dette punktet har kommunen dette året gjort store endringar etter undersøkinga. Kulturskulen vonar at scoren ville vore betre dersom undersøkinga hadde vore gjort i dag. På dimensjonen **tilgjengelighet** var det spørsmålet «Standarden på undervisningslokala er god» (4,5 poeng mot landsgjennomsnittet på 5,1) som trekkjer ned. Kvam kulturskule har desentralisert undervisning med svært mange undervisningslokale. Kulturskulen tolkar svara til ein viss grad å gjelda for gamle Norheimsund ungdomsskule. Kvam herad er no i ein prosess der kulturskulen i Norheimsund truleg må inn i andre lokale i løpet av nokre år.

Foreldreundersøkinga fekk eit gjennomsnitt som låg på landsgjennomsnittet (5,2 poeng av 6). Her fekk dimensjonen **brukermedvirkning** 0,1 poeng høgare enn landsgjennomsnittet, medan dimensjonen **Informasjon** fekk 0,1 poeng under landsgjennomsnittet. På **Informasjon** var det spørsmåla «Informasjonen frå kulturskolen til hjemmet er god» (4,9 poeng) og «Det er lett å finne fram på kulturskolens nettside» (4,3 poeng) som begge fekk 0,1 poeng under landsgjennomsnittet. Sommaren 2018 fekk Kvam kulturskule nytt administrasjonsprogram som skal lette kommunikasjonen med elevar/føresette. Kulturskulen ynskjer å ha meir fokus på informasjon og kommunikasjon med heimen dei komande åra.

5.14.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Kultur	15 620	22 183	22 263	-1 284	20 980	20 805	20 805	20 805
231 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE	734	866	866	6	872	872	872	872
370 BIBLIOTEK	3 454	3 624	3 624	-770	2 854	2 854	2 854	2 854
373 KINO	1 009	1 118	1 118	-622	496	496	496	496
375 MUSÉER	893	800	800	-	800	800	800	800
377 KUNSTFORMIDLING	465	475	672	-198	475	475	475	475
380 IDRETT OG TILSKUDD TIL ANDRES IDRETTSANLEGG	796	3 069	1 877	-502	1 375	1 375	1 375	1 375
381 KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	1 832	2 177	2 169	325	2 494	2 519	2 519	2 519
383 MUSIKK- OG KULTURSKOLER	4 709	4 570	4 373	579	4 953	4 953	4 953	4 953
ANDRE KULTURAKTIVITETER OG TILSKUDD TIL								
385 ANDRES KULTURBYGG	1 507	4 773	6 053	541	6 594	6 394	6 394	6 394
386 KOMMUNALE KULTURBYGG	222	711	711	-644	67	67	67	67

Funksjon 231 Aktivitetstilbod for barn og unge har ingen vesentlege endringar.

Funksjon 370 Bibliotek er redusert med 0,8 mnok som følgje av omfordeling av reinhaldstenester mellom tenestekområda.

Funksjon 373 Kino har reduksjon på 0,6 mnok på grunn av omfordeling av reinhaldstenester mellom tenesteområda.

Funksjon 375 Museum har ingen endring.

Funksjon 377 Kunstformidling har reduksjon på 0,2 mnok som gjeld retting av løn til funksjon 383 for tilsett på kulturskulen.

Funksjon 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg er redusert med 0,5 mnok pga Rulleskeissebanen i Vikøy vart ferdigstilt i 2019.

Funksjon 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg har ein reduksjon på 0,35 mnok på grunn av ein mindre omfordeling av FDV tenester mellom tenesteområda.

Funksjon 383 Musikk og kulturskular har ei netto auke på 0,6 mnok. Auke på 0,2 mnok er ei retting på løn frå funksjon 377, øvrige endringar er auke på fastløn til tilsette ved kulturskulen, ingen auke på stillingar.

Funksjon 385 Andre kulturaktivitetar har netto auke på 0,5 mnok. 0,2 mnok gjeld arbeid med kullturminneplan vedteke i retninslinjer for Havbruksfond. 0,2 mnok er arbeid med klima- og energiplan.

Funksjon 386 kommunale kulturbygg er redusert med 0,6 mnok som følge av omfordeling av reinhaldstenester mellom tenesteområda.

5.15 Kyrkja

5.15.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 390 – Den norske kyrkja, 392 – Andre religiøse føremål og 393 – Gravplassar og krematorier, som kommunen yter tilskot til.

Mesteparten av tilskotet vert utbetalt til Kyrkjeleg fellesråd i Kvam. I 2020 søker kyrkja om ein auke i kommunalt tilskot på 2,8 %. I tillegg er det ynskje om 70.000 kr til eigenfinansiering av 50 % av diakonimedarbeider stilling, og 120.000 kr til innføring av elektronisk sak/arkiv system. Det er foreslått å auka tilskot for 2020 med 165.000 kr

Andre religiøse trus- og livssamfunn har rett på same tilskot per medlem som den Norske kyrkja. Det betyr at budsjettet må aukast i takt med budsjettauke til kyrkjeleg fellesråd.

5.15.2 Økonomiske rammer

Kyrkja	5 723	5 863	5 863	165	6 028	6 028	6 028	6 028
390 DEN NORSKE KIRKE	4 336	4 486	4 486	165	4 651	4 651	4 651	4 651
392 TILSKUDD TIL TROS- OG LIVSSYNSSAMFUNN	287	275	275	-	275	275	275	275
393 GRAVPLASSER OG KREMATORIER	1 100	1 102	1 102	-	1 102	1 102	1 102	1 102

På funksjon 390 Den norske kyrkja er det lagt inn kr 165.000 i auke, som er ein auke på 3,6%. Prosentauken er lik lønnsvekst anslått i statsbudsjett 2020.

Funksjon 392 Tilskudd til tros-og livssynssamfunn har ingen endringar.

Funksjon 393 Gravplassar og krematoriet har ingen endringar.

5.16 Samferdsel

5.16.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 330 – Samferdsleverksemder/transporttiltak, 332 – Kommunale vegar.

Tenestekområdet samferdsle omfattar ansvaret for vedlikehald og sikring av vel 110 km kommunale vegar fordelt på heile kommunen. I dette inngår ansvaret for 3 grusvegar, 26 bruer og 3 større kaiar. Arbeidsoppgåvene på vegnettet er mellom anna kantklypping, spyling, tøming av sandfangkummar og drenerør, grøfing, hogst langs vegane og reparere hol i vegen med oljegrus. I tillegg kjem kosting, utsetting av brøytestikker, montering av autovern, oppgåver knytt til sikring mot ras og flaum, samt klargjering og planlegging for asfaltering av kommunale vegar og anlegg. Om vinteren driv avdelinga med brøyting, strøing og skraping. For å klare vinterdrifta, er brøyting av ein del av vegnettet sett ut til private (14 brøyteentreprenørar fordelt på 19 roder), som har avtale med kommunen. Kvam herad fungerer vidare som underleverandør knytt til Mesta sin brøyteavtale for gangvegen til Vikøy og Norheimsund sentrum. Til drift av veg og anlegg, har avdelinga 6 stillingar.

Avdelinga har fleire investeringsprosjekt som er inntatt i prosjektoversikta til budsjettet. Det er sjølvstendig eit mål å ferdigstilla flest mogleg av desse prosjekta innan budsjettåret, men desse vert ikkje omtala nærare under «Mål og tiltak» nedanfor.

5.16.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Kvam skal ha ein trafiksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030 under «Infrastruktur og kommunikasjon»)	Vegane skal byggjast og driftast slik at funksjonen som er gjeve av overordna arealplanar vert oppfylt. (pkt 5 i ny fagplan veg)	Lik handsaming av innbyggjarar/utbyggjarar gjennom å: - Nytte kommunal vegnorm i sakshandsaming - Nytte fagplan veg når den vert godkjend Sende sak om kva vegar som skal vera kommunale til politisk handsaming
Kvam skal ha ein trafiksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile	Kommunale vegar skal vera trygge og sikre å ferdast på for alle trafikantar (pkt 1 i ny fagplan veg)	Gjennomføre så mange punkt som mogeleg i trafiksikringsplanen ut frå økonomiske rammer

kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030 under «Infrastruktur og kommunikasjon»)		Arbeida mot at Kvam herad kan verta godkjent som «Trafikksikkert herad»
Kvam skal ha ein trafikksikker og effektiv infrastruktur – eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030 under «Infrastruktur og kommunikasjon»)	Sjå og verta sett er eit vesentleg element for sikkerheit (pkt 3 i fagplan veg)	Det skal gjennomførast kampanjer for siktrydding før kommunen gjennomfører kantklypping
Det skal nyttast meir digitalisering knytt til registrering og drift/vedlikehald av vegnettet.(pkt 6 i ny fagplan veg)	Betre oversikt over status på vegelement på kommunale vegar	Ved fornying og utbetring på veg skal dette registerast inn i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Dette gjeld bl.a. rekkverk, asfalt/overflater og nye murar

5.16.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Samferdsel	7 644	11 928	11 578	-3 082	8 496	8 546	8 046	8 046
332 KOMMUNALE VEGAR	7 644	11 928	11 578	-3 082	8 496	8 546	8 046	8 046

Funksjon 332 Kommunale vegar har ein reduksjon på 3,1 mnok. Av desse har 3,0 mnok samanheng med driftsprosjektet *P63191 Asfaltering og vedlikehald kommunale vegar* som var ei ekstraløyving i 2019 frå Havbruksfondet, som gjaldt etterslep på asfaltering og vedlikehald av kommunale vegar. Denne løyvinga ligg ikkje inne i 2020. 0,1 mnok skuldast endring i øvrige driftsprosjekt som vedkjem funksjonen.

5.17 Bustad

5.17.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 265 – Kommunalt disponerte bustader, 283 – Bistand til etablering og oppretthalding av eigen bustad, samt 315 – Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.

I funksjon 265 ligg utleige av alle kommunale eigedomar som trygdebustadar, omsorgsbustadar og andre kommunale bustader. Bustadane som Kvam herad eig sjølve, er utleigd til personar med spesielle behov eller flyktningar.

I 2019 disponerte Kvam herad totalt 209 bueiningar. Av desse eig kommunen 184.

Omsorgsbustadane og trygdebustadane er lokalisert i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebar.

1 framleigebustad vert nytta i tillegg i 2019. Attståande framleigeavtale skuldast behov for eigna sentrumsnær bustad til vanskelegstilt på bustadmarknaden.

Ut over dette disponerer Kvam herad i tillegg 23 einingar frå Kvam Bustadstifting.

Kommunen vidareformidlar Husbanklån (funksjon 283) og Husbanken sine tilskotsordningar.

I 2018 vart det ikkje teke opp nytt lån, men brukt av tidlegare ubrukte midlar, og i 2019 tok me opp 10 mnok i lån. I budsjettframlegget 2020 ligg det inne eit låneopptak og vidareformidling av dette på 15 mnok.

Funksjon 315 gjeld ei kommunegeologstilling i Kvam. Denne inngår i eit kommunalt samarbeid, der Kvam er vertskommune, og der stillinga vert delfinansiert med vidaresal til dei andre deltakarkommunane. Deltakarane i det interkommunale samarbeidet er Kvam, Bjørnafjorden kommune, Ullensvang kommune, Kvinnherad og Samnanger. I Kvam har kommunegeologen jobba med radonkartlegging, rådgjeving i plan og byggjesaker, uromeldingar, skredhendingar, overvatn, flaumkartlegging m.m. Det er utarbeidd nye avtalar dette året på grunn av kommunesamanslåing som trer i kraft 01.01.2020.

Avdelinga har fleire investeringsprosjekt som er teke inn i prosjektoversikta til budsjettet. Det er sjølvsagt eit mål å ferdigstilla flest mogleg av desse prosjekta innan budsjettåret, men desse vert ikkje omtala nærare under «Mål og tiltak» nedanfor.

5.17.2 Mål og tiltak

Tema/utfordringar	Mål	Tiltak i budsjettår
Kvam herad nyttar IK-Bygg som intenkontrollsystem for kommunen sine føremålsbygg, men har ikkje gjennomført tilstandskartlegging knytt til dei kommunale bustadane ennå	Få på plass ein fullstendig internkontroll knytt til kommunale bustadar	Fullføre tilstandskartlegging for dei kommunale bustadane

Husbanklån	Gjera vanskelegstilte på bustadmarknaden i stand til å skaffa seg eigen bustad	Ta opp og vidareformidla startlån på 15 mnok Søkja om å formidla tilskotsmidlar frå Husbanken
Kvam herad har kritiske punkt i bebygde områder med omsyn til aukande nedbørsmengder og fare for overvatn.	Kommunegeolog	Kritiske punkt er kartlagt, det vert ei vidare kartlegging av konsekvensar av kor vatnet hamnar ved for mykje vatn rundt kritiske punkt. Data som er samla inn skal nyttast og vedlikehaldast gjennom ordinær drift.
Utfordringar med flaum i Bustadalen i Øystese.	Kommunegeolog	Kommunen har fått kr. 200 000,- frå fylkeskommunen for å gjennomføre eit mogleighetsstudie med flaumsikring av Øysteseelva. Kommunen har engasjert COWI til å gjennomføre flaumanalysen.

5.17.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Bustad	-7 694	-6 417	-5 688	-4 918	-10 606	-10 726	-10 726	-10 726
265 KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGER	-8 493	-6 734	-5 994	-4 956	-10 950	-11 070	-11 070	-11 070
283 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE A	919	135	135	3	138	138	138	138
315 BOLIGBYGGING OG FYSISKE BOMILJØTILTAK	-119	182	171	35	206	206	206	206

Funksjon 265 har ein total reduksjon på 4,9 mnok. I 2019 vart det løyvd 3,0 mnok til prosjektet *P62192 Vedlikehald av kommunale bygg* frå Havbruksfondet, til utbetring og vedlikehald av kommunale bygg. Desse midlane er ikkje vidareført til 2020, og gjev ein reduksjon på 2,9 mnok. Øvrig reduksjon skuldast omfordeling av lønsmidlane til FDV bygg og reinhaldsavdelinga.

Funksjon 283 og 315 har ingen vesentlege endringar.

5.18 Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft

5.18.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 320 – Kommunal næringsverksemd, 321 – Konsesjonskraft, kraftrettar og anna kraft for vidareal, 325 – Tilrettelegging og stønad for næringslivet, 329 – Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.

Kvam herad disponerer årleg eit kraftvolum på 167,6 GWh. 60,9 GWh er konsesjonskraft. Det meste kjem frå Bjølvo kraftverk (37,9 GWh) og Samnanger (BKK, 21,7 GWh). Kommunen disponerer òg 106,7 GWh årleg frå Bjølvo kraftverk som heimfall.

Innanfor funksjon 325 ligg og ansvar for prosjektarbeid, reiseliv og turistveg, tilflytting, internasjonalt arbeid m.m. Kommunen mottek og om lag 4,4 mnok i konsesjonsavgift som vert sett av på eit næringsfond. Disponering av fondet har vore del av forvaltningskontrollen på næring og kultur og for budsjettet 2019 er utlyst og søkbart gjennom «Regional forvaltning». Fondet kan brukast til ulike næringstiltak.

Landbrukskontoret i Kvam tek seg av saker innanfor landbruksforvaltninga

- Søknader om produksjonstilskot, 185 stk.
- Søknader om sjukeavløysing, om lag 20 stk
- Søknader om regionalt miljøprogram, 90 stk
- Søknader om spesielle miljøtilskot i landbruket, om lag 30 stk
- Søknader om tidlegpensjon
- Søknader om organisert beitebruk
- Skriving av fråsegner
- Motorisert ferdsle i utmark, om lag 50 stk
- Hjorteviltutvalet
- Hjortejakt
- Skogsvegar
- Skogkultur
- Skogavgift

Landbruksforvaltninga organiserer veterinærvakt som vert refundert av staten. Det vert leigd inn kompetanse på skog og utmark frå landbrukskontoret i Ullensvang. Kontoret er og fyrstelinje for søknader til Innovasjon Norge

5.18.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Salsstrategi kraft (HST-010/16)	Policy: Maksimera utbytte, men redusera risiko for svingingar i inntektene til eit akseptabelt nivå	Selja kraft i spotmarknad, men vurderer å inngå faste kontraktar dersom det vert vurdert lønsamt
Ivareta kraftrettar	Sikra kommunen sine rettार knytt til produksjon av kraft	Medlemsskap i LVK Delta på LVK sine samlingar

		Nytta LVK til klagesak
Skapa nye lokale arbeidsplassar.	Verdiskaping igjennom samarbeid. Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar.	Kvam herad skal vera med å bidra til nye arbeidsplassar og oppretthalda eksisterande, og skal difor bidra både økonomisk og med menneseelege ressursar til dette arbeidet. Kvam herad skal lyse ut midlar frå Kraftfondet til nye tiltak. Kvam herad skal saman med Hardangerrådet vidareformidla regionale etablerartilskot.
	Kvam herad har som mål å skapa like mange nye og lønsame arbeidsplassar som samanliknbare kommunar	Gjennomføra kommunedelplan for næring og kompetanse.
Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi.	Skapa ein god sentrumsnær, samlokalisert offentleg vidaregåande skule som er attraktiv for ungdom, som har eit godt rykte og som kan trekke til seg ungdom frå naboregionar. Kvam må gje ungdom ein kompetanse som næringslivet lokalt treng.	Ta initiativ overfor skular, grunneigarar og fylkeskommune, i regi av eksisterande prosjekt for ny VGS. Leggja til rette for ny aktivitet, og støtta oppom eksisterande innovasjonsarbeid.
Styrka det etablerte og utvikla det særeigne	Sikra eksisterande industri og næring og leggje til rette for at næringa kan vere levande innan sitt felt.	Kvam herad skal sikra naudsynt areal gjennom arbeid med kommuneplanen. Opparbeide næringsarealet som er regulert i Sandvenhagen. Starte arbeid med regulering av Skarpen næringsområde. Stø opp om og inspirera landbruket til vidareutvikling.
Skapa opplevingar og innhaldsrik fritid.	Profesjonalisera Kvam som opplevingskommune.	Kvam herad fortset arbeidet for å utvikla nye opplevingar på og rundt Kvamskogen i samarbeid med andre aktørar. Følgja opp Kvammabadet
	Utvikla og byggja arena for kultur og aktivitet. Utgreia om eit	Leggja til rette, vurderer delfinansiering, bidra med kompetanse

	samarbeid med den nye vidaregåande skulen er mogleg.	Bidra i arbeidet som ser på moglege kulturhusfunksjonar i den nye vidaregåande skulen. Leggja til rette for Erasmus+ søknad om støtte til studietur og eventuelt internasjonalt prosjekt
	Byggja Hardangerbadet som eit attraktivt reisemål og folkehelsetiltak.	Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse.
Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi	Det skal vere mogleg å etterutdanna seg i Kvam. Arbeidstakarar som ønskjer å auke kompetansen sin bør ha høve til etterutdanning spesielt på områder der næringsliv og kommunen manglar kompetanse	Kvam skal synleggjera moglegheit for etterutdanning og kompetanseheving spesielt gjennom Stiftelsen høgskuleutdanning i Hardanger.
Skapa gnist og kreativ framtidsretta næring	Få fleire arbeidsplassar til å flytte til Kvam. Legge til rette for at større firma kan ha kontor plass i Kvam både på heiltid og deltid.	Leggja til rette og støtta opp under arbeidet til mellom anna Næringshagen i Hardanger.
	Inspirera til å tenkja nytt og å skapa verdier.	Alle elevar i grunnskulen skal gjennom tre program i Ungt Entreprenørskap
	Kvam skal vere gründervenleg og gje nøyaktig og nødvendig informasjon til dei som ønskjer å etablere bedrift i Kvam.	Støtta etablerarkurs i samarbeid med andre aktørar. Bruk av kraftfondsmidlar til nyetableringar.

5.18.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	19 716	20 692	24 544	-812	23 732	23 432	23 432	23 432
320 KOMMUNAL NÆRINGSVIRKSOMHET	-34	-	-	-	-	-	-	-
KONSESJONSKRAFT, KRAFTRETTIGHETER OG								
321 ANNEN KRAFT FOR VIDERESALG	20 390	16 985	19 276	770	20 046	20 046	20 046	20 046
TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR								
325 NÆRINGSLIVET	-755	3 034	4 584	-1 464	3 120	2 820	2 820	2 820
LANDBRUKSFORVALTNING OG								
329 LANDBRUKSBASERT NÆRINGSUTVIKLING	116	673	683	-117	566	566	566	566

Funksjon 320 Kommunal næringsverksemd har ingen endring.

Funksjon 321 har ein netto auke på 0,8 mnok. Hovudårsaka til auken er reduserte salsinntekter på konsesjonskraft på 2,9 mnok. I tillegg er det ein reduksjon på kostnader til grunnrenteskatt på 2,9 mnok og 0,5 mnok på overskotsskatt, medan kjøp av kraft aukar med 0,3 mnok.

Funksjon 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet er redusert med 1,5 mnok. 1,8 mnok i reduksjon gjeld overføringar til private som vart lagt inn i 1.tertial 2019 i samsvar med vedteken bruk av kraftfond. Her vil det koma justeringar etter kvart som overføringar vert vedteke. Utgiftene har auka med 0,3 mnok på grunn av tidsforskyving av midlar til P71182 Utvikling av Kvamskogen.

Funksjon 329 Landbruksforvaltning er redusert med 0,1 mnok, endringa skuldast mindre kjøp frå andre kommunar.

5.19 Brann og ulukkesvern

5.19.1 Om tenestene

KOSTRA-tema inneheld funksjonane 338 – Førebygging av brannar og andre ulukker og 339 – Beredskap mot brannar og andre ulukker.

Kvam brann- og redningsteneste (KVBR) er ei avdeling under teknisk eining. Avdelinga har eit mannskap på totalt 53 personar, 10 bilar og er lokalisert på dei 4 brannstasjonane i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma. Tenesteområdet omfattar ansvaret for det akutte rednings- og beredskapsarbeidet i kommunen, feiartenesta, branntilsyn og førebyggjande arbeid. I tillegg har avdelinga inngått avtale om «First responder». Dette er ein avtale som er inngått med Norsk Luftambulans, og som gjeld livreddande førstehjelp fram til ambulansen er på staden.

Organiseringa av tenesta og kompetansekrav til mannskapet er i stor grad bestemt av dimensjoneringsforskrifta, og vert følgt opp av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB). Gjeldande brannordning for Kvam herad syner at tenesta oppfyller forskrifta sine dimensjoneringskrav.

Det er ikkje krav til kasernert¹⁵ mannskap i kommunen, men for Norheimsund og Øystese er det krav til fast vaktordning. Vaktordninga vert gjennomført med vaktlag som går vakt kvar 5. veke, medan overbefelet går vakt kvar 4. veke. Intervallforskjellen medfører at overbefalet sirkulerer mellom heile mannskapsstyrken, og vert dermed betre kjent med den totale styrken i avdelinga.

For Oma og Ålvik er det ikkje krav til vaktordning, og mannskapet her har derfor ikkje plikt til å vera tilgjengeleg for utkalling til ei kvar tid. For å sikre tilgjengelege resursar, vert det derfor sett vaktlag ved behov i feriar og høgtider.

I Ålvik er brann- og redningstenesta organisert i eit samarbeid med industrivernet ved Elkem Bjølvefossen. Mannskapet er derfor tilsett ved Bjølvefossen, men rykker og ut til hendingar utanfor bedrifta sitt område.

5.19.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare	Kvam herad skal ha ein beredskap som minskar sjansen for at innbyggjarane vert utsett for uynskte hendingar	Følgje opp tiltak i brannordning, mellom anna - Sikre at responstid er innanfor gjeldande rammer - Sikre naudsynt kompetanse for brannmannskap gjennom kurset
(Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)	Kvam herad skal ha ein beredskap som reduserer	

¹⁵ Kasernert vil seia at brannmannskap har kontinuerleg vakt på stasjonen. Når det ikkje er kasernert, vert personell innkalla ved behov.

	konsekvensane av ei uynskt hending Kvam herad skal ha ein beredskap som sikrar at innbyggjarane får naudsynt hjelp ved ei uynskt hending (ROS-analyse 2015-2019)	beredskapsleiing trinn 1 og grunnutdanning - Arbeida med vidareutvikling og implementering av avdelinga sin internkontroll - Byggjestart for ny felles brannstasjon for Øystese og Norheimsund
Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)	Kvam herad skal ha ein beredskap som minskar sjansen for at innbyggjarane vert utsett for uynskte hendingar Kvam herad skal ha ein beredskap som reduserer konsekvensane av ei uynskt hending Kvam herad skal ha ein beredskap som sikrar at innbyggjarane får naudsynt hjelp ved ei uynskt hending (ROS-analyse 2015-2019)	Bidra til vidareføring av godt samarbeid mellom Kvam brann- og redningsteneste og dei private trafikkskulane i kommunen Gjennomføre risikobaserte tilsyn med brannobjekt. Starte feiing og tilsyn i fritidsbustadar Gjennomføre årlege kampanjar, mellom anna; - Hytteaksjonen - Open brannstasjon - Aksjon bustadbrann
Kvam skal ha eit trygt samfunn som er førebudd på uventa hendingar slik at menneske, miljø og materielle verdiar er tilstrekkeleg sikra mot fare (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)	Kvam herad skal ha ein beredskap som minskar sjansen for at innbyggjarane vert utsett for uynskte hendingar Kvam herad skal ha ein beredskap som reduserer konsekvensane av ei uynskt hending Kvam herad skal ha ein beredskap som sikrar at innbyggjarane får naudsynt hjelp ved ei uynskt hending (ROS-analyse 2015-2019)	Halda seg orientert om arbeidet i Vest Brann og Redningsregion og bidra til at samarbeidet skal lukkast i skapa ein tryggare kvardag for innbyggjarane i kommunen

5.19.3 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Brann- og ulykkesvern	8 830	7 861	7 874	2 360	10 234	5 134	5 134	5 134
338 FOREBYGGING AV BRANNER OG ANDRE ULYKKER	685	655	633	28	661	-439	-439	-439
339 BEREDSKAP MOT BRANNER OG ANDRE ULYKKER	8 145	7 207	7 241	2 332	9 573	5 573	5 573	5 573

Funksjon 338 har ingen vesentlege endringar i 2020. I 2020 startar arbeidet med å feia hytter og fritidsbustader i heradet. Dette gjev ein inntektsauke på om lag 1,1 mnok, samstundes som det er budsjettert med 1,1 mnok i auka utgifter til feiar, noko som ikkje gjev noko effekt i netto driftsresultat på denne funksjonen.

Funksjon 339 har ein auke på 2,3 mnok. I 2020 vert det kursing av alt brannmannskap, totalt 2 mnok. 0,1 mnok er lagt inn i brannsamarbeid med Vest brann og redning, og 0,2 er lønsjusteringa i samaband med nyttilsetjingar.

5.20 Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde**5.20.1 Om tenestene**

Funksjon gjeld utgifter til leirskuletilbod i regi av Hardanger Fartøyvernssenter og betaling av låneavdrag til Jondalstunnelen (1,9 mnok,), samt prosjektet P19171 - Hardangertunnelen.

5.20.2 Økonomiske rammer

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 730	4 310	4 310	211	4 521	2 021	2 021	2 021
TJENESTER UTENFOR ORDINÆRT KOMMUNALT 285 ANSVARSOMRÅDE	1 730	4 310	4 310	211	4 521	2 021	2 021	2 021

Funksjon 285 er auka med 0,2 mnok. Konsulenthonorar på prosjektet P19171 – Hardangertunnelen - frå ide til røyndom. P19171 vart oppretta som del av budsjettvedtaket for 2017. Prosjektet er tidsforskyvd frå 2019 til 2020 med 2,5 mnok i drift og 0,5 mnok i investering. Auken på 0,2 mnok gjeld vakant stilling på leirskulen, som vert hyra inn per oppdrag. Ingen endring i låneavdrag til Jondalstunnelen.

5.21 Sosiale utgifter

Dei sosiale utgiftene i budsjett 2020 er på 128 mnok. Utgiftene fordeler seg på pensjon (78,3 mnok), premieavvik på pensjon (-37), tidlegare års akkumulert premieavvik (16,6), gruppelivsforsikring (0,57), arbeidsgjevaravgift (70,7) og arbeidsgjevaravgift av årets og akkumulert premieavvik (-2,8).

Det er ein reduksjon i pensjon inkludert premieavvik på 2,45 mnok frå justert budsjett 2019 til budsjett 2020. Tidlegare års premieavvik aukar med 2 mnok. Budsjett for arbeidsgjevaravgift på lønn og preimeavvik er redusert med 1 mnok. Totalt sett er det ein reduksjon på sosiale kostnader på 1,6 mnok.

I økonomiplanperioden er prognosar frå KLP lagt til grunn. Det er knytt stor usikkerheit til tala og det er gjort ei rekkje føresetnader. Per 1.1.2020 og i påfølgjande år skjer det endringar i offentleg tenestepensjon. Dette medfører ekstra stor usikkerhet ved prognosen.

Dei sosiale utgiftene varierer i stor grad med lønsgrunnlaget, men nivået på pensjon og arbeidsgjevaravgift av pensjon vert og fastsett ut frå ei rekkje andre faktorar som t.d. pensjonsuttak.

Kommunane har ei ytingsbasert pensjonsordning, medan dei fleste private verksemdar har ei innskotsbasert ordning. Pensjonsutgiftene til kommunane har auka kraftig, og ei av dei store utfordringane i det offentlege er å få på plass ei berekraftig pensjonsordning. Per i dag skyv kommunane deler av pensjonsrekninga opptil 7 år framfor seg.

Kvam herad har tre ulike pensjonsordningar, Statens pensjonskasse (SPK) for lærarar, Kommunal landspensjonkasse (KLP) for sjukepleiar og KLP for hovudordning. Pensjonsprosenten er ulik på kvar ordning. Alle sosiale kostnader er tatt ut av tabellane på kvart rammeområde. Dette er gjort fordi endringane her oftast ikkje har direkte samanheng med drifta av rammeområde. Dei sosiale utgiftene har følgjande fordeling per KOSTRA-tema:

	Rek. 2018	Opph. Bud 2019	Justert Bud. 2019	Endring 2020- 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	-12 314	-3 158	-16 824	-5 678	-22 502	-11 059	-13 432	-11 684
Styring og kontrollverksemd	432	398	447	10	457	441	449	458
Administrasjon	6 748	7 060	7 439	630	8 069	7 249	7 182	7 348
Barnehagar	17 095	15 672	18 720	916	19 635	18 795	19 227	19 689
Grunnskuleopplæring	27 974	28 154	29 619	1 865	31 484	31 431	32 060	32 719
Kommunehelse	6 316	6 188	7 169	138	7 307	7 000	7 152	7 313
Pleie og omsorg	52 724	55 808	61 615	-1 270	60 344	57 873	59 109	60 418
Sosialeteneste	3 148	2 890	3 375	5	3 380	3 235	3 309	3 389
Barnevern	2 852	2 918	3 310	54	3 364	3 251	3 311	3 375
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	1 839	811	1 369	620	1 989	1 912	1 951	1 993
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	3 485	2 470	3 351	199	3 550	3 400	3 477	3 559
Kultur	4 072	3 112	3 883	555	4 439	4 260	4 356	4 457
Samferdsel	1 054	821	1 059	176	1 235	1 183	1 210	1 238
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	1 025	346	936	315	1 251	1 200	1 226	1 254
Kommunal næringsforvaltning og Tenester utanfor ordinært	440	288	438	-157	281	268	275	281
kommunalt ansvarsområde	1 869	1 924	2 099	39	2 138	2 055	2 097	2 142
Tenester utanfor ordinært komm	26	0	13	8	21	21	21	21
ALLE	118 785	125 702	128 016	-1 575	126 441	132 516	132 980	137 971

Premiefond

Premiefond er eit fond for tilbakeførte premiar og overskudd. Midlane kan kun brukast til framtidig premiebetaling. I 2020 er det lagt inn bruk av premiefond på Sjukepleierordninga, men ikkje på hovudordninga. Eventuell bruk av premiefond får ingen innverknad på pensjonskostnaden i 2020, men bruken medfører at premieavviket vert redusert tilsvarende bruk av premiefond. Eit lågare premieavvik i 2020 gjer at premieavviket som skal kostnadsførast i perioden 2021-2027 vert lågare enn om me ikkje hadde brukt premiefond.


Pensjonspremie, pensjonskostnad og premieavvik

Kommunen betaler årleg ein pensjonspremie til kommunen sine to pensjonsordningar KLP og SPK.

Jamfør § 13 i den kommunale rekneskapsforskrifta er det ikkje pensjonspremien, men den aktuarutrekna netto pensjonskostnad som skal førast i driftsrekneskapen. Dette gjer at driftsresultatet må korrigerast for differansen mellom betalt pensjonspremie og utrekna netto pensjonskostnad, kalla premieavvik. Kvam har kvart år betalt meir i pensjonspremie enn netto pensjonskostnad. Eit slikt positivt premieavvik forbetrar rekneskapen det året det oppstår. Åra etter skal premieavviket tilbakeførast (amortiserast) med like store beløp over 7 år (tidlegare 10 og 15 år). Det vil seie at 1/7 av premieavviket skal førast som ein kostnad i framtidige rekneskap.

Sidan det akkumulerte amortiserte premieavvik berre aukar for kvart år som går, kan denne kostnad verta vanskeleg å handtera i framtida. Det vert difor tilrådd å opparbeida disposisjonsfond som tilsvarar premieavviket.

Grafen under viser summen av alle tidlegare års premieavvik som har eller skal belastast rekneskapen dei ulike åra.



5.22 Avskrivingar

Avskrivingane vert i kommunerekneskapen rekna med som del av driftsutgiftene, men så trekt ut at og erstatta med avdragsutgifter når kommunen sitt netto driftsresultat skal reknast ut.

Avskrivingane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell for å gje ein betre oversikt. Sidan avskrivingane ikkje påverkar netto driftsresultat, er det ikkje lagt ned arbeid i å estimera endringar i avskrivingane i økonomiplanperioden. Avskrivingane ligg difor med same nivå i 2021-2023 som i 2020.

	Endring							
	Rek. 2018	Opph. Bud 2019	Justert Bud. 2019	2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	-46 776	-38 869	-50 120	3 382	-46 738	-46 738	-46 738	-46 738
Styring og kontrollverksemd	140	140	140	-140	0	0	0	0
Administrasjon	3 405	2 985	4 294	-127	4 167	4 167	4 167	4 167
Barnehagar	5 893	1 969	5 196	0	5 196	5 196	5 196	5 196
Grunnskuleopplæring	11 141	10 178	11 952	-1 381	10 571	10 571	10 571	10 571
Kommunehelse	150	150	163	0	163	163	163	163
Pleie og omsorg	3 561	3 520	3 828	71	3 898	3 898	3 898	3 898
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	10 051	7 623	11 425	-1 268	10 157	10 157	10 157	10 157
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	1 070	1 070	1 071	33	1 105	1 105	1 105	1 105
Kultur	3 095	3 095	3 506	-513	2 993	2 993	2 993	2 993
Samferdsel	3 396	3 278	3 461	-31	3 430	3 430	3 430	3 430
Bustad	4 529	4 529	4 491	-13	4 478	4 478	4 478	4 478
Brann- og ulykkesvern	344	331	593	-13	580	580	580	580
ALLE	0	0	0	0	0	0	0	0

5.23 Driftsprosjekt

Dei aller fleste prosjekta Kvam herad har, er investeringsprosjekt. Men det finnest og nokre driftsprosjekt. Utgiftene er baka inn i dei ulike KOSTRA-tema. Under er ein tabell som viser kva driftsprosjekt som ligg inne i økonomiplanperioden:

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk per		Øk. Plan	Øk. Plan	Øk. Plan	Rest på total ramme	Prosjektramma Total
		okt 19	BUD 2020	2021	2022	2023		
		6 383	15 359	3 006	350	0	21 918	28 301
P19091	1* E - taksering (2019-2021)	0	4 445	430	0	0	5 000	5 000
P19171	0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0	3 625	0	0	0	3 625	3 625
P19190	1* Lean fase 3 (2019-2021)	280	1 075	538	350	0	2 083	2 363
P37200	1* Produksjonskjøken, forprosjekt (2020-2021)	0	1 250	1 250	0	0	2 500	2 500
P62192	1*Vedlikehald av kommunale bygg	2 850	150	0	0	0	150	3 000
P70133	1* Reg.plan NAF-Eikedalen	268	0	288	0	0	232	500
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	2 985	3 000	0	0	0	5 027	8 013
P71181	1* Revisjon kommuneplan Kvamskogen	0	989	0	0	0	989	989
P71182	1* Utvikling av Kvamskogen	0	375	0	0	0	375	375
P71185	1* Reguleringsplan Skarpen	0	0	0	0	0	938	938
P80191	1*Områdeplan Øystese sentrum	0	450	500	0	0	1 000	1 000

Sjå elles vedlegg til budsjettet for meir detaljar om dei ulike prosjekta.

5.24 Fellestema: Kommunale bygg

5.24.1 Om temaet

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar er samla under avdelinga for FDV- Bygg i teknisk eining. Arbeidet innanfor temaområdet «Kommunale bygg» omfattar dei kommunale formålsbygga for alle tenesteområda, og der utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda. Dei kommunale formålsbygga omfattar mellom anna rådhus, barnehagar, skular, institusjonar, legesenter, helsestasjonar, offentlege toalett og museum.

Når det gjeld forvaltingsan svaret, så omfattar dette ansvaret for ein best mogleg bruk av eigne bygg og utleige av ledige lokalar. Driftsansvaret omfattar mellom anna reinhald, internkontroll, renovasjon, tele- og straumabonnement, uteområda rundt bygga og flaggheising på offentlege flaggdagar. Vedlikehaldsansvaret omfattar registrering, planlegging og gjennomføring av vedlikehaldsoppgåver. Av ressursomsyn vert vedlikehald prioritert høgast for pleieinstitusjonar, barnehagar og skular.

Ut over dette, omfattar tenesteområdet òg ansvaret for gjennomføring av investeringsprosjekt knytt til nye eller eksisterande bygg. Prosjekta vert gjennomført med eigne eller leigde ressursar, og omfattar alt frå små prosjekt til større utbyggingsprosjekt som Ålvik skule, Øysteseheimen og barnehageprosjektet i Kvam.

Avdelinga har fleire investeringsprosjekt som er inntatt i prosjektoversikta til budsjettet. Det er sjølvstendig eit mål å ferdigstilla flest mogleg av desse prosjekta innan budsjettåret, men desse vert ikkje omtala nærare under «Mål og tiltak» nedanfor.

5.24.2 Mål og tiltak

Tema/utfordring	Mål	Tiltak
Internkontroll	Oppdatert internkontroll/tilstand skartlegginga over dei kommunale føremålsbygga	Fortløpande oppdatering av tilstandskartlegginga over dei kommunale føremålsbygga og vidareutvikling av internkontrollen knytt til FDV- Bygg
Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)	Sikre trivsel, estetiske kvalitetar og eit godt vedlikehald av den kommunale bygningmassen	Prioritera utvendig vedlikehald av fasadar og tak på kommunale formålsbygg. Det skal særleg leggjast vekt på vask av tak i løpet a 2020.
Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege	Energieffektivisering	Ved prioritering av tiltak knytt til tekniske anlegg skal det særleg leggjast vekt på tiltak

tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for alle med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet(Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)		som gjev god energieffektivisering og høve til sentral styring av anlegg
Dei kommunale reinhaldskostnadane har vorte monaleg redusert i Kvam herad dei siste åra. Trass i dette representerer reinhaldskostnadane framleis ein vesentleg del av det totale driftsbudsjettet til avdeling for FDV Bygg, og det må såleis alltid vera fokus på vidare forbetring og effektivisering.	Reduksjon av reingjeringskostnadar	Fornya og auka talet på reinhaldsmaskinar. Dette vil gje ein betre reinhaldskvalitet. Samstundes vil det effektivisera reinhaldet og gje mindre arbeidsbelastning for reinhaldarane.
I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane , det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet (Samfunnsdelen til kommuneplanen 2015-2030)	Betra vedlikehald gjennom godt samarbeid med frivillige	Vera positive og tilretteleggja dersom frivillige ynskjer å bistå ved utføring av eigna vedlikehaldsoppgåver

6 Kvam herad – Budsjett og økonomiplan



Budsjett og økonomiplan vert sett opp i samsvar med kommunale rekneskapsforskrifter.

6.1 Hovudoversikt - drift

		Rek. 2018	Opp. Budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Endring 2020- 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
LN01	Brukarbetalingar	27 862	27 582	27 582	325	27 907	27 907	27 907	27 907
LN02	Andre sals- og leigeinntekter	85 765	97 904	100 544	-811	99 732	99 732	99 732	99 732
LN03	Overføringar med krav til motyting	100 007	83 219	91 388	-4 958	86 430	84 377	83 309	83 309
LN04	Rammetilskot frå staten	281 185	298 433	296 746	8 605	305 351	305 035	304 943	304 847
LN05	Andre statlege overføringar	92 664	69 550	71 672	-6 686	64 986	64 986	64 986	64 986
LN06	Andre overføringar	12 928	10 775	5 607	701	6 308	3 236	3 194	3 194
LN07	Skatt på inntekt og formue	232 403	224 815	228 342	9 707	238 049	238 049	238 049	238 049
LN08	Eigedomsskatt	40 187	39 000	40 700	1 178	41 878	41 878	41 878	41 878
LN09	Andre direkte og indirekte skattar	4 244	4 400	4 400	0	4 400	4 400	4 400	4 400
LN10	Sum driftsinntekter B	877 245	855 678	866 981	8 060	875 041	869 600	868 398	868 302
LN11	Lønsutgifter	434 634	445 482	450 071	13 711	463 781	462 107	461 113	460 090
LN12	Sosiale utgifter	118 785	125 702	128 016	-1 575	126 441	132 516	132 980	137 971
LN13	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	97 299	106 497	108 116	785	108 901	95 466	96 028	95 428
LN14	Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	55 062	52 368	56 701	-2 771	53 930	52 830	52 830	52 830
LN15	Overføringar	93 693	92 690	95 037	-3 356	91 680	90 750	90 500	90 500
LN16	Avskrivingar	46 776	38 869	50 120	-3 382	46 738	46 738	46 738	46 738
LN18	Sum driftsutgifter C	846 249	861 608	888 061	3 411	891 472	880 408	880 190	883 557
LN19	Brutto driftsresultat D=B-C	30 996	-5 930	-21 081	4 650	-16 431	-10 808	-11 791	-15 255
LN20	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	19 456	17 555	21 485	-430	21 055	21 055	21 055	21 055
LN21	Gevinst av finansielle instrument	420	200	200	0	200	200	200	200
LN23	Sum eksterne finansinntekter E	19 876	17 755	21 685	-430	21 255	21 255	21 255	21 255
LN24	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	20 472	22 910	22 910	1 475	24 385	24 385	24 385	24 385
LN25	Tap finansielle instrument	785	200	200	200	400	400	400	400
LN26	Avdragsutgifter	35 089	37 400	37 400	3 900	41 300	41 300	41 300	41 300
LN28	Sum eksterne finansutgifter F	56 347	60 510	60 510	5 575	66 085	66 085	66 085	66 085
LN29	Resultat eksterne finanstransaksjoner G=E-F	-36 471	-42 755	-38 825	-6 005	-44 830	-44 830	-44 830	-44 830
LN30	Motpost avskrivingar H	46 776	38 869	50 120	-3 382	46 738	46 738	46 738	46 738
LN31	Netto driftsresultat I=D+G+H	41 301	-9 816	-9 786	-4 737	-14 523	-8 900	-9 883	-13 347
LN32	Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk frå tidlegare år	0	0	1 262	-1 262	0	0	0	0
LN33	Bruk av disposisjonsfond	1 474	16 326	14 638	3 926	18 563	16 269	17 998	21 462
LN34	Bruk av bundne fond	4 981	13 644	25 146	-4 932	20 214	16 886	16 139	16 139
LN35	Sum bruk av avsetningar J	6 455	29 970	41 046	-2 268	38 778	33 155	34 138	37 601
LN36	Overført til investeringsrekneskap	17	2	2	-2	0	0	0	0
LN38	Avsetning til disposisjonsfond	31 006	0	10 341	-10 341	0	0	0	0
LN39	Avsetning til bundne fond	15 471	20 152	20 917	3 338	24 255	24 255	24 255	24 255
LN40	Sum avsetningar K	46 494	20 154	31 260	-7 005	24 255	24 255	24 255	24 255
LN41	Regneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk L=I+J-K	1 262	0	0	0	0	0	0	0

Driftsinntektene i 2020 er auka med 8 mnok til 875,1 mnok i høve justert budsjett 2019.

LN01 - Brukarbetalingar auka med 0,3 mnok.

Endringane er prisauke på SFO og barnehage, og justerte eigenandelar i Legetenesta.

LN02 - Andre sals- og leigeinntekter er redusert med 0,8 mnok.

Endringane i inntekter frå vass- og avlaupsområdet auker med 3,1 mnok. Det er gjennomført og planlagt fleire store investeringar på området som fører til auke i gebyr. Sal av konsesjonskraft er redusert med 3,9 mnok. Det er fleire andre endringar av mindre beløp som utliknar kvarandre. Dette gjeld gebyrinntekter på plan- og byggesak, husleigeinntekter, sal av IT-tenester m.m.

LN03 - Overføringar med krav til motyting er redusert med 4,96 mnok.

Sykelønnsrefusjon er auka med 2,9 mnok og mva kompensasjon er auka med 1,5 mnok. Refusjonar frå staten er redusert med 9,6 mnok, der øymerka tilskot frå staten er redusert med 7,9 mnok. Dette er bortfall av tilskot til bemanningsnorm i barnehage, tilskot lærartettleik er lagt inn i rammetilskotet, Redusert tilskot dagsenter, og ulike øymerka tilskot i Helse og omsorg som er overført til rammetilskotet. Andre refusjonar frå staten er også redusert med 1,7 mnok, herav dialysesatelitt som fell bort med 0,75 mnok, samt overføring av stillingsandel frå NAV kommune til NAV stat utgjør hovudendringane. Siste 0,2 mnok er inntekt frå Kvammabadet KF til Kvam herad for kjøp av arkiv og rekneskapstenester.

LN04 - Rammetilskot frå staten er auka med 8,6 mnok.

Distrikstilskotet har auka med 0,2 mnok, inntektsutjamninga med 1,2 mnok og det ordinære tilskotet med 8,6 mnok. Skjønstilskotet er redusert med 1,4 mnok.

LN05 – Andre statlege overføringar er redusert med 6,7 mnok.

Reduksjon tilskot til einslige mindreårige flyktninger på 1,5 mnok, 1,1 mnok reduksjon i tilskot frå Imdi, og 0,2 mnok i auke i overføring til legeteneste. Sal av heimfallskraft er redusert med 4,6 mnok. På vertskommunetilskot er det estimert ein auke på 0,3 mnok. Inntekter frå Havbruksfondet er ikkje budsjetttert i 2020. I 2018 fekk Kvam herad 15,9 mnok utbetalt, og i 2019 vert det overført 2,5 mnok.

LN06 – Andre overføringar er auka med 0,7 mnok.

Tidsforskyving av prosjekt gjer ein auke på overføring frå fylket på 1 mnok. Overføringar frå private er redusert med 0,3 mnok.

LN07 – Skatt på inntekt og formue er budsjetttert med ein auke på 9,7 mnok.

LN08 – Eigedomsskatt er auka med 1,2 mnok. Endringa skyldes endra verdsetting av Kraftverk frå skatteetaten si side som auker eigedomsskatten i 2020.

LN09 – Andre indirekte skattar gjeld konsesjonsavgift. Det er ingen endring frå justert budsjett 2019.

Driftsutgiftene i 2020 er auka med 3,4 mnok til 891,5 mnok i høve justert budsjett 2019**LN11 – Lønsutgiftene** er auka med 13,7 mnok.

Fastlønn totalt auker med 12,3 mnok, lønn til vikarar auker med 3,6 mnok, mens lønn til ekstrahjelp vert redusert med - 1,1 mnok. Introduksjonsstønad er redusert med - 2,3 mnok. Resterande auke på 1,2 mnok er generell lønnsauke, justeringar, innsparing og omfordelingar. Av auken på fastlønn er 4 mnok satt av til lønnsjusteringar. Barnehage og grunnskule auker med 2 mnok, Helse og Omsorg auker med 4 mnok. Innsparingskrav til Helse og omsorg er redusert med 2,7 mnok.

LN12 – Sosiale utgifter er redusert med 1,6 mnok.

Det er ein reduksjon i pensjon inkludert premieavvik på 2,45 mnok frå justert budsjett 2019 til budsjett 2020. Tidlegare års premieavvik aukar med 2 mnok. Budsjett for arbeidsgjevaravgift på lønn og preimeavvik er redusert med 1 mnok.

LN13 – Kjøp av varer og tenester er auka med 0,8 mnok.

Kjøp av tenester til bygg, veg og anlegg er redusert med -6,0 mnok etter ekstra tildeling frå Havbruksfondet i 2019. Kjøp av tenester til retaksering er + 2,0 mnok, +1 mnok tettstadutvikling Ålvik, +0,3 mnok utvikling Kvamskogen, + 0,2 mnok Klima og energiplan. Etterslep på kursing av brannteneste medfører + 2 mnok i ekstraordinær tildeling til kurs i 2020. Kostnader til lisensar aukar med 0,8 mnok, deltaking i fjernarkiv prosjekt medfører auke på 0,3 mnok. Resterande auke på 0,2 mnok skuldast mange små justeringar på straum (-0,8), forbruksmateriell (+ 0,2), matvarer (+0,5), medisinsk utstyr (+0,4), kontormateriell (-0,2), (+0,9) mnok i undervisningsmateriell, (-0,8) mnok av kjøp av driftsmidler, m.m

LN14 – Kjøp av kommunale tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon er redusert med - 2,7 mnok.

Kommunalt driftstilskot til privat barnehage inngår her, og er tilnærma uendra frå 2019 til 2020. Hovudendringane er reduksjon i kjøp av plasser til ressurskrevjande brukarar med - 3,2 mnok, kjøp av tenester knytta til mindreårige flyktningar med - 0,4 mnok, reduksjon læringsnettverk barnevern på - 0,2 mnok, utskrivningsklare pasienter er redusert med - 0,2 mnok, kjøp av veterinæravakt er redusert med -0,5 mnok, - 0,1 mnok i reduksjon driftstilskot legetenesta, samt reduksjon i kjøp av tenester frå andre kommuner på - 0,3 mnok, og kjøp av tenester hjå private hjå kommuneoverlege aukar med 0,2 mnok. Driftstilskot til Hardangerbadet kjem inn med 0,9 mnok i auke, og kjøp av feietenester for hytter auker med 1,1 mnok. Sistnemnde er del av sjølvkost finansieringa.

LN15 – Overføringar redusert med 3,3 mnok.

Overføringar til staten er redusert med 3,4 mnok. Av dette er 2,9 mnok grunnrenteskatt, og 0,5 mnok overskotsskatt på sal av heimfallskraft. Mva kompensasjon aukar med 1,6 mnok, og overføringar til private reduserast med - 1,5 mnok. Bruk av kraftfond vedtatt i 2019 ligg her, samt løyving til strandrydding, tilskot mva komp sjusete og verna kulturminne.

LN16 – Avskrivningar er redusert med 3,4 mnok til 46,8 mnok.**LN17 – Fordelte utgifter** ikkje nytta.

Brutto driftsresultat er budsjettert med -16,4 mnok i framlegget, noko som er 4,6 mnok betre enn justert budsjett 2019.

Resultat av eksterne finansutgifter er budsjettert med eit underskot på 44,8 mnok, som er ei forverring på 6 mnok i høve justert budsjett 2019.

Renteinntekter og aksjeutbytte er redusert med 0,4 mnok. For å finansiera planlagte prosjekt i 2020 er det nødvendig med nytt låneopptak. Dette medfører auke i renteutgifter på 1,5 mnok og avdragsutgifter på 3,9 mnok. Auken i avdrag skyldes også innstrammingar i ny kommunelov i forhold til minimumsbetaling av årlege avdrag.

LN 31 Netto driftsresultat er budsjettert med eit underskot på 14,5 mnok, -4,7 mnok lågare enn justert budsjett for 2019.

Fondsdisponeringar

Det er budsjettert med 14,5 mnok meir i bruk av fond enn avsetning til fond. På bundne fond er det ein netto avsetning på 4 mnok. På disposisjonsfond er det budsjettert med bruk på 18,5 mnok og ingen avsetning.

6.1.1 Budsjettskjema 1A

Inntekter og fondsdisponeringar (i 1.000 kr)	(i Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
1. Skatt på inntekt og formue	-232 403	-224 815	-228 342	-9 707	-238 049	-238 049	-238 049	-238 049
2. Ordinært rammetilskot	-281 185	-298 433	-296 746	-8 605	-305 351	-305 035	-304 943	-304 847
3. Skatt på eigedom	-40 187	-39 000	-40 700	-1 178	-41 878	-41 878	-41 878	-41 878
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-4 244	-4 400	-4 400	0	-4 400	-4 400	-4 400	-4 400
5. Andre generelle statstilskot	-92 664	-69 550	-71 672	6 686	-64 986	-64 986	-64 986	-64 986
6. Sum frie disponible inntekter	-650 683	-636 198	-641 860	-12 804	-654 664	-654 348	-654 256	-654 160
7. Renteinntekter og utbytte	-19 456	-17 555	-21 485	430	-21 055	-21 055	-21 055	-21 055
8. Gevinst finansielle instrumenter	-420	-200	-200	0	-200	-200	-200	-200
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	20 472	22 910	22 910	1 475	24 385	24 385	24 385	24 385
10. Tap finansielle instrumenter	785	200	200	200	400	400	400	400
11. Avdrag lån	35 089	37 400	37 400	3 900	41 300	41 300	41 300	41 300
12. Netto finansinntekter / -utgifter	36 471	42 755	38 825	6 005	44 830	44 830	44 830	44 830
13. Til dekning av tidlegare underskot	1 262	0	0	0	0	0	0	0
14. Til ubundne avsetningar	31 006	0	10 341	-10 341	0	0	0	0
15. Til bundne avsetningar	15 471	20 152	20 917	3 338	24 255	24 255	24 255	24 255
16. Bruk av tidlegare overskot	0	0	-1 262	1 262	0	0	0	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	0	0	-1 262	1 262	0	0	0	0
18. Bruk av bundne avsetningar	-6 455	-29 970	-39 784	1 006	-38 778	-33 155	-34 138	-37 601
19. Netto avsetningar	41 284	-9 818	-9 788	-4 735	-14 523	-8 900	-9 883	-13 347
20. Overført til investeringsrekneskapet	17	2	2	-2	0	0	0	0
21. Til fordeling	-572 911	-603 259	-612 821	-11 536	-624 357	-618 418	-619 309	-622 677
22. Sum fordelt (skjema 1B)	572 910	603 259	612 821	11 536	624 357	618 418	619 309	622 677
23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)	-1	0	0	0	0	0	0	0

6.1.2 Budsjettskjema 1B

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	-58 508	-40 709	-65 035	-2 251	-67 286	-55 843	-58 216	-56 469
Styring og kontrollverksemd	4 560	5 652	5 702	-515	5 188	5 571	5 179	5 589
Administrasjon	39 010	41 018	42 594	6 201	48 795	43 587	43 725	43 891
Barnehagar	71 785	72 679	79 561	4 615	84 177	83 186	84 736	84 898
Grunnskuleopplæring	140 796	149 520	153 421	8 745	162 166	163 086	164 965	163 901
Kommunehelse	31 794	33 018	35 616	-1 450	34 166	33 859	34 011	34 172
Pleie og omsorg	209 633	206 084	211 439	7 375	218 814	216 342	216 578	217 888
Sosialeteneste	33 997	32 964	33 542	-1 311	32 231	31 961	32 035	32 114
Barnevern	17 710	20 489	21 227	-1 405	19 823	19 710	19 770	19 834
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-1 446	-15 805	-11 458	-1 188	-12 645	-12 797	-12 758	-12 716
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	12 156	14 202	14 988	-287	14 701	14 047	13 878	13 960
Kultur	22 787	28 391	29 652	-1 241	28 411	28 058	28 153	28 255
Kyrkja	5 723	5 863	5 863	165	6 028	6 028	6 028	6 028
Samferdsel	12 093	16 027	16 098	-2 937	13 161	13 160	12 686	12 714
Bustad	-2 139	-1 542	-261	-4 616	-4 877	-5 047	-5 021	-4 994
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	20 156	20 980	24 981	-969	24 012	23 700	23 706	23 713
Brann- og ulykkesvern	11 044	10 116	10 565	2 386	12 952	7 769	7 811	7 856
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 757	4 310	4 323	218	4 542	2 042	2 042	2 042
ALLE	572 910	603 259	612 821	11 536	624 357	618 418	619 309	622 677

6.2 Hovudoversikt – investering

	Regnskap 2018	Budsjett						
		2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
LN01 Sal av driftsmidler og fast eiendom	4 094	21 550	23 000	-17 900	5 100	1 100	1 100	1 100
LN02 Andre salgsinntekter	1 745	0	0	0	0	0	0	0
LN03 Overføringer med krav om motyting	2 798	0	0	0	0	0	0	0
LN04 Kompensasjon for meirverdiavgift	18 639	23 838	32 201	-9 023	23 178	23 266	1 991	1 991
LN05 Statlege overføringer	9 554	0	4 356	-4 356	0	0	0	0
LN06 Andre overføringer	7 900	6 300	64 300	-64 300	0	0	0	0
LN08 Sum inntekter M	44 731	51 688	123 857	-95 579	28 278	24 366	3 091	3 091
LN09 Lønsutgifter	2 402	3 533	4 053	-558	3 496	1 335	1 335	1 335
LN10 Sosiale utgifter	718	324	361	-1	360	204	204	204
LN11 Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	150 547	144 848	185 021	-42 778	142 242	103 626	11 826	11 826
LN12 Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	2 633	0	0	0	0	0	0	0
LN13 Overføringer	19 685	23 838	32 201	-9 023	23 178	23 266	1 991	1 991
LN14 Renteutgifter og omkostningar	232	0	0	0	0	0	0	0
LN16 Sum utgifter N	176 217	172 543	221 636	-52 360	169 276	128 431	15 356	15 356
LN17 Avdrag på lån	2 406	2 500	2 500	0	2 500	2 500	2 500	2 500
LN18 Utlån	3 590	10 000	10 000	0	10 000	10 000	10 000	10 000
LN19 Kjøp av aksjer og andelar	2 441	3 000	3 000	0	3 000	2 500	2 500	2 500
LN21 Avsatt til ubundne investeringsfond	7 625	20 000	19 000	-18 000	1 000	0	0	0
LN22 Avsatt til bundne investeringsfond	3 249	200	200	0	200	200	200	200
LN23 Sum finansieringstransaksjoner O	19 309	35 700	34 700	-18 000	16 700	15 200	15 200	15 200
LN24 Finansieringsbehov P=N+O-M	150 796	156 556	132 479	25 219	157 698	119 265	27 465	27 465
LN25 Bruk av lån	131 349	135 639	123 474	12 038	135 512	108 565	21 265	21 265
LN26 Sal av aksjer og andelar	162	0	0	0	0	0	0	0
LN27 Mottekne avdrag på utlån	5 679	2 200	2 200	0	2 200	2 200	2 200	2 200
LN28 Overført frå driftsrekneskap	17	200	200	0	200	200	200	200
LN31 Bruk av bundne driftsfond	86	1 590	1 174	4 496	5 670	0	0	0
LN32 Bruk av ubundne investeringsfond	13 029	6 951	5 132	6 788	11 920	8 000	3 500	3 500
LN33 Bruk av bundne investeringsfond	472	9 975	300	1 896	2 196	300	300	300
LN34 Sum finansiering Q	150 794	156 556	132 479	25 219	157 698	119 265	27 465	27 465
LN35 Udekket/udisponert R=P-Q	1	0	0	0	0	0	0	0

Kommentar til investeringsbudsjettet:

Det er få faste postar i investeringsbudsjettet. Det meste avheng av kva investeringsprosjekt som skal gjennomførast i dei ulike åra, og det er store svingingar frå år til år.

Investeringsinntektene (LN08) er på 28,3 mnok, -95,6 mnok lågare enn justert budsjett i 2019.

LN01 – Reduksjon på 17,9 mnok er sal av industriområde Sandvenhagen (18 mnok) og tomt Hardangerbadet (1,7 mnok) i 2019. Utbygging av Strandebarm Omsorg er budsjettert med 3 mnok i salsinntekter. Teknisk eining har budsjettert med sal av traktor og lastebil på 0,45 mnok i 2019 som ikkje er med i 2020. 0,75 mnok i kompensasjonsmidler tetsatdutvikling Ålvik er ikkje vidareført i 2020 då det gjaldt kjøp av eit hus i 2019.

LN02 – Det er ikkje budsjetttert med andre salsinntekter i 2020

LN03 – Det er ingen budsjetterte refusjonar i budsjett 2020.

LN04 – Kompensasjon for meirverdiavgift er knytt til mange ulike prosjekt. Beløpet er redusert med 9 mnok i forhold til justert budsjett 2019.

LN05 – Statlege overføringar er redusert med 4,35 mnok og gjeld ombygging av Tolomarka barnehage i 2019

LN06 – Ingen prosjekt med overføring frå fylket medfører ein reduksjon på 64,3 mnok.

Hardangerbadet, VA sanering, Trygge skuleveggar står for 42,8 mnok av overføringane, og dei siste 21,5 mnok er gåver i forbondelser med Hardangerbadet.

Investeringsutgiftene (LN16) er på 169,3 mnok, 52,3 mnok lågare enn justert budsjett for 2019. Det er fleire store prosjekt som er ferdige i 2019, men det er og ein del nye prosjekt som har kome til. Sjå vedlagt prosjektoversikt for detaljer oversikt.

LN09 og LN10 – Det er budsjetttert med 3,8 mnok av investeringsrammene til eigne tilsette til prosjektarbeid.

LN11 og LN12 – Det er budsjetttert med kjøp av tenester på totalt 142,2 mnok. Dette er 42,3 mnok mindre enn i 2019. Strandebarm Omsorg og Brannstasjon KVBR er dei to største prosjekta i 2020.

LN13 – Det er budsjetttert med 23,1 mnok i mva.kompensasjon (motpost til LN04).

Sum finanstransaksjonar (LN23) er på 16,7 mnok, 18 mnok lågare enn justert budsjettet for 2019.

LN17 – Det er budsjetttert med 2,5 mnok i avdrag på Husbanklån, likt som i 2019.

LN18 – Det er budsjetttert med eit utlån av Husbanklån på 10 mnok, likt som i 2018.

LN19 – Kjøp av aksjar er budsjetttert med 2,5 mnok til egenkapitalinnskot i KLP og 0,5 til Hardangertunell.

LN21 – Det er avsett 1 mnok til ubundne investeringsfond. Avsetninga er inntekter på sal av industriområde i Sandvenhagen.

LN22 – Avsetning til bundne fond på 0,2 mnok gjeld fondsrente.

Sum finansiering (LN34) er budsjetttert med 157,7 mnok, 25,2 mnok mindre enn justert budsjett for 2019.

LN25 – Det er budsjetttert med 125,5 mnok i bruk av lån til finansiering av ulike prosjekt og 10 mnok til Husbanklån.

LN26 – Det er ikkje budsjetttert med sal av aksjer i 2019.

LN27 – Det er lagt inn 2,2 mnok i avdrag på Husbanklån.

LN28 – Det er budsjetttert med 0,2 mnok frå driftsrekneskapen til stryking av bundne investeringsfond.

LN31 – Budsjetttert bruk av bundne driftsfond i 2019 er på 5,7 mnok. Prosjekta det gjeld er Dagsenter Strandebarm (0,6), veg Odland Lidarende(5) og Samlokalisering vgs (0,1).

LN32 – På ubundne investeringsfond er det budsjetttert bruk på 11,9 mnok. Fondsmidlane skal brukast på eigenkapital KLP (2,5), kjøp av eventuelle bustader(1,0), Hardangertunell (0,5), Utfylling i sjø – Øystese Sentrum (4,0), Veg Sandvenhagen/Sæland (3,9)

LN33 – Det er budsjetttert med 2,2 mnok i bruk av bundne investeringsfond til utbygging av Strandebarmheimen (1,0), Husbanklån (0,3) og Pumpestasjon Evjo i Øystese (0,9)

6.2.1 Budsjettskjema 2 A

SKJEMA 2A (i 1000 kr)	Budsjett							
	Regnskap 2018	Budsjett 2019 oppheveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
1. Investert anleggsmiddel	176 217	172 543	221 636	-52 360	169 276	128 431	15 356	15 356
2. Utlån og aksjar	3 590	10 000	10 000	0	10 000	10 000	10 000	10 000
3. Kjøp av aksjar og andelar	2 441	3 000	3 000	0	3 000	2 500	2 500	2 500
4. Avdrag på lån	2 406	2 500	2 500	0	2 500	2 500	2 500	2 500
5. Dekning av tidlegare års udekka								
6. Avsetningar	10 873	20 200	19 200	-18 000	1 200	200	200	200
7. Årets finansierungsbehov	195 526	208 243	256 336	-70 360	185 976	143 631	30 556	30 556
8. Finansierte slik:								
9. Bruk av lånemiddel	-131 349	-135 639	-123 474	-12 038	-135 512	-108 565	-21 265	-21 265
10. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-4 256	-21 550	-23 000	17 900	-5 100	-1 100	-1 100	-1 100
11. Tilskot til investeringar	-17 454	-6 300	-68 656	68 656	0	0	0	0
12. Kompensasjon for meirverdiavgift	-18 639	-23 838	-32 201	9 023	-23 178	-23 266	-1 991	-1 991
13. Mottekne avdrag på lån og refusjonar	-8 477	-2 200	-2 200	0	-2 200	-2 200	-2 200	-2 200
14. Andre inntekter	-1 747	0	0	0	0	0	0	0
15. Sum ekstern finansiering	-181 921	-189 527	-249 531	83 541	-165 990	-135 131	-26 556	-26 556
16. Overført frå driftsrekneskapet	-17	-200	-200	0	-200	-200	-200	-200
17. Bruk av tidlegare års udisponert								
18. Bruk av avsetningar	-13 587	-18 516	-6 605	-13 181	-19 786	-8 300	-3 800	-3 800
19. Sum finansiering	-13 605	-18 716	-6 805	-13 181	-19 986	-8 500	-4 000	-4 000
20. Udekka(+)/ udisponert(-)	0	0	0	0	0	0	0	0

6.2.2 Budsjettskjema 2B

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk tom 19	BUD 2020	Øk. Plan 2021	Øk. Plan 2022	Øk. Plan 2023	Rest på total ramme	Prosjektramma 2020
Nye Investeringsprosjekt		20	32 695	8 125	1 625	1 625	44 050	44 070
P20200	0* Kommunikasjonsløyising skule - foreldre	0	313	0	0	0	313	313
P60233	0* Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg	0	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000	4 000
P61200	0* Pumpestasjon Evjo i Øystese	19	3 500	0	0	0	3 481	3 500
P61201	0* VA-sanering norheim del III	1	15 000	0	0	0	14 999	15 000
P61202	0* Pumpestasjon og overføring frå Laupsa til Notan	0	0	4 000	0	0	4 000	4 000
P61203	0* Høgdebasseng Torpe	0	250	0	0	0	250	250
P61204	0* Movatnet pumpeledning	0	0	2 500	0	0	2 500	2 500
P61205	0* Tolo reinseanlegg - byte av sil	0	1 160	0	0	0	1 160	1 160
P61206	0* Kjøp av liten og stor hjullastar	0	2 500	0	0	0	2 500	2 500
P61207	0* Drikkevassledning Tolo - Straumbrua	0	2 150	0	0	0	2 150	2 150
P61209	0*/1* Rekkverk kommunale vegar	0	625	625	625	625	2 500	2 500
P61210	0* Varmepumpe Øystesehallen	0	938	0	0	0	938	938
P61211	0* Varmepumpe Strandebarm skule	0	625	0	0	0	625	625
P61212	0* Spyle og sugevogn ettdrift Tolomarka	0	1 385	0	0	0	1 385	1 385
P62202	0* Oppgradering av varmeanlegg ved Mikkjelsflate	0	750	0	0	0	750	750
P80200	0* Digitalisering eigedomsarkiv	0	2 500	0	0	0	2 500	2 500

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk tom 19	BUD 2020	Øk. Plan 2021	Øk. Plan 2022	Øk. Plan 2023	Rest på total ramme	Prosjektramma 2020
Investeringar utan prosjekt		95 030	17 325	17 325	17 325	17 325	-77 905	17 125
I17200	Eigenkapital KLP	8 974	2 500	2 500	2 500	2 500	-6 474	2 500
I19090	Andre investeringar	4 020	200	200	200	200	-4 020	0
I26500	Bustader	31 439	2 125	2 125	2 125	2 125	-29 314	2 125
I28300	Husbanklån	50 596	12 500	12 500	12 500	12 500	-38 096	12 500

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk tom 19	BUD 2020	Øk. Plan 2021	Øk. Plan 2022	Øk. Plan 2023	Rest på total ramme	Prosjektramma 2020
VA-Prosjekt		80 480	32 117	3 600	3 400	3 400	101 350	181 830
P60153	0* Ny vassleidning, Fosse	0	1 900	0	0	0	4 600	4 600
P60185	0* Oppgradering av VA-leidningskart	668	1 000	0	0	0	2 332	3 000
P60187	0* Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i	0	2 200	0	0	0	2 400	2 400
P60203	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2020	0	500	0	0	0	500	500
P60212	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2021	0	0	500	0	0	500	500
P60222	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2022	0	0	0	500	0	500	500
P60232	0* Fornyng teknisk utstyr VAR 2023	0	0	0	0	500	500	500
P61073	0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	0	1 468	0	0	0	2 000	2 000
P61091	0* Felles slamavskiljar Vikøy	0	1 300	0	0	0	1 500	1 500
P61111	0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	75 580	5 300	0	0	0	54 599	130 180
P61113	0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	872	500	0	0	0	3 628	4 500
P61118	0* Reserveforsyning vatn	70	1 700	0	0	0	1 931	2 000
P61159	0* VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret	534	750	0	0	0	1 466	2 000
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	258	4 313	0	0	0	4 742	5 000
P61185	0* Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	0	4 950	0	0	0	8 250	8 250
P61186	0* Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	697	600	600	600	600	1 703	2 400
P61187	0* Oppgradering av kummar i heradet - vatn	1 740	1 500	1 500	1 500	1 500	4 260	6 000
P61188	0* Oppgradering av reduksjonskummar	13	2 187	1 000	800	800	3 987	4 000
P61197	0* VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P61198	0* VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	47	950	0	0	0	953	1 000

Prosjekt	Prosjektnamn	Forbruk per okt 19	BUD 2020	øk. Plan 2021	øk. Plan 2022	øk. Plan 2023	Rest på total ramme	Prosjektramma Total
Aktive Investeringsprosjekt		120 720	106 308	115 050	8 675	8 675	297 678	418 398
P13201	0* IT-investeringar 2020	0	1 800	0	0	0	1 800	1 800
P13211	0* IT-investeringar 2021	0	0	1 800	0	0	1 800	1 800
P13221	0* IT-investeringar 2022	0	0	0	1 800	0	1 800	1 800
P13231	0* IT-investeringar 2023	0	0	0	0	1 800	1 800	1 800
P16152	0* Velferdsteknologi	1 991	2 500	1 250	1 250	1 250	5 609	7 600
P19141	0* Hardangerbadet	82 662	700	0	0	0	20 738	103 400
P37162	0* Dagsenter Strandebarm	179	750	0	0	0	821	1 000
P37163	0* Dagsenter Øystese	512	13	0	0	0	370	882
P60175	0* Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	758	100	0	0	0	162	920
P60180	0* Utfylling i sjø - Øystese sentrum	1 104	5 000	5 625	0	0	11 521	12 625
P60188	0* Tilfluktsrom/arkivrom	590	438	0	0	0	303	893
P60194	0* Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	9 821	2 250	0	0	0	35 179	45 000
P60201	0* Asfaltering 2020	0	1 875	0	0	0	1 875	1 875
P60202	0* Fornying teknisk utstyr 2020	0	625	0	0	0	625	625
P60210	0* Asfaltering 2021	0	0	1 875	0	0	1 875	1 875
P60211	0* Fornying teknisk utstyr 2021	0	0	625	0	0	625	625
P60220	0* Asfaltering 2022	0	0	0	1 875	0	1 875	1 875
P60221	0* Fornying teknisk utstyr 2022	0	0	0	625	0	625	625
P60223	0* Komp.midlar veg , Odland-Lidarende	0	6 250	0	0	0	6 250	6 250
P60230	0* Asfaltering 2023	0	0	0	0	1 875	1 875	1 875
P60231	0* Fornying teknisk utstyr 2023	0	0	0	0	625	625	625
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	701	10 650	0	0	0	11 046	11 748
P61151	0* Kryss Tolo - Buspareklubben	116	7 226	0	0	0	7 384	7 500
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	5 583	1 250	0	0	0	542	6 125
P61173	0* Rekkverk kommunale bruer	1 554	313	0	0	0	446	2 000
P61193	0* Utbygging av Strandebarm omsorgssenter	328	24 900	100 750	0	0	126 672	127 000
P61194	0* Rassikringstiltak	211	1 875	1 875	1 875	1 875	7 289	7 500
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	3 819	2 375	0	0	0	2 368	6 188
P62172	0* Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommu	293	950	0	0	0	1 332	1 625
P62182	0* Modulbustader til ROP	0	1 875	0	0	0	1 875	1 875
P62183	0* Ombygging av Tolomarka barnehage	7 359	100	0	0	0	1 347	8 706
P62201	0* Oppgradering bygg 2020	0	1 250	0	0	0	1 250	1 250
P62210	0* Oppgradering bygg 2021	0	0	1 250	0	0	1 250	1 250
P62220	0* Oppgradering bygg 2022	0	0	0	1 250	0	1 250	1 250
P62230	0* Oppgradering bygg 2023	0	0	0	0	1 250	1 250	1 250
P65170	0* Forprosjekt KVBR	145	5 060	0	0	0	5 230	5 375
P65180	0* Brannstasjon KVBR	0	23 125	0	0	0	23 125	23 125
P71091	1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	2 985	3 000	0	0	0	5 027	8 013
P71184	0* Kvam vgs-samlokaliasjon tenester	9	60	0	0	0	91	100

7 Framlegg til budsjettvedtak

Kvam heradsstyre vedtek følgjande rammer for budsjett for 2020:

1. Økonomiske rammer

- a. Budsjettet for er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela driftsramma på tenestoområda i budsjettskjema 1B. Investeringsbudsjettet vert fordelt per investeringsprosjekt i tråd med budsjettskjema 2B.
- b. Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i eiga sak, i samsvar med føresetnader i driftsbudsjettet.
- c. Rådmannen får fullmakt til å fordela lønspott og fellesutgifter på tenestoområda.
- d. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.
- e. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av 5 bustader på inntil 4 mill.kr. per stykk per år. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån.
- f. Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.
- g. Netto inntekter frå heimfalls- og konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett, skal setjast av i eit kraftfond (disposisjonsfond).

2. Finans- og gjeldsfullmakter

- a. Rådmannen får fullmakt til å oppretthalda trekkrett i kontosystemet til Kvam herad, i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning (HST-088/16), vedteke 27.09.2016. Trekkretten skal vera på inntil 40 mill.kr.
- b. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2020 er på 135,5 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2020.
- c. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 15,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).
- d. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.
- e. Det skal betalast 41,3 mill.kr i avdrag i 2020 på ordinære lån og 2,5 mill.kr i Husbanklån. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

3. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane som Stortinget fastset. Avsetnad til skattemargin skal vera på 10%.

4. Eigedomsskatt

- a. Eigedomsskatt vert utskrive i tråd med forskrift.

5. Sal av heimfalls- og konsesjonskraft

- a. Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft (106,7 GWh/år) og konsesjonskraft (60,9 GWh/år) i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden, i tråd med HST-010/16 – Strategi for sal av kraft

6. Møtegodtgjersla og andre politiske godtgjersler

- a. Møtegodtgjerlse vert utbetalt i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad».
- b. Godtgjersle til ordførar og varaordførar vert fastsett i tråd med HST-027/19, «Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad».

7. Busetjing av flyktningar

- a. Kvam herad skal ta i mot 14 flyktningar. Talet er inklusiv familiejenforening.

8 Vedleggoversikt

- Søknads- og tiltakslista
- Prosjektoversikt
- Fondsoversikt
- Kommunebarometer
- Budsjettdokument Kvammabadet KF